



Innkalling

Utval:	Kommunestyre
Møtestad:	Solund Grendahus
Dato:	26.03.2026
Tid:	Kl. 10:00

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå på telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til kommunestyret møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
012/26	Godkjenning av møteprotokoll	
013/26	Skriv og melding	
014/26	Sluttbehandling Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038	
015/26	Oppstart forprosjekt utedel av dagsenter ved Solund helsetun	
016/26	Revisjon av vedtekter for Solund fritidsfond	
017/26	Kartlegging av bustadbehov i Solund kommune	
018/26	Fritak politiske verv	

I tillegg kjem fylgjande orienteringar:

- Husbanken
- Status delmål 1 og 2 Bygdevekst

Solund kommune

20.03.2026

Gunn Åmdal Mongstad
-ordfører-



Saksframlegg

Arkiv: K1-033
ArkivsakID: 26/187
JournalpostID: 26/835
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 20.03.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
012/26	Kommunestyre	26.03.2026

Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre sin møteprotokoll frå 5. februar 2026 vert godkjent.

Vedlegg i saka:

06.02.2026 Møteprotokoll - Kommunestyre - 05.02.2026



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyre
Møtestad: Solund Grendahus
Dato: 05.02.2026
Tid: Kl. 09:00 - 10:00
Saksnr.: 001/26 – 011/26

Faste representantar som møtte:	Parti
Bjarne Leiv Ravnøy	H
Kenneth Sæbø	H
Signe Bjørøy	H
Øystein Olai Espeland	H
Anne Marie Gåsvær	SP
Gunn Åmdal Mongstad	SP
Nils Christian Bjørge	SP
Sara Tunestveit	SP
Øyvind Losnegard	SP
Endre Johan Bukkøy Natvik	SV

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP	David Færøy Gåsvær	AP
Sigve Lerpold	AP		
Erlend Lambrechts Trovåg	SP	Lasse Lund	SP
John Sigfred Hugøy	SP	Silje Alvheim Hop	SP
Per Daniel Losnegård	SP		

Ugild	Sak	Varamedlem	Merknad
Lasse Lund	005/26	,	
Bjarne Leiv Ravnøy	011/26	,	

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 30. januar 2026 og tilleggsinnkalling datert 4. februar 2026
Kunngjering:	Heimeside

Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen Leiar for Samfunn- og næringsutvikling Gudrun Kristin Fatland Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer (frå sak 005/26) Trainee Andrea Ramsrud Kjellvang
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista med tillegg av sak 011/26 vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Endre Johan Bukkøy Natvik og Nils Christian Bjørge vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	Endra saksframlegg til K-sak 004/26 var sendt ut i forkant av møtet.
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	<i>Kommunedirektøren orienterer om:</i> Det vart orientert om arbeidet med Bygdevekst i samband med handsaming av sak 003/26. Kommunedirektøren orienterte om aktuelle saker. Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen orienterte om <i>Ordførar orienterer om:</i> Ordførar har arbeidet mot Vestland fylkeskommune om utbetringane av ferjekaia på Losna. Framtidshavet ved Kenneth Bruvik orienterte om prosjektet Rydd Sognefjord.
Synfaring:	
Diverse:	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møteprotokoll
002/26	Skriv og melding
003/26	Behandling av overordna handlingsplan Bygdevekst 2026
004/26	Sluttbehandling Reguleringsplan Rørdalsfjord bru
005/26	Endring av NGIR sin selskapsavtale - sak til vedtak i eigarkommunane
006/26	Godkjenning Årsmelding 2025 Solund kontrollutval
007/26	Inngåing av partnerskaps- og driftsavtale mellom Solund kommune og NAV Vestland
008/26	Val av medlemmer til Solund ungdomsråd 2026-2027
009/26	Kjøp av aksjar Solund Næringsbygg AS
010/26	Vidareføring av Invest in Fjordane
011/26	Forskottsvis utbetaling

Underskrifter:

001/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre sin møteprotokoll frå 11. desember 2025 vert godkjent.

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 001/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre sin møteprotokoll frå 11. desember 2025 vert godkjent.

002/26: Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 002/26 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

003/26: Behandling av overordna handlingsplan Bygdevekst 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre vedtek vedlagde utkast til handlingsplan for 2026 i Bygdevekstavtalen.
2. Styringsgruppa i Bygdevekstprosjektet får fullmakt til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i teksten dersom handlingsplanen ikkje blir godkjent av KDD.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Framlegg frå ordførar Gunn Åmdal Mongstad:

Nytt punkt 3.

3. Formannskapet ynskjer oppdatering om status og framdrift i delmåla knytt til dei ordinære formannskapsmøta.

Votering:

Det vart røysta samla over framlegg frå ordførar og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Framlegg frå ordførar og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 004/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre vedtek vedlagde utkast til handlingsplan for 2026 i Bygdevekstavtalen.
2. Styringsgruppa i Bygdevekstprosjektet får fullmakt til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i teksten dersom handlingsplanen ikkje blir godkjent av KDD.
3. Formannskapet ynskjer oppdatering om status og framdrift i delmåla knytt til dei ordinære formannskapsmøta.

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Felles framlegg om endringsvedtak:

Endra punkt 3.

Kommunestyret ynskjer oppdatering om status og involvering i arbeid med delmåla knytt til dei ordinære kommunestyremøta.

Votering:

Det vart røysta samla over felles framlegg om endringsvedtak og formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Felles framlegg om endringsvedtak og formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 003/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre vedtek vedlagde utkast til handlingsplan for 2026 i Bygdevekstavtalen.
2. Styringsgruppa i Bygdevekstprosjektet får fullmakt til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i teksten dersom handlingsplanen ikkje blir godkjent av KDD.

3. Kommunestyret ynskjer oppdatering om status og involvering i arbeid med delmåla knytt til dei ordinære kommunestyremøta.

004/26: Sluttbehandling Reguleringsplan Rørdalsfjord bru

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4636_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19. Plankartet skal reviderast med vedtaksdato.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 005/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4636_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19. Plankartet skal reviderast med vedtaksdato.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Felles framlegg om vedtak:

"Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4636_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19, med følgjande endring: Føresegn 3.1.7 Kombinert formål for samferdsle og/ eller teknisk infrastrukturasear – o_SK endrast til:

1. Innanfor område o_SK skal det byggjast ei bru med føringsbreidde 6,5 m, i tillegg kjem sideareal til skulder og rekkverk
2. Brua skal ha eit seglingsløp på 9 meter x 3,6 meter.

Plankartet skal reviderast med vedtaksdato, og føresegnene skal reviderast i tråd med vedtaket.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12."

Votering:

Felles framlegg om vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 004/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4636_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegn og planomtale datert 2026.01.19, med følgjande endring: Føresegn 3.1.7 Kombinert formål for samferdsle og/ eller teknisk infrastrukturtear – o_SK endrast til:

1. Innanfor område o_SK skal det byggjast ei bru med føringsbreidde 6,5 m, i tillegg kjem sideareal til skulder og rekkverk
2. Brua skal ha eit seglingsløp på 9 meter x 3,6 meter.

Plankartet skal reviderast med vedtaksdato, og føresegnene skal reviderast i tråd med vedtaket.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12

005/26: Endring av NGIR sin selskapsavtale - sak til vedtak i eigarkommunane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner framlegget til revidert selskapsavtale for NGIR. Den reviderte selskapsavtalen skal gjelde frå NGIR sitt årsmøte i juni 2026. Vedtaket vert gjort med atterhald om at alle NGIR sine eigarkommunane gjer vedtak om dei same endringane i selskapsavtalen.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 010/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre godkjenner framlegget til revidert selskapsavtale for NGIR. Den reviderte selskapsavtalen skal gjelde frå NGIR sitt årsmøte i juni 2026. Vedtaket vert gjort med atterhald om at alle NGIR sine eigarkommunane gjer vedtak om dei same endringane i selskapsavtalen.

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Representanten Lasse Lund var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav e som styremedlem i NGIR og deltok ikkje i handsaming av saka.

Felles framlegg om tillegg:

Solund kommunestyret legg til grunn at ein har ein praksis med god informasjon til representantskapen og kommunane om styret sitt arbeid.

Votering:

Det var fyst røyste over felles framlegg om tillegg.

Det vart så røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak med vedteke framlegg om tillegg. Formannskapet sitt framlegg til vedtak med vedteke framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 005/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre godkjenner framlegget til revidert selskapsavtale for NGIR. Den reviderte selskapsavtalen skal gjelde frå NGIR sitt årsmøte i juni 2026. Vedtaket vert gjort med atterhald om at alle NGIR sine eigarkommunane gjer vedtak om dei same endringane i selskapsavtalen.

Solund kommunestyret legg til grunn at ein har ein praksis med god informasjon til representantskapen og kommunane om styret sitt arbeid.

006/26: Godkjenning Årsmelding 2025 Solund kontrollutval

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2025 vert teke til vitande.

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Votering:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 006/26 VEDTAK:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2025 vert teke til vitande.

007/26: Inngåing av partnerskaps- og driftsavtale mellom Solund kommune og NAV Vestland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune vedtek å,

- Gje kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre meiner det er avgjerande at innbyggjarane har tilgang til tenester frå NAV internt i eige kommune. Det er likevel viktig å ha tilgang til naudsynt kompetanse gjennom nettverk med andre NAV kontor i regionen.

Kommunestyret godkjenn framforhandla avtale mellom Solund kommune og NAV Vestland om fordeling av ressurs og leige av kontor gjeldande frå 1. januar 2026.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtale.

Avtalen skal reviderast årleg. Prinsipielle endringar skal handsamast av kommunestyret.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 003/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre meiner det er avgjerande at innbyggjarane har tilgang til tenester frå NAV internt i eigen kommune. Det er likevel viktig å ha tilgang til naudsynt kompetanse gjennom nettverk med andre NAV kontor i regionen.

Kommunestyret godkjenn framforhandla avtale mellom Solund kommune og NAV Vestland om fordeling av ressurs og leige av kontor gjeldande frå 1. januar 2026.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtale.

Avtalen skal reviderast årleg. Prinsipielle endringar skal handsamast av kommunestyret.

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 007/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre meiner det er avgjerande at innbyggjarane har tilgang til tenester frå NAV internt i eigen kommune. Det er likevel viktig å ha tilgang til naudsynt kompetanse gjennom nettverk med andre NAV kontor i regionen.

Kommunestyret godkjenn framforhandla avtale mellom Solund kommune og NAV Vestland om fordeling av ressurs og leige av kontor gjeldande frå 1. januar 2026.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtale.

Avtalen skal reviderast årleg. Prinsipielle endringar skal handsamast av kommunestyret.

008/26: Val av medlemmer til Solund ungdomsråd 2026-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel følgjande medlemmer og varamedlemmer til Solund ungdomsråd for perioden 2026-2027:

1. Pola Anna Lamert – 3. VGS
2. Truls Einen Osland – 2. VGS
3. Linus Sundal – 2. VGS
4. Ida Elisabeth Lending – 10. kl
5. Audun Magnus Pollen Villanger-Engdal 8. kl

Vara:

1. Aisha Isabella Joof – 9. kl
2. Adrian Trovåg Fimreite – 8. kl
3. Danylo Pikulov – 8. kl
4. Mark Smilianets – 8. kl

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 006/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vel følgjande medlemmer og varamedlemmer til Solund ungdomsråd for perioden 2026-2027:

1. Pola Anna Lamert – 3. VGS
2. Truls Einen Osland – 2. VGS
3. Linus Sundal – 2. VGS
4. Ida Elisabeth Lending – 10. kl
5. Audun Magnus Pollen Villanger-Engdal 8. kl

Vara:

1. Aisha Isabella Joof – 9. kl
2. Adrian Trovåg Fimreite – 8. kl
3. Danylo Pikulov – 8. kl
4. Mark Smilianets – 8. kl

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 008/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vel følgjande medlemmer og varamedlemmer til Solund ungdomsråd for perioden 2026-2027:

1. Pola Anna Lamert – 3. VGS
2. Truls Einen Osland – 2. VGS
3. Linus Sundal – 2. VGS
4. Ida Elisabeth Lending – 10. kl
5. Audun Magnus Pollen Villanger-Engdal 8. kl

Vara:

1. Aisha Isabella Joof – 9. kl
2. Adrian Trovåg Fimreite – 8. kl
3. Danylo Pikulov – 8. kl
4. Mark Smilianets – 8. kl

009/26: Kjøp av aksjar Solund Næringsbygg AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune kjøper ikkje fleire aksjar i Solund Næringsbygg AS før det eventuelt vert aktuelt å etablerer kommunehuset på Næringsbygget.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre stiller seg positiv til å kjøpe aksjane til Edel F. Bontveit for 10.000,-. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre kjøpet.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 011/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre stiller seg positiv til å kjøpe aksjane til Edel F. Bontveit for 10.000,-. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre kjøpet.

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Felles framlegg om endringsvedtak:

Endrar ordlyden “stiller seg positiv til” til “vedtek”.

Votering:

Det vart røysta samla over felles framlegg om endringsvedtak og formannskapet sitt framlegg til vedtak. Felles framlegg om endringsvedtak og formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 009/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek å kjøpe aksjane til Edel F. Bontveit for 10.000,-.
Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre kjøpet.

010/26: Vidareføring av Invest in Fjordane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Solund kommunestyre stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 007/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Solund kommunestyre stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 010/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Solund kommunestyre stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.

011/26: Forskottsvis utbetaling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å inngå avtale om forskottsvis utbetaling på 350.000,- mot at kjøpesummen ved overtaking vert 390.000,- lågare.

Handsaming i Kommunestyre 05.02.2026:

Representanten Bjarne Ravnøy var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav a som part i saka og deltok ikkje i handsaming av saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KOM- 011/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å inngå avtale om forskottsvis utbetaling på 350.000,- mot at kjøpesummen ved overtaking vert 390.000,- lågare.



Saksframlegg

Arkiv: K1-033
ArkivsakID: 26/187
JournalpostID: 26/836
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 20.03.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
013/26	Kommunestyre	26.03.2026

Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

Saksnummer	Tittel
1	Godkjenning av forsøk vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå
2	Kundeutbytte og sparebankmodellen
3	Møtebok frå rådsmøte 31.10.2025
4	Møtebok frå Solund kontrollutval 17.03.2026
5	Notat om lærlingar i sektor for oppvekst og kultur
6	Partnerskapet i Nav – nasjonale mål og hovedprioriteringer for de sosiale tjenester i Arbeids- og velferdsforvaltningen i 2026
7	Referat frå møte mellom statsforvaltar og ordførarane rundt Sognefjorden om marint vern november 2025
8	Representantskapsmøte i Kommunearchivordninga i Vestland 24.10.2025

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref
25/2109-8

Dato
25. februar 2026

Godkjenning av forsøk om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) viser til endeleg søknad motteke den 18. februar 2026 frå Vestland fylkeskommune og 18 deltakarkommunar: Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Stad, Sogndal, Solund, Sunnfjord, Stryn, Vik og Årdal, om forsøk om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå, dvs. mellom kommunar og fylkeskommunar.

KDD har vurdert og godkjent søknaden. Lokal forskrift om *Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet* vil verte kunngjort i Norsk Lovtidend med ikraftsetjing straks. Fylkeskommunen og kommunane kan då setje i gang med forsøket. Forsøket skal seinast avsluttast fire år etter at samarbeidet er sett i kraft.

KDD skal sørge for at forsøket blir evaluert. Vi ønskjer dykk lykke til med forsøket.

Med helsing

Ragnhild Spigseth (e.f.)
avdelingsdirektør

Helena Baugstø
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Adresseliste

Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Hyllestad kommunehus	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensens veg 4	6885	ÅRDALSTANGEN

Kundeutbytte og sparebankmodellen – kort notat frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Vi har i møte med regionråda lagt fram vårt syn på kundeutbyttesaka. Hovudpoenget vårt er at dette er ei prinsipiell problemstilling med fleire sider, og at saka derfor fortener ein open og sakleg diskusjon.

1. Vi er ikkje mot kundeutbytte-program, men prinsipielt mot dagens ordning – fordi den er svak

Vi har forståing for at bankar med kundeutbytte ønskjer å behalde ordninga. Samtidig meiner vi at dagens modell har klare svakheiter. Kundeutbytte blir i dag teke frå samfunnskapitalen/grunnfondet. Ordninga er konkurransevidande fordi ikkje alle sparebankar kan bruke den. Ho gir også skattemessige fordelar til bankane som betaler kundeutbytte, fordelar som ikkje gjeld når overskot blir delt ut til samfunnsformål.

2. SpareBank 1 Sogn og Fjordane kan ikkje innføre kundeutbytte i dag

Dette handlar ikkje om vilje, men om kapitalstruktur og regelverk. Ein stor del av samfunnskapitalen vår er overført til eigarstiftingane. Banken har derfor ikkje høve til å etablere kundeutbytte etter dagens reglar. Banken har arbeidd for å få endra dette sidan 2017, men fekk avslag frå Finansdepartementet i 2024. Det er derfor misvisande å framstille dette som eit enkelt val banken berre kan ta.

3. Politikarane må sjå dei langsiktige konsekvensane

Midlane til kundeutbytte og samfunnstildelingar kjem frå den same overskotspotten. Går meir til kundeutbytte, blir det over tid mindre att til frivillig sektor og andre allmennyttige formål. Bekymringa vår gjeld derfor den langsiktige effekten for frivillig sektor og lokalsamfunn dersom fleire milliardar kroner årleg blir flytta frå samfunnsformål til kundeutbytte.

Dette har vi spelt inn til Finansdepartementet i tre ulike høyringsuttalar:

Dagens ordning bør vurderast på nytt. Dersom ordninga blir vidareført, må alle sparebankar få same moglegheit til å bruke kundeutbytte. Vi har også peika på at kundeutbytte frå sparebankstiftingar bør vurderast, at SSF bør få moglegheit til å endre sin kapitalstruktur, og at rask avklaring er viktig for å unngå vidare konkurransevriding. Vi har også peika på at lovgivar bør vurdere avgrensingar i kundeutbytte for å motverke at kundeutbytte fortrenger allmennyttige gåver.

For SpareBank 1 Sogn og Fjordane handlar dette også om lokal verdiskaping. Banken og eigarstiftingane våre gav i 2025 til saman 201 millionar kroner tilbake til kultur, idrett, næringsutvikling og andre gode tiltak i Sogn og Fjordane. Vi har om lag 50 prosent marknadsdel i personmarknaden i regionen, 300 arbeidsplassar fordelt på 13 kontor og er den viktigaste finansieringskjelda for næringslivet i fylket.

Vi meiner debatten om kundeutbytte tener på openheit, saklegheit og respekt for at det finst fleire måtar å vere sparebank på.

Førde, mars 2026



Møtebok

Utval: Fjordane interkommunalt politisk råd
Møtestad: Høyanger
Dato: 31.10.2025
Tid: Kl. 10:00 - 16:00

Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde
Arnar Kvernevik
Gunn Åmdal Mongstad
Jenny Følling
Kjell Eide
Leif Jarle Espedal
Ole André Klausen
Per Kjøllesdal
Petter Sortland

Parti

Forfall

Bengt Solheim-Olsen
Judith Margrete Kvåle

Parti

AP

Varamedlem

Frank Willy Djuvik
Gunn Karin Sande

Parti

SP

Møteleiar: Jenny Følling

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/040	Godkjenning av innkalling og saksliste
25/041	Godkjenning av møteprotokoll
25/042	Referatsaker
25/043	Orienteringssaker 31.10.25
25/044	Orienteringssaker frå leiar 31.10.25
25/045	Orienteringssaker frå leiar av kommunedirektørnettverket 31.10.25
25/046	Undersøking og evaluering prøveperiode
25/047	Fjordane interkommunalt politisk råd - møteplan 2026
25/048	Fjordane interkommunalt politisk råd- Budsjett 2026
25/049	Deltaking i Grønt landtransportprogram - observasjonsstatus
25/050	Høyringssvar - utgreiing av det regionale flyrutetilbodet
25/051	Drøfting - vidareføring av invest in Fjordane



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/37906
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 27.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/040	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Godkjenning av innkalling og saksliste

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/040 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/35918
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 07.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/041	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Godkjenning av møteprotokoll

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

11.09.2025	Protokoll - Fjordane interkommunalt politisk råd - 10.09.2025	1789681
------------	--	---------

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:**Handsaming:****FIPR- 25/041 Vedtak:**Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/37907
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 27.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/042	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Referatsaker

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende saker:

- 1, E39 Storehaugen-Førde må startast opp no
- 2, Region Fjordane ber Statsråden sikre finansiering til helseforetaka
- 3, Region Fjordane ber om at Stad skipstunnel blir fulgt opp

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:**Handsaming:****FIPR- 25/042 Vedtak:****Leiar si tilråding:**

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Sekreteriatet og leiar får fullmakt til å følgje opp saker som er knytt til uttalene som regionrådet har vedteke.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/35919
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 07.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/043	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Orienteringssaker 31.10.25

1. Dialogmøte med stortingsrepresentantane om saker som er viktige for Region Fjordane.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Regionrådet tek orienteringssakene til vitande.

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:**Handsaming:****FIPR- 25/043 Vedtak:****Leiar sitt framlegg til vedtak:**

Regionrådet tek orienteringssakene til vitande.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/35926
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 07.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/044	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Orienteringssaker frå leiar 31.10.25

1. Høyring om forslag til forbod om nedbygging av myr.
2. Rådsmøte 3. desember – endre frå digitalt til fysisk møte

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande.

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:**Handsaming:****FIPR- 25/044 Vedtak:****Leiar sitt framlegg til vedtak:**

Rådet tek orienteringane til vitande med desse merknadane.

1. Regionrådet sender ei fråsegn til høyringa om forbod mot nedbygging av myr innan fristen 1. november.
2. Møtet den 3. desember vert endra frå digitalt til fysisk møte i Førde kl. 10.30-15.00



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/35925
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 07.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/045	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Orienteringssaker frå leiar av kommunedirektørnettverket 31.10.25

Bakgrunn for saka:

Førebels ingen innmelde saker

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande.

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/045 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/35929
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
 Hatlenes
Dato: 07.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/046	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Undersøking og evaluering prøveperiode

Bakgrunn for saka:

Evaluering og vidareføring av Fjordane interkommunalt politisk råd (FIPR)

I rådsmøtet den 10. september 2025 drøfta Fjordane interkommunalt politisk råd (FIPR) ei evaluering av rådet etter tre års prøveperiode. Rådet slutta seg til at evalueringa skulle danne grunnlag for vidare arbeid med framtidig organisering og innretning av samarbeidet.

Denne saka er ei oppfølging av evalueringa og vert no lagt fram for regionrådet til vidare drøfting og konklusjon. Dersom regionrådet ønskjer å halde fram med eit interkommunalt politisk råd, med dei føresetnadene og endringane som kjem fram i evalueringa, vert saka sendt vidare til dei 11 medlemskommunane for formell handsaming og omdanning frå prøveperiode til fast samarbeid.

Samtidig vert det lagt fram eit framlegg til ny samarbeidsavtale som tek omsyn til dei justeringane ein ønskjer å gjennomføre i organisering og innretning av rådet. Saka er ikkje drøfta i arbeidsutval og kommunedirektørutval.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet tek evalueringa til vitande.
2. Rådet konkluderer at samarbeidet skal vidareførast som fast ordning etter prøveperioden.
3. Rådet drøftar den reviderte samarbeidsavtalen og den vert justert i tråd med drøftingane
4. Rådet tilrår at saka vert sendt til dei 11 medlemskommunane for formell handsaming og godkjenning.
5. Når alle medlemskommunane har fatta vedtak, vert rådet formelt omdanna frå prøveperiode til fast interkommunalt politisk råd i samsvar med ny samarbeidsavtale.

Vedlegg i saka:

27.10.2025 Redigert samarbeidsavtale 22. oktober 2025 1797687

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:

Handsaming:

Drøfting:

- Arbeidsuttvalet si oppgåve er å legge til rette og bidra saker til regionrådet.
- Forslag om at AU er 3 stk som representerer dei 3 tidlegare regionråda.
- Ser behov for å auke sekretariatsressursane

FIPR- 25/046 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet tek evalueringa til vitande.
2. Rådet konkluderer at samarbeidet skal vidareførast som fast ordning etter prøveperioden.
3. Rådet drøftar den reviderte samarbeidsavtalen og den vert justert i tråd med drøftingane
4. Rådet tilrår at saka vert sendt til dei 11 medlemskommunane for formell handsaming og godkjenning.
5. Når alle medlemskommunane har fatta vedtak, vert rådet formelt omdanna frå prøveperiode til fast interkommunalt politisk råd i samsvar med ny samarbeidsavtale.

Saksopplysningar:

Kort historikk: Fjordane interkommunalt politisk råd (FIPR) vart etablert i 2021 som eit treårig prøveprosjekt etter vedtak i medlemskommunane. Målet var å samle kommunane i Fjordane i eit felles politisk organ med større tyngde og strategisk påverknadskraft i Vestland fylke og nasjonalt.

Før etableringa av FIPR hadde kommunane tre regionråd etter den tidlegare kommunelova § 27: Nordfjordrådet, HAFS regionråd og SIS regionråd. Desse fungerte både som politiske samarbeidsorgan og som arenaer for tenestesamarbeid og felles prosjekt. SIS-rådet vart lagt ned då fire av fem medlemskommunar slo seg saman til éi kommune. Både HAFS og Nordfjordrådet hadde velfungerande samarbeid og fekk gjennomført mange felles utviklingsprosjekt.

I det nye regionrådet, Fjordane IPR, er hovudfokuset politisk samarbeid og strategiske spørsmål. Eventuelle framtidige tenestesamarbeid må organiserast i andre former enn gjennom det interkommunale politiske rådet, i tråd med kommunelova.

Rådet vart konstituert i mars 2022 og har vore i ordinær drift frå 1. januar 2023. Høyanger kommune kom med som medlem frå 2023, slik at rådet i dag omfattar 11 kommunar. Stad kommune er vertskommune for samarbeidet.

Samarbeidsavtalen legg til grunn rammer og føremål for samarbeidet i Fjordane IPR. Avtalen vart vedteken i mars 2022, og etter at Høyanger kommune vart medlem, vart det gjort mindre justeringar i mars 2024. Til denne saka ligg eit utkast til ny samarbeidsavtale som det er naturleg at rådet drøftar innhaldet i. Avtalen bør vere klar før saka blir sendt ut til handsaming i kommunane. I punktet som gjeld kommunedirektørane bør ein vurdere å gje dei mynde til å gjere naudsynte justeringar, slik at avtaleteksten blir i tråd med prosess og drøftingar som følgjer av evalueringa

I rådsmøtet 10. september 2025 drøfta rådet ei samla evaluering av prøveperioden, og slutta seg til at resultatet skulle danne grunnlag for vidare arbeid med framtidig organisering og ny samarbeidsavtale.

Resultat av evalueringsundersøkinga

Etter tre års drift har regionrådet gjennomført ei evaluering for å vurdere korleis Fjordane IPR har fungert som politisk samarbeidsarena og strategisk aktør. Evalueringa tek utgangspunkt i samarbeidsavtalen, og vurderer i kva grad rådet har oppfylt intensjonen med etableringa og korleis samarbeidsforma har fungert i praksis. Arbeidet byggjer på drøftingar i arbeidsutvalet og kommunedirektørnettverket, samt ei skriftleg undersøking sendt til medlemskommunane hausten 2025.

Nedanfor følgjer eit samandrag av resultatane frå evalueringa. Der ein har delt evalueringa inn i

- Samarbeidsavtalen- formål og saker
- Samarbeidsavtalen – organisering av samarbeidet
- Samarbeidsavtalen- årskonferansen
- Vurdering og vegen vidare

1. Samarbeidsavtalen - formål og saker

Evalueringa viser at Fjordane IPR i stor grad har oppfylt formålet slik det er formulert i samarbeidsavtalen. Rådet har etablert seg som ein tydeleg politisk samarbeidsarena, og vert oppfatta som ein samla stemme for kommunane i Fjordane. Kommunane meiner at rådet fungerer godt som talerøyr og pådrivar i regionale og nasjonale spørsmål, og at felles høyringsuttalar og samordna politiske initiativ har gitt større gjennomslag.

Samstundes viser undersøkinga at kommunane ønskjer å vidareutvikle samarbeidet. Framover bør FIPR prioritere arbeid med saker som har tydeleg felles nytteverdi for kommunane. Dette gjeld særleg område som samferdsel, rekruttering, bustad- og arealpolitikk, kompetanse og næringsutvikling. Desse tema heng tett saman med utfordringar knytt til folketalsutvikling, tilgang på arbeidskraft og behovet for berekraftige lokalsamfunn i regionen.

Fleire peikar òg på at rådet bør halde fram med å konsentrere seg om større statlege og fylkeskommunale spørsmål, der kommunane i fellesskap kan påverke rammevilkåra for regional utvikling. Samtidig blir det peikt på at dersom ein skal lukkast med å utvide arbeidsområdet, må ein òg sjå på ressursgrunnlaget og eventuelt samarbeide tettare med aktørar.

Samla viser resultatane at FIPR har funne si rolle som politisk talerøyr, men at det er ønske om eit sterkare strategisk fokus på samferdsel, rekruttering og arealpolitikk, i tillegg til vidareføring av arbeidet med kraft.

2. Samarbeidsavtalen - organisering av samarbeidet

Evalueringa viser at Fjordane interkommunalt politisk råd (FIPR) i hovudsak har etablert ein velfungerande organisasjonsstruktur, men med fleire punkt der ein bør gjere justeringar for å styrke samspel, forankring og kapasitet.

Rådsstruktur og representasjon

Det er brei semje om at ordninga med lik samansetjing i representantskap og råd fungerer godt. 92 prosent meiner dette er ei god løysing, og ordninga sikrar både oversiktleg struktur og likeverdig representasjon mellom kommunane. Rådet vert opplevd som eit tydeleg politisk samarbeidsorgan, og leiarmodellen med toårig funksjonstid får klar støtte frå medlemmane

Arbeidsutvalet

Evalueringa viser delte oppfatningar av arbeidsutvalet si rolle og samansetjing. 58 prosent meiner

dagens ordning ikkje fungerer tilfredsstillande. Arbeidsutvalet vert oppfatta som eit nyttig og nødvendig organ for framdrift og koordinering, men fleire peikar på at det kan skape avstand til dei kommunane som ikkje er representerte.

Når berre fem av elleve kommunar deltek, opplever somme at dei står utanfor prosessane fram mot rådsmøta. Fleire meiner difor at arbeidsutvalet bør gjerast mindre, til dømes bestå av leiar og nestleiar saman med sekretariatet, eller ein mindre rotasjonsbasert gruppe, for å redusere avstanden og sikre betre eigarskap til sakene. Andre foreslår geografisk rotasjon eller rullering for å få breiare deltaking over tid.

Det vert òg peika på behov for ei tydelegare arbeidsform med årshjul, plan for sakshandsaming mellom møta og klar rollefordeling mot sekretariatet og kommunedirektørutvalet. Eit meir strategisk fokus i møta, og færre, men meir prioriterte tema, vert trekt fram som eit viktig forbettringspunkt

Kommunedirektørutvalet

Kommunedirektørutvalet spelar ei viktig rolle i å sikre fagleg kvalitet i sakene som kjem til rådsmøta, men evalueringa viser eit behov for tydelegare rolleavklaring. Om lag halvparten meiner ordninga fungerer godt, medan resten meiner ho fungerer dårleg eller berre delvis.

Det vert peika på at saksførebuinga i dag er for sterkt administrativt prega, og at sakene bør utviklast i tettare samspel med arbeidsutvalet og politisk leiing. Fleire meiner òg at sekretariatet i praksis står for mykje av saksførebuinga, og at rolla mellom desse tre aktørane – arbeidsutval, kommunedirektørutval og sekretariat – bør klargjerast.

I evalueringa var ein del av undersøkinga knytt til kommunedirektørane si tilbakemelding knytt til kommunedirektørutvalet. Den viser tydeleg at kommunedirektørutvalet i dagens form ikkje fungerer etter intensjonen. Alle kommunedirektørane peikar på at ordninga i praksis fungerer dårleg, sjølv om dei ser verdien av eit slikt forum.

Hovudpunkt frå svara:

- Mandatet er for uklart, og det manglar felles forståing for kva saker som skal handsamast i utvalet, og kva rolle utvalet faktisk har.
- Utvalet blir ikkje opplevd som godt integrert i det politiske arbeidet, og fleire meiner at samhandlinga mellom politikk, administrasjon og sekretariat må styrkast.
- Det blir uttrykt behov for strategisk retning og betre struktur, slik at utvalet kan bidra til felles innsats i spørsmål som har regional verdi.

Samstundes ser kommunedirektørane potensial for at eit slikt forum kan vere nyttig for erfaringsdeling, læring og koordinering mellom kommunane – dersom organiseringa og føremålet blir tydelegare.

Kommunedirektørutvalet bør vidareførast, men med eit revidert mandat og justert struktur. Utvalet må finne ei form som legg til rette for å nå formålet med organisering og samaheng. I tillegg må ein sjå dette i samheng med dei etablerte fagnettverka og kva for funksjon og samheng det skal ha. Dette må kommunedirektørar følgje opp i sine møter.

Sekretariatet

Sekretariatet får dei klart mest positive vurderingane i evalueringa. 83 prosent meiner arbeidet fungerer svært godt, og dei resterande 17 prosent meiner det fungerer godt. Rolla vert opplevd som profesjonell, effektiv og samlande for regionrådet.

Likevel meiner eit fleirtal av respondentane at stillinga på 50 prosent ikkje står i forhold til oppgåvemengda, og fleire foreslår å auke ressursen til 100 prosent stilling. Ei slik utviding vert sett på som nødvendig dersom ein ønskjer å vidareutvikle rådet og følgje opp dei strategiske og politiske initiativa på ein meir systematisk måte.

Oppsummering av tilbakemeldingane om organisering

Evalueringa viser at Fjordane IPR har fått på plass ein struktur som i hovudsak fungerer godt, men der det er rom for forbedring. Rådet vert oppfatta som samlande og tydeleg, og sekretariatet får svært gode vurderingar. Samtidig etterlyser fleire tydelegare roller og betre samspel mellom dei ulike organa:

- Arbeidsutvalet bør bli meir strategisk, gjerne mindre i omfang, for å sikre breiare forankring og færre som står utanfor.
- Kommunedirektørutvalet har styrke fagleg, men må samhandle tettare med politikk og sekretariat for å sikre politisk eigarskap til sakene.
- Sekretariatet fungerer svært godt, men fleire meiner ressursen bør aukast for å møte aktivitetsnivået.

Samla sett er organiseringa velfungerande, men med potensial for justeringar som kan styrke både effektivitet, eigarskap og samhandling i åra framover.

3. Samarbeidsavtalen - årskonferansen

Evalueringa viser at årskonferansen vert oppfatta som ein svært viktig og vellukka del av samarbeidet i Fjordane IPR. Over 90 prosent meiner at konferansen har fungert godt eller svært godt, og at ho har bidrege til å styrke samhaldet mellom kommunane og forankringa av det regionale samarbeidet.

Formen med «lunsj til lunsj» får brei støtte, men nokre foreslår at ein i enkelte år kan veksle med éin dags konferanse. Det vert òg peikt på at konferansen bør vidareutviklast for å gi endå meir politisk og strategisk verdi – til dømes ved å:

- konsentrere seg om nokre få, viktige tema som gir føringar for vidare arbeid,
- sikre betre oppfølging av diskusjonane inn i rådsmøta,
- legge til rette for meir aktive og involverande arbeidsformer.

Fleire framhevar at konferansen har skapt ei felles forståing og stoltheit over samarbeidet, og bør vidareførast som ein sentral arena for politisk dialog og felles retning i regionen.

Vurdering

Evalueringa viser at Fjordane interkommunalt politisk råd har etablert ein velfungerande struktur som gir eit solid fundament for politisk samarbeid i regionen. Kommunane står samla om at rådet bør haldast fram — 100 % av respondentane støttar vidareføring. Evalueringa stadfestar at rådet har kome godt i gang med å vere ein samlande og tydeleg aktør.

Samtidig peikar fleire innspel på eit uforløyst potensial — særleg når det gjeld å definere ein klarare politisk rolle og utnytte rådet som aktiv interesseaktør mot fylkeskommunen og staten. Det er naudsynt å ruste seg for framtida gjennom å styrkje arbeidsform, rolleavklaring og ressursbruk:

- Arbeidsutvalet bør ha eit endå sterkare strategisk fokus, med breiare eigarskap slik at fleire kommunar blir aktivt involverte.
- Sekretariatet har vist seg som ein viktig og effektiv støttespelar — men for å møte nye ambisjonar og vidare utvikling bør kapasiteten vurderast å auke opp.

Ei slik evaluering viser at vi er på rett kurs, men at vi òg må vere dynamiske — justere det som ikkje fungerer og vidareutvikle samarbeidet i tråd med tida vi lever i. Målet må vere å bygge eit samarbeid som er effektivt, relevant og lønsamt for kommunane, for regionen og for innbyggjarane.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/36944
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 20.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/047	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Fjordane interkommunalt politisk råd - møteplan 2026**Bakgrunn for saka:**

Regionrådet skal vedta ein møteplan for Fjordane interkommunalt politisk råd som gjeld for 2026.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet vedtek møteplanen slik den er lagt fram.

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:**Handsaming:****Innspel:**

Nokre møtekollisjonar. Formannskapskonferansen vert endra til ein dagskonferanse den 4. mars.

FIPR- 25/047 Vedtak:**Leiar sitt framlegg til vedtak:**

1. Rådet vedtek at møteplanen vert lagt fram på nytt i neste møte.

Saksopplysningar:

Saka er sendt ut til arbeidsutvalet for innspel og datoane og tek omsyn til fylkeskommunen sine politiske møter. I årshjulet er det lagt opp til åtte rådsmøte og ein formannskapskonferanse. Hovudsakleg legg ein møta til Førde eller digitalt, i tillegg vert det lagt til rette for ei samling for å gjere seg kjend med ei kommune. I 2024 var denne samlinga i Solund og 2025 i Høyanger. I 2026 er det forslag om Stad kommune.

I 2026 er det lagt opp til to ekstra møter, dette for å imøtekomme nokre av tilbakemeldingane. Det

er ikkje eit mål i seg sjølv å gjennomføre flest mogleg rådsmøte, dersom ein ikkje har saker eller har saker som kan vente vil det vere naturleg av å avlyse nokre av møta.

Rådsmøta har fram til no hatt ein del orienteringar som tek mykje av tida, desse orienteringane kan vi løyse gjennom å arrangere digitale miniseminar slik at ein kan nytte rådsmøta til meir strategisk arbeid, jamfør tilbakemeldingar frå evalueringsundersøkinga.

I forkant av rådsmøta er det lagt opp til møte både i kommunedirektørnettverk og arbeidsutval som grunnlag for utarbeiding av sakene som skal til rådsmøte. Desse møtepunktene er ikkje lagt inn som ein del av saksgrunnlaget. Dei vil organisere sine møter slik ein ønskjer det.

Forslag til møteplan i 2026

- Rådsmøte 1: 6. februar (Førde/digitalt)
- Formannskapskonferansen: 3.-4. mars
- Rådsmøte 2: 8. april (Førde)
- Rådsmøte 3: 8. mai (digitalt)
- Rådsmøte 4: 23. juni (Førde)
- Rådsmøte 5: 31. august (digitalt)
- Rådsmøte 6: 15.-16. okt (Stad kommune)
- Rådsmøte 7: 20. nov (digitalt)
- Rådsmøte 8: 11. des (Førde)



Arkiv: FE-10
 JournalpostID: 25/35927
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
 Hatlenes
 Dato: 07.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/048	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Fjordane interkommunalt politisk råd- Budsjet 2026

Bakgrunn for saka:

Budsjett for 2026 skal vedtakast som representantskapssak og vert lagt fram etter at det er drøfta i arbeidsutvalet, kommunedirektørutvalet og sak i rådsmøte. Representantskapet gjorde i budsjettsak 25/007 framlegg om at ein rår til å auke det kommunale bidrag til 100.000 kr pr kommune.

I framlagt sak rår ein rådsmøtet om å avvente auke.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet vedtek budsjettet for 2026 slik det er lagt fram.

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/048 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet vedtek budsjettet for 2026 slik det er lagt fram.

Saksopplysningar:

Budsjett for 2026 er eit forenkla budsjett som tek omsyn til aktivitetane som ein planlegg i 2026. Den totale budsjetttramma er lågare i 2026 med om lag 500.000 som er knytt til stillingsprosent. I staden for å auke opp stillingsressursen held ein fram med 50% i 2026.

Det er tidleg å sei korleis resultatet for rekneskapsåret 2025 vil ende. I tabellen nedanfor vert det lagt fram ei oversikt over utgifter og inntekter som ligg til Region Fjordane. Budsjettet for 2025 planla ein å bruke 345.000 kr av fondskonto for å finansiere ei 100 % stilling. Slik det går fram i rekneskapen vil det vere eit overskot på om lag 580.000 kr som førast til disposisjonsfondet.

Det frie disposisjonsfondet 6170 til Fjordane IPR har i dag 529.000 kr disponibelt og ved årsslutt overført overskotet til denne kontoen. I 2024 opparbeidde regionrådet ein buffer knytt til overføringar frå kystrådet og tidlegare overskot. Den frie fondskontoen vil vere godt over 1.000.000 ved årsskifte.

I tillegg er det avsett prosjektskjønnsmidlar som er knytt til to prosjekt som regionrådet har fått av statsforvaltar. Dette gjeld prosjektsøknad om Reiseliv 250.000 kr og forstudie brann og redning 500.000 kr.

Fondsmidlar pr. okt 2025	Sum
Fondskonto 6170	529.324
Prosjektmidlar frå Statsforvaltar	700.000

Under viser ei førebels oversikt, merk at lønsutgifter er lagt inn for heile året. Det er særleg ein post som har auka som er knytt til profilering og utforming av heimeside. I samband med formannskapskonferansen vart det søkt om OU-midlar som vi fekk innvilga frå KS.

Budsjettpostar	2025	2025	2025	2025	2026	2026
	<u>utgifter</u>	<u>inntekter</u>	<u>utgifter</u>	<u>inntekter</u>	<u>utgifter</u>	<u>inntekter</u>
Rekneskap pr. okt 2025						
50 % inkl. alle utgifter					500000	
100% inkl. alle utgifter	1000000		500000			
Kurs/reise			14866		20000	
Driftsavtale vertskommune	75000		78072		80000	
Møteverksemd	150000		18633		50000	
Arendalsveka	200000		182214		200000	
Formannskapskonferansen	100000		136437		150000	
Kjøp av tenester					180000	
Profil og heimeside	50000		89508		50000	
Kommunalt bidrag (50.000 pr kommune)		550000		550000		550000
Vestland fylkeskommune		600000		600000		600000
Kompetanseforum		80000		80000		80000
Ou-midlar (fsk-konf)				25352		0
Frå fondskonto		345000		345000		0
	1575000	1575000	1019730	1600352	1230000	1230000

Vurdering:

Den økonomiske situasjonen i regionrådet er god og drifta er i tråd med det som er vedteke. Fondsoppstillingane frå tidlegare overskot gjev rom for satsingar dersom ein ønskjer det.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/35915
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
 Hatlenes
Dato: 07.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/049	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Deltaking i Grønt landtransportprogram - observasjonsstatus

Bakgrunn for saka:

I rådsmøte den 10. september fekk medlemmane ei orientering om Grønt Landtransportprogram av Bjørn Kjørmo. Regionrådet skal ta stilling til om Region Fjordane skal teikne observatørstatus i Grønt landtransportprogram (GLP), eit nasjonalt offentleg–privat samarbeid for å fremje grøn omstilling i transportsektoren.

Som observatør får regionen høve til å delta i partnarmøte, pilotprosjekt og andre faglege aktivitetar, og bidra til utvikling av nasjonal politikk og rammevilkår for låg- og nullutsleppstransport. Saka omfattar også val av politisk representant og vararepresentant til programmet, samt avklaring av administrativ kontaktperson som skal følgje opp samarbeidet.

Følgjande dokument ligg ved saka: Vedtekter for GLP, Samarbeidsavtale og prosjektplan 25-26

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Regionrådet sluttar seg til at regionen teiknar observatørstatus i Grønt landtransportprogram (GLP).
2. Administrasjonen får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med GLP og følgje opp deltakinga i tråd med programmet sine formål.
3. Regionrådet peikar ut ein politisk representant og ein vararepresentant som skal delta i GLP på vegner av regionen.

Vedlegg i saka:

07.10.2025	Samarbeidsavtale offentlige virksomheter - Grønt landtransportprogram	1793973
07.10.2025	Prosjektplan GLP 2025-2026	1793974
07.10.2025	Vedtekter GLP	1793975

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/049 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Regionrådet sluttar seg til at regionen teiknar observatørstatus i Grønt landtransportprogram (GLP).
2. Administrasjonen får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med GLP og følge opp deltakinga i tråd med programmet sine formål.
3. Regionrådet peikar ut ein politisk representant og ein vararepresentant som skal delta i GLP på vegner av regionen.

Saksopplysningar:

Om Grønt landtransportprogram (GLP)

Grønt landtransportprogram (GLP) er eit nasjonalt, offentleg–privat samarbeid etablert i 2021 for å bidra til det grønne skiftet i den landbaserte transportsektoren. Programmet blir administrert av NHO, med støtte frå Klima- og miljødepartementet, og samlar aktørar frå heile verdikjeda – frå transportkjøparar og leverandørar til energiselskap, teknologiutviklarar og offentlege myndigheiter.

GLP fungerer som ei felles plattform for samarbeid, kunnskapsdeling og utvikling av praktiske løysingar for å redusere klimagassutslepp frå næringstransport.

Formålet med GLP er å stimulere til eit breitt teknologiskifte i transportsektoren og bidra til å realisere nasjonale klimamål. Programmet skal samle verdikjeda, utvikle verktøy, bidra til betre rammevilkår, motivere til grønne val og støtte verksemdar til rask og kostnadseffektiv omstilling.

GLP har seks hovudmål:

1. Samle verdikjeda innan transport og energi til eit felles samarbeid.
2. Dele kunnskap og analysar som reduserer risiko ved investering i ny teknologi.
3. Utvikle verktøy og rettleiingar for grøn transportomstilling.
4. Motivere til deltaking i pilotprosjekt og bruk av ny teknologi.
5. Påverke rammevilkår og politikkutvikling som støttar utsleppsreduksjonar.
6. Legge grunnlag for ny næringsutvikling og verdiskaping i overgangen til låg- og nullutsleppsløysingar.

GLP inviterer offentlege myndigheiter, fylkeskommunar og regionråd til å delta i programmet med observasjonsstatus. Ordninga er forankra i programmet sine vedtekter og samarbeidsavtale for offentlege verksemdar.

Gjennom observasjonsstatus får offentlege aktørar høve til å delta i:

- partnarmøte, faggrupper og seminar,
- pilotprosjekt og kunnskapsutvikling,

- dialog om rammevilkår og politikktutforming innan grøn transport, energi og infrastruktur.

Observatørar blir ein del av samarbeidsnettverket mellom næringsliv, myndigheiter og verkemiddelapparat, og får tilgang til informasjon, studiar, rapportar og resultat frå programmet. Samtidig kan dei bidra med eigne erfaringar, behov og vurderingar inn i utviklinga av løysingar for grøn omstilling i transportsektoren.

Deltaking som observatør inneber ingen økonomisk forplikting, men føreset at aktøren stiller ein kontaktperson og vararepresentant og tek del i faglege møtepunkt. Regionar som deltek, blir synlege gjennom GLP sine kanalar og kan nyttiggjere seg nasjonale nettverk for teknologi, infrastruktur og politikktutvikling.

Relevans og betydning for Region Fjordane

Transportsektoren står for ein stor del av klimautsleppa, samstundes som næringslivet er avhengig av effektive og føreseielege transportløysingar for å oppretthalde verdiskaping og konkurransekraft. Region Fjordane er ein sterk verdiskapingsregion, der ein stor del av godset går på veg. E39 fungerer som eit sentralt bindeledd langs kysten, og ei grøn omstilling av transportsektoren er avgjerande for å sikre både berekraft og framtidig næringsutvikling.

Gjennom deltaking i Grønt landtransportprogram (GLP) kan regionen bidra aktivt som tilretteleggjar og medspelar for det grønne skiftet, og nytte rolla som politisk og strategisk aktør i arbeidet med rammevilkår og samspel mellom kommunane. Regionrådet har særleg ei viktig rolle i politikktutforming, samordning og initiativ som fremjar grøn transport og infrastrukturutvikling.

Det er allereie fleire prosjekt i regionen som gjer eit samarbeid med GLP aktuelt og relevant. I Sunnfjord er det opna biogasstasjon på Moskog, og i Gloppen er det eit prosjekt knytt til av biogassanlegg. Desse tiltaka er døme på at regionen er i ferd med å ta posisjon i utviklinga av låg- og nullutsleppsløysingar. Gjennom GLP kan Region Fjordane bidra til å knyte desse initiativa til nasjonale satsingar og styrkje samarbeidet mellom næringsliv, kommunar og statlege verkemiddelaktørar.

Vurdering

Ein vurderer det slik at regionrådet bør slutte seg til at regionen teiknar observatørstatus i Grønt landtransportprogram (GLP). Gjennom deltakinga ønskjer regionen å bidra til utvikling av grøn transportpolitikk, samordning av kommunale tiltak og samarbeid med næringslivet om låg- og nullutsleppsløysingar.

Administrasjonen får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med GLP og følgje opp deltakinga. Ein bør drøfte kven som skal representere Region Fjordane i programmet, administrasjonen er kontaktperson for det faglege samarbeidet, og politisk representant deltek på møte og arenaer av strategisk karakter. Regionrådet peikar ut ein fast representant og ein vararepresentant som deltakar i programmet. Den eller dei som deltek, skal halde regionrådet orientert om arbeidet i GLP og aktuelle saker av regional interesse



Arkiv: FA-N41
 JournalpostID: 25/37805
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
 Hatlenes
 Dato: 26.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/050	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Høyringsvar - utgreiing av det regionale flyrutetilbodet

Bakgrunn for saka:

Samferdselsdepartementet har sendt på høyring rapporten «Transportfagleg utgreiing for regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 2027» (OE-rapport 2025-62). Rapporten er utarbeidd av Oslo Economics på oppdrag frå departementet, og vurderer korleis staten si ordning med kjøp av flyrutetenester (FOT-rutene) kan organiserast innanfor gjeldande budsjetttrammer i den neste kontraktperioden.

Departementet ber om innspel til rapporten innan 19. desember 2025, og har invitert fylkeskommunane til å samle synspunkt frå kommunar, næringsliv og andre berørte partar.

Region Fjordane har på bakgrunn av dette utarbeidd eit felles høyringsvar på vegner av dei elleve medlemskommunane. For vår region har saka særleg stor betydning, ettersom vi har tre lufthamner – Florø, Førde og Sandane – som saman utgjør eit funksjonelt flyplassnettverk for næringsliv, beredskap og offentlege tenester.

Endringar i FOT-tilskot eller rutetilbod vil få store konsekvensar for verdiskaping, busetjing, mobilitet og samfunnstryggleik i heile regionen.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Regionrådet for Region Fjordane sluttar seg til det vedlagde høyringsvaret til Samferdselsdepartementet om framtidig organisering av regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 2027. Høyringsvaret blir sendt til Vestland fylkeskommune som del av regionen sitt samla innspel innan 3. november.

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:

Handsaming:

Merknad:

- Endre sentningsoppbygging i siste punkt slik at dei samsvarar med dei andre punkta.

FIPR- 25/050 Vedtak:**Leiar sitt framlegg til vedtak:**

1. Regionrådet for Region Fjordane sluttar seg til det vedlagde høyringssvaret til Samferdselsdepartementet om framtidig organisering av regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 2027. Høyringssvaret blir sendt til Vestland fylkeskommune som del av regionen sitt samla innspel innan 3. november.

Saksopplysningar:

Saka er drøfta i arbeidsutvalet og sekretariatet har utarbeidd eit høyringssvar som samsvarar med vertskommunane sine uttaler.

Høyringssvar – utgreiing om det regionale flyrutetilbodet

Region Fjordane, med elleve kommunar og tre lufthamner – Florø, Førde og Sandane – peikar på at desse utgjer eit samla og gjensidig avhengig transportnettverk for næringsliv, beredskap og offentlege tenester i heile regionen. Dei tre lufthamnene i Florø, Førde og Sandane utgjer eit samla, gjensidig avhengig transportnettverk som er avgjerande for samfunnsutviklinga i heile regionen. Forslag om å fjerne eller redusere FOT-tilskot til rutene vil få alvorlege konsekvensar for samfunnsfunksjonar, verdiskaping og busetjing.

1. Beredskap og tryggleik

Flyplassane i Florø, Førde og Sandane er kritisk infrastruktur for helse, redning og transport i ein region der vêr og topografi ofte gjer vegnettet sårbart. Dei er del av beredskapen til Helse Førde og nyttast til pasientreiser, ambulanseflygingar og transport av helsepersonell. Eit stabilt og føreseieleg flytilbod er nødvendig for redningsarbeid og forsyning ved kriser. Nattstasjonert fly på Førde bør difor vidareførast.

2. Verdiskaping, samfunnsfunksjonar og regional rolle

Regionen har eit sterkt næringsliv innan energi, maritim verksemd, havbruk, industri, teknologi og reiseliv. Flyplassane er avgjerande for rekruttering, kontakt med marknader og internasjonal konkurransekraft. Florø lufthamn er eit strategisk knutepunkt for offshoreverksemd og eksportbedrifter. Svekt flytilbod vil hemme utvikling, verdiskaping og busetjing. Førde er eit er vertskap for ei rekke regionale og statlege institusjonar.

Dette funksjonane er avhengige av eit stabilt og godt flytilbod for å kunne fungere effektivt. Næringslivet i regionen blir stadig meir internasjonalt, og direkte flyruter til Oslo og Bergen er avgjerande for kontakt med kundar, samarbeidspartnarar og nasjonale myndigheiter. Ei svekking av flytilbodet vil svekke konkurransekrafta og utviklinga i regionen. Erfaringar viser at flytilbodet er avgjerande for å halde oppe busetjing og næringsaktivitet. Nedlegging av flyruter kan føre til flytting av regionale og statlege arbeidsplassar noko som svekker lokalsamfunn, arbeidsmarknad og

busetting.

3. Klima og teknologi

Kortbanenettet i regionen er ideelt for testing og innfasing av nullutsleppsfly. Region Fjordane ønskjer å vere pilotregion for grønne ruter. Miljøambisjonar må brukast til å styrke, ikkje redusere, rutetilbodet. FOT-ordninga bør støtte overgangen til klimavennleg luftfart.

4. Samfunnsøkonomi og nasjonale mål

Reine økonomiske berekningar gir eit snevert grunnlag og ein må ha fleire mål. Staten har ansvar for å sikre likeverdige levekår, beredskap og regional utvikling. Flyplassane i Florø, Førde og Sandane må vurderast som del av nasjonal infrastruktur, ikkje som isolerte ruter. Regionen har ikkje togtilbod, og alternative kollektive reisemåtar gir ikkje grunnlag for dagsreiser til hovudstaden eller dei største byane. Flyrutene er difor vårt kollektivtilbod. Nedbygging vil i praksis kutte livlina til regionen.

5. Bebuarbevis og bebuarrabatt

Region Fjordane meiner det ikkje er føremålstenleg å innføre bebuarrabatt/bebuarbevis då ein stor del av passasjerane reiser i nærings- og tenestesamanheng og ei slik ordning vil føre til auka maksprisar for andre reisande.

6. Våre tilrådingar

- Florø–Oslo: Minst tre rundturar dagleg + helg. Reduksjon er uakseptabelt.
- Siste avgang Florø–Oslo $\geq$ kl. 18:00 for båt-korrespondanse nord/sør.
- Florø–Bergen: Anten FOT-rute eller minimumskrav for frekvens og prisnivå.
- Rutetilbodet ved Sandane vert vidareført slik som i dag.
- Flyrute mellom Førde og Bergen må inn igjen på FOT-rutenettet
- Nattstasjonert fly i Førde
- Oppretthalde fem daglege avgangar og vurdere auka, i tråd med behovet i regionen. FOT - ruta mellom Førde og Oslo blir vidareført i komande kontraktperiode.

Oppsummering

Region Fjordane ber Vestland fylkeskommune ta desse synspunkta inn i si høyringsuttale. Florø, Førde og Sandane må behandlast som eit samla flyplasssystem. FOT-ruter og kapasitet må oppretthaldast, og grønne satsingar og beredskap må vektleggjast framfor snevre økonomiske vurderingar.

**Arkiv:****JournalpostID:** 25/37806**Saksbehandlar:** Elisabeth Birkeland
Hatlenes**Dato:** 26.10.2025**Saksframlegg**

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/051	Fjordane interkommunalt politisk råd	31.10.2025

Drøfting - vidareføring av invest in Fjordane**Bakgrunn for saka:**

Invest in Fjordane er den regionale satsinga innanfor Invest in Vestland, som skal bidra til fleire investeringar og etableringar i Vestland fylke. Prosjektet vart starta i 2023 som eit treårig samarbeid finansiert av Vestland fylkeskommune, med mål om å trekkje til seg og utvikle større, grønne industrietableringar i Fjordane.

Prosjektperioden går ut 31. desember 2025. Fylkeskommunen vurderer arbeidet som vellukka og ønskjer å vidareføre satsinga i heile fylket, men føreset at kommunane i Fjordane IPR og næringslivet bidreg i eit spleiselag for vidare finansiering.

Viser til vedlagt brev frå Vestland fylkeskommune der ein ønskjer å drøfte korleis regionrådet skal arbeidet vidare med førespurnaden.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Saka blir lagt fram for rådet utan tilråding.

Vedlegg i saka:

26.10.2025	Vidareføring av Invest In Fjordane etter prosjektslutt	1797507
31.12.2025		

Fjordane interkommunalt politisk råd 31.10.2025:**Handsaming:****Merkanda**

- Regionrådet stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane
- Det blir opp til kvar enkelt kommunestyre å vedta vidare deltaking
- Drøfting om den vidare organiseringa, i lys av evalueringa, vert det peika på at Invest in

- Fjordane og Region Fjordane bør samlast organisatorisk for å styrke begge satsingane.
- Legge fram ei eiga sak til neste møte med konkret forslag til både finansiering og organisering.
- Sender tilbakemelding til VLFK om at vi er positive med atterhald om vedtak i dei 11 kommunane.

FIPR- 25/051 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Regionrådet ber om at det blir lagt fram ei eiga sak til neste møte med konkret forslag til både finansiering og organisering.

Saksopplysningar:

Vestland fylkeskommune ser arbeidet med Invest in-satsingane som eit langsiktig verkemiddel for å styrke berekraftig næringsutvikling i heile fylket. Den vidare satsinga handlar om å byggje vidare på erfaringane frå dei regionale prosjekta, og utvikle ei meir permanent ordning som skal sikre betre koordinering, felles profilering og auka tilgjenge til næringsareal og kompetanse.

Målet er å vidareføre og styrke samarbeidet mellom kommunar, næringsliv og fylkeskommunen, slik at regionane i Vestland kan stå sterkare samla i arbeidet med å tiltrekke seg nye, grønne investeringar og industrietableringar.

I førre rådsmøte vart det peikt på at Fjordane interkommunale politiske råd skal samordne arbeidet og vere kontaktpunkt for fylkeskommunen i det vidare samarbeidet. Det som no må drøftast og vurderast, er kva type satsingar ein ønskjer å prioritere vidare, og kva område som vil tene Region Fjordane best. I tillegg bør ein ta stilling til korleis arbeidet skal organiserast framover, slik at satsinga får ei tydeleg forankring og god samhandling mellom kommunane, næringslivet og fylkeskommunen.

Dersom vi ser dette i samband med evalueringa som nyleg er gjennomført i regionrådet, kan det vere naturleg å leggje noko av oppfølginga inn i Invest in Fjordane-satsinga. I evalueringa vart det peikt på at vi bør vere endå meir strategisk retta mot satsingar som er avgjerande for å lukkast med regional utvikling. Regionrådet arbeider no med ein kraftstrategi og eit utkast til samferdselsstrategi, som begge kan vere viktige koplingar til den vidare satsinga.

Det er fleire område som er sentrale for å leggje til rette for nye etableringar i Fjordane – som tilgang på kapital, kompetanse, kraft og næringsareal. Invest in Fjordane ser òg at det er behov for meir målretta marknadsføring av regionen. Samstundes er det viktig at satsinga har rom for å vere dynamisk, slik at ein raskt kan gripe moglegheiter og handle når aktuelle aktørar eller investeringar kjem på banen.

Fylkeskommunen legg til grunn

Under føresetnad av budsjettvedtak i Vestland fylkeskommune, og at kommunane i Fjordane IPR ønskjer ei vidareføring av satsinga, skisserer fylkeskommunen ein modell der finansieringa av Invest in Fjordane vert vidareført som eit spleiselag mellom kommunane i Fjordane IPR,

næringsliv/stiftingar og fylkeskommunen.

For å utløyse fylkeskommunal medfinansiering må aktørane i Fjordane – fasilitert av Fjordane IPR – bidra med minimum lik finansiering som fylkeskommunen. Den fylkeskommunale ramma for årleg medverknad er sett til inntil kr. 1 000 000.

Det inneber at ei vidare satsing vil krevje økonomisk medverknad frå kommunane, men òg opne for å utløse tilsvarande midlar frå fylkeskommunen og eventuelt næringslivet

Vurdering:

Saka vert no lagt fram for drøfting i regionrådet. Regionrådet har ikkje mynde til å avgjere om kommunane skal gå vidare med satsinga, men bidra til samordning og felles innretting av arbeidet. Målet med drøftinga er å vurdere om ein skal førebu ei sak til kommunane for endeleg handsaming.



Solund kontrollutval

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Møtebok

Møtestad:	Solund kommune - møterom i bankbygget		
Dato:	17.03.2026	Tid:	Kl. 11:00 til kl. 12:30
Møteleiar:	Anita Einen	Sekretær:	Arnar Helgheim

Faste representantar som møtte:	Parti
Hans Gåsvær	A
Anita Einen	H
Manuela Gjata	SP
Ingvill Storøy	SV

Forfall faste representantar:	Parti	Vara som møtte:	Parti
Bjarne Leiv Ravnøy	H		

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
08/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
09/26	Referatsaker
10/26	Helsetilsynet - rapport om tenester til heimebuande eldre - informasjon
11/26	Rettleiar for kontrollutvalet sitt påsjåansvar for kontroll med økonomiforvaltninga – informasjon og høyring
12/26	Kontrollutvalsplan - gjennomgang og eventuell endring
13/26	Forum for kontroll og tilsyn - Fagkonferanse 2. - 3. juni 2026 - påmelding
14/26	Oppfølgingsliste 2-2026
15/26	Godkjenning av møtebok

Andre som møtte:

SEKOM sekretariat ved Arnar Helgheim

Kommunedirektøren ved leiar helse og omsorg Marit Andersen Nesse i sak 10/26

Underskrifter:

08/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Solund kontrollutval 17.03.2026:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 08/26 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

09/26: Referatsaker

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Referatsakene vert tekne til vitande

Handsaming i Solund kontrollutval 17.03.2026:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 09/26 VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til vitande

10/26: Helsetilsynet - rapport om tenester til heimebuande eldre - informasjon

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om tenester til heimebuande eldre, til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 17.03.2026:

Kommunedirektøren ved leiar helse og omsorg Marit Andersen Nesse møtte og informerte om tenester til heimebuande eldre i Solund kommune.

Presentasjonen vert sendt til sekretariatet for arkivering på saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 10/26 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om tenester til heimebuande eldre, til vitande.

11/26: Rettleiur for kontrollutvalet sitt påsjåansvar for kontroll med økonomiforvaltninga – informasjon og høyring

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Informasjonen vert teken til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 17.03.2026:

SEKOM sekretariat ved Arnar Helgheim gjekk gjennom presentasjon og informerte om arbeidet med rettleiaren.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 11/26 VEDTAK:

Informasjonen vert teken til vitande.

12/26: Kontrollutvalsplan - gjennomgang og eventuell endring

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet prioriterer følgjande oppfølging av kontrolltiltak vidare i perioden:

1. Endra prioritering i kontrollutvalsplanen:
 - a.
2. Orienteringar frå kommunedirektøren:
 - a. Personvern og teieplikt
 - b. Informasjonstryggleik
 - c. Varsling
 - d. Administrative rutinar
 - e. Arkiv
 - f. Psykisk helsevern og rusomsorg
 - g. Interkommunalt samarbeid

Handsaming i Solund kontrollutval 17.03.2026:

Mogelege tema:

- Kompetansekartlegging.
- Sjukefråvær knytt til kostnad og kontinuitet.

Stikkord om internkontroll:

- Bidrar kvalitetssystemet til at nyttilsette lettare kan utføre jobben.

Nytt framlegg i møtet:

Saka vert utsett til neste møte.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

SOL- 12/26 VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte.

13/26: Forum for kontroll og tilsyn - Fagkonferanse 2. - 3. juni 2026 - påmelding

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Sekretariatet melder på følgjande av dei faste medlemane til FKT si fagkonferanse 2. og 3. juni, med ekstra overnatting frå 1. juni:

Handsaming i Solund kontrollutval 17.03.2026:

Nytt framlegg i møtet:

Sekretariatet undersøker om leiar kan delta.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

SOL- 13/26 VEDTAK:

Sekretariatet undersøker om leiar kan delta.

14/26: Oppfølgingsliste 2-2026

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 17.03.2026:

SEKOM sekretariat ved Arnar Helgheim gjekk gjennom oppfølgingslista.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 14/26 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til vitande.

15/26: Godkjenning av møtebok

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Møteboka vert godkjent.

Handsaming i Solund kontrollutval 17.03.2026:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 15/26 VEDTAK:

Møteboka vert godkjent.



Solund kommunestyre

ArkivsakID:	JournalID:	Arkivkode:	Dykkar.ref	Dato:
24/438	26/697	K2-A56		10.03.2026

Notat om lærlingar i sektor for oppvekst og kultur

Solund kommune ved leiar for oppvekst og kultur har fått førespurnader frå lokale ungdomar som ønskjer læreplass innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. I utgangspunktet er sektoren positiv til å ha læreplassar, då dette er viktig for å rekruttere framtidig arbeidskraft. Det er også svært positivt å kunne bidra til at lokale ungdomar får fullført utdanninga si.

For skuleåret 2026/2027 ser likevel ikkje kommunedirektøren at sektor for oppvekst og kultur kan ta i mot lærlingar. Det er ikkje sett av lønsmidlar til dette i budsjettet til barnehagen og skulen for 2026, og i økonomiplanen er det lagt opp til eit kutt på kr 250 000 i budsjettet til barnehagen i 2027. Det inneber at det ikkje er økonomisk handlingsrom til å tilsetje lærlingar. For barnehageåret 2026/2027 er det også venta eit lågt barnetal, og ein har allereie høg vaksentettleik i barnegruppene. Det vil då ikkje vere gunstig å ta inn endå ein vaksen.

Med helsing

Øystein Bolset Strand
Leiar Oppvekst og kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent



ALSTAHAUG KOMMUNE
Postboks 1006
8805 SANDNESSJØEN

Deres ref.

Vår ref. 26/5271-1
Saksbehandler: Guro Thune Sundklakk
Seksjon for sosiale tjenester

Vår dato: 05.03.2026

Partnerskapet i Nav – nasjonale mål og hovedprioriteringer for de sosiale tjenester i Arbeids- og velferdsforvaltningen i 2026

Arbeids- og velferdsdirektoratet har det nasjonale fag- og forvaltningsansvaret for de sosiale tjenestene, og skal innenfor sitt ansvarsområde medvirke til å forebygge og redusere fattigdom og sosiale problemer. Her følger årets «kommunebrev», som oppsummerer våre forventninger til kommunenes forvaltning av de sosiale tjenestene i Nav-kontoret i 2026. Forventningene bør inngå i kommuneledelsens grunnlag for styring av de sosiale tjenestene. Arbeids- og velferdsdirektoratet oppfordrer kommunene til å orientere de folkevalgte om innholdet i dette brevet», eksempelvis som en orienteringssak til kommunestyret.

Utviklingen av de statlige tjenestene som Nav-kontoret forvalter kan påvirke de sosiale tjenestene i Nav. Vi vedlegger derfor til orientering mål- og disponeringsbrev 2026 fra Arbeids- og velferdsdirektoratet til Nav fylke/region, som representerer den statlige parten i Nav-partnerskapet. Mål- og disponeringsbrevet fastsetter mål- og resultatkrav, budsjetttrammer, fullmakter og krav om rapportering til de statlige enhetene i Arbeids- og velferdsetaten.

Partnerskapet i Nav

Nav-loven pålegger stat og kommune å etablere felles Nav-kontor gjennom en forpliktende avtale mellom to likeverdige parter. Det er opprettet partnerskapsavtaler som dekker alle landets kommuner og Nav-kontor.

Partnerskapsavtalen bør synliggjøre hva som skal være felles kompetansetiltak for alle ansatte på Nav-kontoret. Formålet med kompetanseutviklingen er at hele virkemiddelapparatet skal kunne tas i bruk, til beste for brukerne.

Nav

Postadresse: Postboks 354 // 8601 MO I RANA
E-post: nav.ekonomi.stonad.dokumentsenter@nav.no

www.nav.no

Helhetlige og koordinerte tjenester

I 2026 er det 20 år siden Nav-reformen ble iverksatt. Et av Nav-reformens viktigste mål var at brukerne skulle få helhetlige tjenester, og ikke behøve å forholde seg til hvilke tjenester som er statlige og hvilke som er kommunale.

Helhetlige og koordinerte tjenester er et viktig grunnprinsipp for Nav, som blant annet kommer tydelig fram i Navs virksomhetsstrategi, gjennom ambisjonen; sammen finner vi løsninger med dem som trenger oss mest.

Det er viktig at personer som trenger flere og sammensatte tjenester fra Nav-kontoret møter et Nav-kontor som kan tilby helhetlige og koordinerte tjenester, som er tilpasset deres livssituasjon. Kommunene må derfor, sammen med Arbeids- og velferdsetaten, legge til rette for helhetlige tjenester i Nav-kontoret.

Sosiale tjenester og sosialfaglig oppfølgingsarbeid er viktig i et helhetlig tjenestetilbud til personer som opplever utenforskap og sosiale problemer, men også i kommunens arbeid med å forebygge at slike problemer oppstår.

Nav-kontoret har, sammen med kommunen for øvrig, et ansvar for å forebygge sosiale problemer og utenforskap. Et systematisk og helhetlig forebyggende arbeid kan bidra til at flere inkluderes i arbeidslivet og i samfunnet, og samtidig redusere behovet for mer omfattende tjenester på sikt.

Samarbeid med frivilligheten

Når det offentlige og frivilligheten samarbeider, skaper vi bedre muligheter for inkludering og fellesskap. En rekke frivillige organisasjoner og sosiale entreprenører er viktige samarbeidspartnere og yter viktige bidrag for å gi flere mulighet til å delta og bli inkludert i samfunnslivet.

Samarbeidet må bygge på et prinsipp om at frivillig sektor skal supplere, og ikke erstatte, offentlige lovpålagte tjenester. Frivillighet Norge har utarbeidet en veileder for økt deltakelse i frivilligheten¹. Vi anbefaler kommunene å ta i bruk denne veilederen. Det vises for øvrig til intensjonsavtalen² som Frivillighet Norge og Arbeids- og velferdsdirektoratet inngikk i 2023, som tar sikte på å bidra til å utvikle samarbeidet og

¹ [Veileder for økt deltakelse i frivilligheten](#)

² [Intensjonsavtalen mellom Arbeids- og Velferdsdirektoratet og Frivillighet Norge](#)

koordineringen mellom partene, og til samarbeidsplattformen³ som KS og Frivillighet Norge har signert.

Tilgjengelige og forsvarlige tjenester

Det er fortsatt et betydelig press på de sosiale tjenestene i Nav-kontorene, og kontorene gjør hver dag en stor innsats. Dette arbeidet er avgjørende for å forebygge og redusere fattigdom, utenforskap og sosiale problemer.

I dagens situasjon er det helt sentralt at kommunen sikrer at de sosiale tjenestene er tilgjengelige for alle som trenger dem, og at de tilpasses den enkelte innbyggers behov og forutsetninger.

Når pågangen øker, kan det utfordre muligheten til å sikre forsvarlige tjenester til alle som trenger det, eksempelvis i form av å gjøre konkrete og individuelle vurderinger, eller å gi riktig hjelp til rett tid. Dersom Nav-kontoret opplever økt press på de sosiale tjenestene, må kommunen sørge for at tjenesten er dimensjonert og organisert slik at forsvarlighet og tilgjengelighet opprettholdes.

Barneperspektivet i Nav

Gode oppvekstvilkår er avgjørende for barn og unges læring og utvikling. Nav-kontorene møter mange vanskeligstilte barnefamilier, og barn og unge av foreldre som mottar sosiale tjenester er særlig utsatte. For å fange opp, avverge og avhjelpe vanskelige livssituasjoner, må Nav-kontorene kartlegge familiens situasjon og gjøre individuelle vurderinger. Tilgang til fritidsaktiviteter og et trygt bo- og nærmiljø bidrar til inkludering og mulighet til å delta i fellesskapet. Økonomisk trygghet er en forutsetning for en stabil og forutsigbar oppvekst.

Tiltak som bidrar til at flere foreldre kommer i arbeid, er sentralt i arbeidet for å redusere fattigdom i barnefamilier. Vi oppfordrer derfor kommunene til å styrke kompetansen og øke oppmerksomheten i Nav-kontorene om helhetlig, arbeidsrettet oppfølging av foreldre som har behov for sosiale tjenester.

Barnekonvensjonen forplikter Nav-kontoret til å sikre at barnets beste er et grunnleggende hensyn ved alle handlinger og avgjørelser som berører barn.

³ [Plattform for frivillighet - Hjem](#)

Kommunene må sørge for at Nav-veilederne har kompetanse til å gjøre vurdering av barnets beste i saksbehandling og oppfølging etter sosialtjenesteloven. «Barnets beste-veilederen»⁴ gir støtte til dette arbeidet.

Velferdstjenestene har et felles ansvar for å sikre gode og trygge oppvekstsvilkår, og Nav har en unik mulighet til å bidra til at barns behov blir ivaretatt. Bestemmelser i lovverket om samordning og samarbeid må være kjent og tatt i bruk i Nav-kontoret.

I 2026 skal Helsetilsynet gjennomføre landsomfattende tilsyn, der temaet er Nav-kontorenes ansvar for å ivareta barns behov når familiene søker økonomisk stønad. Nav-kontorene skal i dette tilsynet gjennomføre egenvurdering og sette i gang forbedringsarbeid ut ifra egne funn. Denne tilsynsaktiviteten tilbys alle Nav-kontor, og den er frivillig. Statsforvalterne skal gi veiledning underveis. Arbeids- og velferdsdirektoratet oppfordrer kommunene til å delta i denne tilsynsaktiviteten og det påfølgende forbedringsarbeidet.

Unge som trenger bistand fra Nav

Unge som trenger bistand fra Nav til å komme i arbeid og/eller fullføre utdanning skal prioriteres.

Videreutvikling av Navs tilbud til utsatte unge, og samarbeid med andre relevante sektorer, er viktig for å redusere ungt utenforskap. *Ungdomsgarantien*⁵ er en statlig, forskriftsfestet styrking av Navs arbeid med unge. Den skal bidra til å sikre god og tett oppfølging av personer mellom 16 og 30 år, som har fått fastslått behov for bistand fra Nav for å komme i arbeid.

Sentralt i ungdomsgarantien er at den unge får medvirke under planleggingen og gjennomføringen av aktiviteter, gjennom hele garantiperioden.

Ungdomsløftet er regjeringens satsing og overbygning for å få flere unge i jobb. Det består av to hoveddeler:

- Samlet innsats i Nav – ulike tiltak som gir unge jobberfaring og støtte inn i arbeidslivet, der ungdomsgarantien er fundamentet.
- En intensjonsavtale – mellom regjeringen, arbeidslivets parter, store virksomheter og frivillige organisasjoner, med et felles mål: Flere unge i arbeid.

⁴ [Barnets beste – en veileder for deg som jobber i Nav](#)

⁵ [Ungdomsgarantien](#)

En høy andel av landets Nav-kontor har tverrfaglige ungdomsteam, på tvers av statlige og kommunale tjenester. Vi anbefaler en videreutvikling av tverrfaglige ungdomsteam i Nav-kontor, fordi vi vurderer at dette styrker forutsetningene for å gi unge et godt koordinert tilbud fra Nav, ut fra den enkeltes behov.

Aktivitetsplikten etter sosialtjenesteloven må sees i sammenheng med alle Navs virkemidler og satsinger for unge under 30 år. Før vilkår om aktivitet stilles, skal rett til kvalifiseringsprogram (KVP) vurderes.

Alle som ønsker eller trenger arbeidsrettet bistand fra Nav-kontoret, har rett til behovsvurdering etter Nav-loven § 14 a. Unge under 30 år med aktivitetsplikt etter sosialtjenesteloven kan ofte ha rettigheter til den oppfølgingen som ligger i ungdomsgarantien. Kommunene bør være oppmerksomme på at denne gruppen får fastsatt sitt bistandsbehov, slik at ungdomsgarantien kan utløses for de som har rett til den.

Opplysning, råd og veiledning – herunder økonomisk rådgivning

Høye levekostnader gjør at flere kan ha behov for tjenesten *opplysning, råd og veiledning* etter sosialtjenesteloven § 17. Økonomisk rådgivning er en sentral del av tjenesten *opplysning, råd og veiledning*.

Kommunen har plikt til å gi opplysning, råd og veiledning som kan bidra til å forebygge og løse sosiale problemer. Det er viktig at kommunen dimensjonerer og legger til rette for at tjenesten *opplysning, råd og veiledning* er tilgjengelig og kjent for alle som trenger den.

Tjenesten skal ses i sammenheng med øvrige tilbud ved Nav-kontoret, og bidra til helhetlig oppfølging.

Økonomisk stønad

Mange innbyggere sliter økonomisk og kan ha behov for økonomisk stønad. Sosialtjenesteloven gir kommunene et vidt handlingsrom, og både rett og plikt til å utøve skjønn i hver enkelt sak. Stønadsbeløp skal fastsettes ut fra den enkeltes faktiske behov og situasjon.

Veiledende normer eller satser, kan ikke erstatte en konkret og individuell vurdering i enkeltsaker. Kommunen må derfor vurdere om veiledende satser gir et riktig grunnlag

for utmåling av økonomisk stønad, sett i lys av for eksempel prisvekst og lokale forhold. Arbeids- og inkluderingsdepartementet gir veiledende retningslinjer om nivået på stønad til livsopphold etter sosialtjenesteloven⁶.

Selv om målet er at økonomisk stønad skal være midlertidig, har kommunen ansvar både for å gi støtte på veien mot selvhjulpenhet og for å sikre forsvarlig hjelp til dem som fortsatt er avhengige av stønad. Dette innebærer å vurdere både grunnleggende behov og eventuelle tillegg til særskilte formål, som for eksempel helseutgifter eller utstyr til barn.

Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet (KVP) er et sentralt virkemiddel i Nav-kontorets arbeid med å inkludere mennesker i arbeidslivet. Programmet er særlig viktig fordi økende sosial ulikhet og utenforskap, kombinert med et voksende behov for arbeidskraft, gjør det nødvendig å inkludere flere. Forskning viser at deltakelse i kvalifiseringsprogrammet kan bidra til stabil og langvarig tilknytning til arbeidsmarkedet.

Deltakelse i KVP er en lovfestet rettighet for dem som oppfyller vilkårene for deltakelse. Det er viktig at kommunen tidlig identifiserer deltakere til KVP, og sørger for at de som er i målgruppen får informasjon om muligheten til å søke om kvalifiseringsprogram. Programmet er et godt virkemiddel for unge som står utenfor arbeid eller utdanning, og deltakelse i KVP oppfyller ungdomsgarantien i Nav.

For å lykkes med KVP er det viktig med god samhandling og koordinering av tjenester; kommunen må legge til rette for gode strukturer for samarbeid. Det er avgjørende at kommunen sikrer god kunnskap om KVP, og samtidig sørger for kvalitet i oppfølgingen, slik at oppfølgingen fremmer deltakernes utvikling og gir økt overgang til arbeid.

Boligsosialt arbeid

Trygge og gode boforhold er viktig for å bekjempe fattigdom og sikre gode oppvekstsvilkår for barn og unge. Det boligsosiale feltet favner bredt og må være tverrsektorielt. Godt boligsosialt arbeid og målrettet samarbeid med relevante aktører kan være avgjørende for å bedre bosituasjonen til vanskeligstilte på boligmarkedet.

⁶ [Rundskriv A-1/2025 Statlege rettleiande retningslinjer for økonomisk stønad for 2026](#)

Nav-kontoret har god kunnskap om behovet for boliger til økonomisk og sosialt vanskeligstilte innbyggere, og har plikt til å medvirke i kommunens boligsosiale arbeid, særlig overfor denne gruppen.

For personer som ikke klarer det selv skal Nav-kontoret framskaffe et konkret og tilgjengelig *midlertidig botilbud*, og sikre overgang til varig bolig. Å bo midlertidig kan være svært krevende. Det er derfor viktig at botilbudet er kvalitetsmessig forsvarlig, ut ifra den enkeltes behov, og har en forsvarlig standard.⁷

Tjenester til personer med samtidig rusmiddellidelse og psykisk lidelse

Personer med samtidige rusmiddellidelser og psykiske lidelser (ROP) er en spesielt sårbar gruppe i samfunnet, hvor behovet for å motta helhetlige og koordinerte tjenester over tid er stort. Riksrevisjonens rapport om tjenester til personer med ROP-lidelser⁸ viser at tilbudene er fragmenterte, og at det mangler koordinering mellom de ulike tjenestene.

Kommunen må sørge for at personer med ROP-lidelser mottar forsvarlige og tilgjengelige tjenester etter sosialtjenesteloven. Det er mange aktører som har ansvaret for å sikre god samhandling på dette området, og det er avgjørende at kommunen legger til rette for samhandling mellom de ulike aktørene, slik at brukergruppen får de helse- og velferdstjenestene de har behov for.

Introduksjonsprogrammet

De siste årene har Norge bosatt et høyt antall flyktninger. Majoriteten kommer fra Ukraina og får som hovedregel korte og arbeidsrettede introduksjonsprogram. Samarbeidet mellom kommunene og Arbeids- og velferdsetaten om arbeidsrettingen av introduksjonsprogrammet er viktig,⁹ slik at deltakerne får en stabil tilknytning til arbeidslivet.

Erfaring viser at mange har behov for både kommunale og statlige tjenester fra Nav etter fullført introduksjonsprogram. For at flere skal bli godt integrert i norsk samfunns- og arbeidsliv, oppfordrer vi kommunen til å samarbeide med Arbeids- og velferdsetaten om å samordne sin innsats.

⁷ [Hjelp med midlertidig botilbud fra Nav | Fafo-rapport 2025:11](#)

⁸ [Riksrevisjonens rapport om helse- og velferdstjenester til personer med samtidige ROP-lidelser](#)

⁹ [Veileder om samarbeid mellom kommunen og nav om introduksjonsprogrammet \(imdi.no\)](#)

Kompetansemiljø på radikalisering, menneskehandel og negativ sosial kontroll

For å kunne løse samfunnsoppdraget vårt, må vi ha tilstrekkelig kjennskap til brukernes livssituasjon. Noen av de personene vi møter er mulige ofre for menneskehandel, står i fare for å bli radikalisert, eller er utsatt for negativ sosial kontroll.

Nav har et kompetansemiljø som kan bistå med råd, veiledning og kompetanseheving i slike saker. Vi ønsker at det skal være lav terskel for å ta kontakt med dette kompetansemiljøet ved bekymring.

Ta kontakt, på telefon 476 19 036 eller e-post kompetansemiljo.grunerlokka@nav.no

Vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner

Arbeids- og velferdsdirektoratet har laget en veileder¹⁰ om vold i nære relasjoner og menneskehandel. Det er viktig at kommunene sikrer at de som er rammet blir oppdaget, og får nødvendig støtte og oppfølging. Veilederen kan være et godt verktøy i dette arbeidet.

Nasjonal veileder om samarbeid mellom Nav og kriminalomsorgen¹¹

Det ble i 2025 utarbeidet en ny nasjonal veileder for samarbeidet mellom kriminalomsorgen og Nav. Veilederens overordnede formål er å bidra til å sikre innsatte/domfelte tilgang til arbeids- og velferdstjenester fra Nav. Vi oppfordrer kommunene og Nav-kontorene til å gjøre seg kjent med, og ta i bruk, denne veilederen.

¹⁰ [Veileder om Nav-ansattes ansvar og plikter ved oppfølging av personer utsatt for vold i nære relasjoner eller menneskehandel](#)

¹¹ [Nasjonal veileder for samarbeidet mellom kriminalomsorgen og Nav](#)

Rammebetingelser for de sosiale tjenestene i Nav-kontoret

Internkontroll

Internkontrollen skal være systematisk, risikobasert og tilpasset forholdene og behovene i kommunen og i kommunens ulike virksomheter. Tjenestene som ytes skal ha god faglig kvalitet og følge god forvaltningsskikk.

Det er kommunens ansvar å sørge for nødvendig opplæring av sitt personell i Nav-kontoret. Arbeids- og velferdsdirektoratet anbefaler kommunene å gjennomgå internkontrollsystemet, med mål om å forebygge lovbrudd og sikre kvaliteten i de sosiale tjenestene i Nav-kontoret.

Kompetanse i Nav-kontoret

Kommunen har, ifølge sosialtjenesteloven, ansvar for at ansatte som jobber med kommunale tjenester i Nav-kontoret har den kompetansen som er nødvendig.

Medarbeidernes kompetanse er en av Navs viktigste ressurser. Fagsystemet «Kompasset», som ligger på Navs intranett «Navet», er et nytt verktøy for læring og utvikling for alle som jobber i Nav. For å ivareta viktige kompetansebehov for ulike roller, har direktoratet startet et arbeid med å utvikle kompetanseprofiler med tilhørende opplæringsmateriell for de ulike rollene. Tilsvarende innarbeides det også kompetanseprofiler for Nav-veiledere som arbeider med de sosiale tjenestene i Nav-kontoret, slik at alle medarbeidere kan ta i bruk dette om ønskelig, uavhengig av om de er statlige eller kommunalt ansatte. Nav-lederen har tilgang til dette verktøyet, og kjenner derfor til Nav-kontorets samlede kompetansebehov.

Opplæring som er rettet mot Nav-kontoret, må oppleves som helhetlig og tilpasset Nav-veiledernes behov. Statsforvalteren og Nav fylke/region har oppdrag fra Arbeids- og velferdsdirektoratet om å samarbeide om kompetansehevede tiltak rettet mot Nav-kontorene. De skal samarbeide om en felles plan på fylkes-/regionnivå, der opplæringstiltak og kompetanseutvikling som retter seg mot Nav-kontorene inngår. Planen skal ta utgangspunkt i de kompetansebehovene som Nav-kontorene har, og på denne måten også understøtte kommunenes kompetanseansvar.

Videre skal statsforvalterne og Nav fylke/region samarbeide om å hjelpe Nav-kontorene med å etablere læringsopplegg på tvers av statlige og kommunale tjenester. Utviklingsarbeidet skal særlig bidra til å styrke kvaliteten på tjenester til brukere med sammensatte behov, og bidra til at Nav-kontorene blir lærende organisasjoner.

Sikkerhet i Nav-kontoret

Kommunene bes, i samarbeid med Nav-fylke/region, om å jobbe systematisk i partnerskapet med å forebygge vold, trusler og trakassering i Nav-kontoret. Arbeidet må ses i sammenheng med gjeldende kommunale sikkerhetsrutiner og Navs krav og retningslinjer for sikkerhetsarbeid, som er utdypet i vedlagt mål- og disponeringsbrev 2026 fra Arbeids- og velferdsdirektoratet til Nav fylke/region. Det skal lages en plan for kontinuerlig opplæring, trening og øvelse.

Etterlevelse av kravene i standard for trygge brukermøter skal drøftes jevnlig i partnerskapsmøter.

Beredskap i Nav

Kommunene har en sentral rolle i arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap, og et grunnleggende ansvar for å opprettholde kritiske samfunnsfunksjoner. Nav-kontoret er avgjørende i beredskapen, ved å opprettholde tjenester som økonomisk stønad til livsopphold og midlertidig botilbud under kriser, katastrofer og krig.

Kommunen må ha oppdaterte beredskapsplaner for de sosiale tjenestene i Nav-kontoret, og være tilstrekkelig forberedt på uforutsette hendelser som kan oppstå.

Partnerskapskonferansen 2026 – digitalt, 27. mars kl. 9–12

Den nasjonale Partnerskapskonferansen er forankret i samarbeidsavtalen mellom KS og Arbeids- og inkluderingsdepartementet om partnerskapet i Nav-kontor, og arrangeres i samarbeid mellom KS, AID og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Formålet med konferansen er å sette søkelys på mulighetene i utviklingen av partnerskapet mellom stat og kommune i Nav-kontorene.

Målgruppen for konferansen er kommunedirektører, Nav fylke/region, Nav-ledere, avdelingsledere ved Nav-kontor, statsforvaltere, KS, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Arbeids- og velferdsdirektoratet og andre med interesse i partnerskapet.

Partnerskapskonferansen 2026 avholdes heldigitalt, fredag 27. mars fra kl. 9.00–12.00, med løpende påmelding fram til 25 mars.

Mer informasjon og påmeldingslenke ligger her:

<https://ks.qondor.com/partnerskapskonferansen2026>

Med hilsen

Eve Vangsnes Bergli
arbeids- og velferdsdirektør kst.

Nina Tangnæs Grønvold
velferdsdirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur

Vedlegg: Endelig-MD-brev-til-Nav-fylke-region-for-2026

Mottakere:

Mottakere: ALSTAHAUG KOMMUNE

ALTA KOMMUNE

ALVDAL KOMMUNE

ALVER KOMMUNE

ANDØY KOMMUNE

AREMARK KOMMUNE

ARENDAL KOMMUNE

ASKER KOMMUNE

ASKVOLL KOMMUNE

ASKØY KOMMUNE

AUKRA KOMMUNE

AURE KOMMUNE

AURLAND KOMMUNE

AURSKOG-HØLAND KOMMUNE

AUSTEVOLL KOMMUNE

AUSTRHEIM KOMMUNE
AVERØY KOMMUNE
BALSFJORD KOMMUNE
BAMBLE KOMMUNE
BARDU KOMMUNE
BEIARN KOMMUNE
BERGEN KOMMUNE
BERLEVÅG KOMMUNE
BINDAL KOMMUNE
BIRKENES KOMMUNE
BJERKREIM KOMMUNE
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE
BODØ KOMMUNE
BOKN KOMMUNE
BREMANGER KOMMUNE
BRØNNØY KOMMUNE
BYGLAND KOMMUNE
BYKLE KOMMUNE
BÆRUM KOMMUNE
BØ KOMMUNE
BØMLO KOMMUNE
BÅTSFJORD KOMMUNE
DEANU GIELDA / TANA KOMMUNE
DIELDDANUORI SUOHKAN - TJELDSUND KOMMUNE
DOVRE KOMMUNE
DRAMMEN KOMMUNE
DRANGEDAL KOMMUNE
DYRØY KOMMUNE
DØNNA KOMMUNE
EIDFJORD KOMMUNE
EIDSKOG KOMMUNE
EIDSVOLL KOMMUNE
EIGERSUND KOMMUNE
ELVERUM KOMMUNE
ENEBAKK KOMMUNE
ENGERDAL KOMMUNE
ETNE KOMMUNE
ETNEDAL KOMMUNE
EVENES KOMMUNE / EVENÁSSI SUOHKAN
EVJE OG HORNNES KOMMUNE
FARSUND KOMMUNE
FAUSKE KOMMUNE
FEDJE KOMMUNE
FITJAR KOMMUNE
FJALER KOMMUNE

FJORD KOMMUNE
FLAKSTAD KOMMUNE
FLATANGER KOMMUNE
FLEKKEFJORD KOMMUNE
FLESBERG KOMMUNE
FLÅ KOMMUNE
- Alle enheter med brukerkontakt skal systematisk jobbe for å forebygge og forhindre hendelser som kan føre til vold, trusler og trakassering i tråd med standard for trygge brukermøter i Nav.
- Det skal lages en plan for systematisk opplæring, trening og øvelse som bla inneholder;
 - Ansatte skal kunne forebygge uønskede hendelser gjennom relasjons- og kommunikasjonsferdighet.
 - Ansatte skal også vite hvordan de vurderer risiko før brukermøter og hvordan de melder fra om uønskede hendelser.
 - Ansatte skal øve på beredskapshendelser og alarmeringsrutiner
- Lokalene med fysisk utforming og tekniske sikkerhetstiltak skal være i henhold til lokal sikkerhetsinstruks og andre krav og retningslinjer innenfor arbeidet med ansattes sikkerhet og beredskap.

Etterlevelse av kravene i standard for trygge brukermøter skal drøftes i møter i partnerskapet.

Kompetanse

Nav fylke/region og Nav-kontorene skal prioritere systematisk gjennomføring og utvikling av veilednings-, inkluderings-, arbeidsmarkeds- og forvaltningskompetanse i 2026, og dette arbeidet inngår som en del av virksomhetsplanleggingen.

Det skal gjøres konkrete vurderinger av kompetansebehov, slik at iverksatte kompetansetiltak gir bedre tjenester til bruker, pålitelig forvaltning og bidrar til at flere brukere får muligheter til en stabil tilknytning til arbeidslivet.

Læringsløpet «Innføring i forvaltningsrett og juridisk metode» videreføres med del 2 i 2026. Denne delen av læringsløpet omhandler utvalgte regler i forvaltningsretten. Gjennomføringen er obligatorisk for alle medarbeidere med brukerkontakt. Organiseringen med ressurs- og kontaktpersoner i tilknytning til innføringen videreføres i 2026.

Budsjetttildelinger

Tildelinger av driftsmidler og rammestyrte virkemidler til Nav fylke/region følger som egne vedlegg.

På Kap. 634 post 75, 76 og 77 er det avsatt midler under betegnelsen «ufordelte midler». Dette er sikkerhetsavsetninger for at Nav skal holde seg innenfor bevilgningen ved årets slutt.

Forberedelser til innføring av statlige regnskapsstandarder

Nav skal innføre de obligatoriske statlige regnskapsstandardene (SRS) fra 1. januar 2027.

Det skal i 2026 gjennomføres både telling og verdsetting av eiendeler. Dette vil kreve at enhetene har kapasitet til dette arbeidet. Det vil gjennomføres opplæring som vil kreve tid fra medarbeidere.

Gevinstrealisering

Arbeids- og tjenestelinjen skal realisere gevinster fra P4 i 2026. Fylkesvise krav til gevinstrealisering fremgår i vedlegg om driftsbudsjett.



Solund kommune
Postboks 73
6921 HARDBAKKE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Referat frå møte mellom statsforvaltar og ordførarane rundt Sognefjorden om marint vern - november 2025

Til stades av ordførarane:

Christian Sønstelien, ordførar i Årdal kommune
Roy Egil Stadheim, ordførar i Vik kommune
Geir Helge Østerbø, varaordførar i Høyanger kommune
Kjell Eide, ordførar i Hyllestad kommune
Stig Ove Ølmheim, ordførar i Sogndal kommune
Kjell Bøe Bjørgum, ordførar i Aurland kommune
Audun Mo, ordførar i Lærdal kommune
Gunn Åmdal Mongstad, ordførar frå Solund (med på Teams)
Ordførar Andreas W. Wiese frå Luster og May-Lynn Osland, ordførar i Gulen kommune, kunne ikkje delta, men referat vil bli sendt til alle.

Deltakande frå Statsforvaltaren i Vestland:

Liv Signe Navarsete, statsforvaltar
Aslaug Aalen, miljødirektør
Maria Knagenhjelm, seniorrådgjevar på miljøavdelinga
Kristine Hetlesæter, rådgjevar på miljøavdelinga (noterte til referat)

Tid og stad: Møterom Sognefjorden, Statens Hus, Leikanger. Klokka 11.00-13:15

Møtereferat:

Statsforvaltar Liv Signe Navarsete ønskte velkommen og kommenterte brevet Statsforvaltaren hadde motteke, som vart oppfatta som overraskande midt i prosessen. Det vart avklart at ordførarane ikkje ønskja eit eige svarbrev. Brevet vil då bli lagt ved i merknadsheftet til høyringa og kommentert på lik linje med andre innkomne brev.

Ordførarane forklarte at brevet vart skrive på bakgrunn av ei utfordring i Høyanger med utviding av kai i samband med overskot av kraftutbyggingsmassar. Dette var ei sak som skapte bekymring i



andre kommunar. Ordførarane uttrykte at dei ikkje har vrangvilje mot vern generelt, men er bekymra for konsekvensane for næringsutviklinga lokalt. Ingen til stades i møtet frå Statsforvaltaren kjente til at embetet hadde handsama ei sak om utfylling i Høyanger, ordførarane skulle sjekke kvar opplysningane om utfylling og koplinga til marint vern kom frå. Gjennom kommunikasjonen om det marine vernet frå Statsforvaltaren si side, har det vore understreka at vernegrensa vil bli trekt vekk frå kaier og hamner og eksisterande tilsvarende viktig infrastruktur. Brevet tok også opp ei uro for meir byråkrati og statleg styring. Statsforvaltaren rådde til at det vert etablert eit lokalt verneområdestyre (som i Loppa marine verneområde, samt slike vi har erfaring med i Jotunheimen, osb.). Dersom ordførarane ønsker slik lokal forvaltning, må dette spelast inn som ei "må-sak" i statsbudsjettet, då det krev politisk påverknad.

Aslaug Aalen heldt ei kort innleiing om økosystemets verdi, økosystemtenester og kommunane si sentrale rolle i å ta vare på naturen med eit langt tidsperspektiv. Ho viste til at fjorden slit med auka temperatur og nedgang i oksygen og fisk. Statsforvaltaren har snart hatt femti møte i verneprosessen. Det inkluderer alle referansegrupper, samt temamøte med akvakulturnæringa og fiskerinæringa. Statsforvaltaren legg vidare til grunn ein konstruktiv og faktabasert dialog i møte med ordførarane, jf. førre møtereferat.

Maria Knagenhjelm orienterte om at ordførarmøtet i dag var den siste milepålen i kunnskapsinnhentingsfasen. Høyringa vil innehalde eit forslag til verneforskrift, eit vernekart med alternative vernegrenser på enkelte fjordarmar, både i pdf og digitalt. I tillegg inkluderer høyringa eit merknadshefte med alle innkomne innspel, samt SF sine kommentarar til innspela.

Etter høyringa kan verneområdet bli mindre, men ikkje større, difor vil alltid eit høyringsframlegg vere ei «brutto-utgåve», men likevel mindre enn etter oppstartsmeldinga. Dei fleste tema i verneforskrifta vart gjennomgått i presentasjon under møtet, denne vert lagt ut [på denne lenkja på våre heimesider](#) saman med dette referatet. Spesifikke tema vart drøfta i forskrifta:

- Det må bli forbode å sleppe kloakk frå cruiseskip i Sognefjorden, dette må kome klart fram i forskrifta.
- Fleire av ordførarane meiner at lysfiske av brisling framleis er i konflikt med god økosystemforvaltning i fjorden. Statsforvaltaren viser til at ein får ikkje jobba med disse spørsmåla utan å ha med Fiskeridirektoratet.
- Konsekvensar for landbruk må kome godt nok fram i høyringsdokumentet.
- Lustrafjorden blir foreslått som referanseområde for akvakultur/havbruk. Då kan ein i framtida til dømes ikkje dyrke [tunikat](#).
- Sogndalsordføraren vart utfordra på spørsmål om opplag av skip i Vetlefjorden skal vere tillate. Han meinte vi kunne høyre forskrifta med forbod og opning for dispensasjon, slik at eit eventuelt framtidig verneområdestyre kunne ta stilling til dette i den enkelte sak.
- Det kom spørsmål om kvifor bru over Esefjorden blir foreslått som dispensasjonsheimel, men ikkje bru Mannheller- Fodnes eller i Ytre Sogn. Statsforvaltar tek innspellet vidare.

Også kartutsnitt frå dei viktigaste tettstadane langs fjorden vart synt fram, med tydeleggjering av areal avsett i kommuneplanane og kor Statsforvaltaren vil foreslå vernegrensa. Spesifikke innspel kom til vernekartarbeidet:



- Det bør vere meir rom til utviding av verftet i Bøfjorden for å kunne ha opning for flytedokk i framtida sidan det er mange bestillingar på skip framover. Vernekartet bør innskrenkast der.
- Det er ønskje om to vernekartalalternativ (ein raud og ein gul strek) også for Lærdalsøyri og for Årdalstangen, slik som for Fuglsetfjorden. Kanskje fleire stadar og?
- Sogndal har sett av areal ved Stedjeberget for å dumpe snø, det arealet bør ut av vernekartet. Sogndal ønskja også å få vurdert korleis Marheim i Fjærland kan bli realisert i lys av marint vern, anten ved å justere vernegrensa eller ved å leggje inn ein dispensasjonsheimel i forskrifta. Ordføraren såg for seg potensialet som Marheim eventuelt kan få som formidlingssenter for fjorden.
- Det er i høyringa kommunane kan spele inn både grensejusteringar og endringsframlegg i verneforskrifta.

Tidshorisonen vidare vart drøfta. Ordførarane understreka at det er ein stor fordel å få marint vern vidare i systemet innan inneverande periode (før nytt kommuneval) sidan det er så mykje kunnskap som no er opparbeidd i sitjande kommunestyre. Møtelyden tilrådde høringsfrist den 1. juli. Det legg føringar for at høyringa må ut så snart som råd på nyåret. Det er sett av tid til at Miljødirektoratet fagleg skal sjå gjennom utkastet før det blir lagt ut offentleg.

Ordførarane sa dei opplevde møtet som oppklarande, og uttrykte at det var nyttig å sitje rundt eit bord og drøfte. Alle til stades inviterte Statsforvaltaren til sine kommunar for å få orientering om marint vern når høyringa er ute, helst så snart som mogeleg. Sogndal inviterte konkret til kommunestyremøtet den 5. februar. Statsforvaltaren vil gjerne besøke kommunestyra for å informere om høyringa, men vil vente til verneforslaget ligg føre etter jul.

Aurland kommune spurte om nytteverdien av vernet sidan det alt er strenge føringar med både landskapsvern, verdsarv og PBL. Vernet er viktig for å sikre naturverdiane i Sognefjorden på lang sikt. Marint vern vil kunne gi tilgang på ekstra midlar også utanfor verdarvfjordane, og eit lokalt verneområdestyre. Statsforvaltaren lyttar til kommunane sine ønskjer for kvar verneområdegrensa skal trekkast nær tettstadane, slik at vernet kan balanserast mot behovet for framtidig utvikling. Samstundes vil ei vernegrense langt inne i ein fjordarm, potensielt utløyse meir verneområdemidlar til rydding av ureina fjordbotn.

Ved spørsmål om kva som skjer dersom ein kommune seier nei til vern, svara Statsforvaltaren at dei ikkje har eit klart svar. Statsforvaltaren tilrår eit marint vern slik oppdraget er, men det er ei lang veg opp med direktorat og departement før Kongen i statsråd gjer vedtak. Det kan vere mykje politikk som avgjer. Statsforvaltaren si rolle er å tilrå eit vern, basert på kunnskapsinnhentinga og dialogen med lokale myndigheiter og interesser.

Dersom ordførarane ønskjer eit nytt møte før Statsforvaltar sender tilrådinga for marint vern Sognefjorden kan vi gjere det hausten/vinteren 2026/27.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Verneforskrift Sognefjorden_utkast-til ordførarmøte nov 25

Kopi til:

Liv Signe Navarsete
Aslaug Aalen
Eline Orheim

Mottakerliste:

Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE

UTKAST TIL ORDFØRARMØTE DEN 5. NOVEMBER 2025

(ikkje enno fagleg vurdert av Miljødirektoratet, er derfor berre eit førebels utkast frå SFVL)

Forskrift om vern av Sognefjorden marine verneområde, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Sogndal, Vik, Høyanger, Hyllestad, Gulen og Solund kommunar i Vestland fylke

Heimel: Fastsett ved kgl.res. med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 39 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (Føremål)

Føremålet med det marine verneområdet er å verne den djupaste fjorden i verda, med særligne geologiske kvalitetar og biologisk mangfald som følgje av den store variasjonen i det undersjøiske landskapet.

Sognefjorden er Noregs lengste fjord og er representativ for norske fjordar, og inneheld unike kvalitetar. Av særlege verdiar kan nemnast at samfunn av djupvassarter førekjem uvanleg grunt i enkelte fjordarmar. Dei indre fjordarmene er representative for indre fjordområde med særleg tilpassa biomangfald, som til dømes lokale sildestammer og som økologisk funksjonsområde for ville anadrome laksefiskestammer. Grunne areal er spesielt verdifulle som karbonlager og som næringssøkområde for fugl. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking.

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

§ 2. (Geografisk avgrensing)

Grensene for det marine verneområdet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.20xx.

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på xx km². Verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der:

- a) Grensene er trekt utanom hamner og annan infrastruktur.
- b) Vernet grenser inntil Torsholmane naturreservat, Storholmen naturreservat, Vetlefjordøyra naturreservat, Bøyaøyri naturreservat, Fimreiteholmane naturreservat og Bleia naturreservat; det marine verneområdet har felles grense med disse naturreservata i sjø.
- c) Vernet overlappar med Nærøyfjorden landskapsvernområde, Stølsheimen landskapsvernområde og Bleia-Storebotn landskapsvernområde; avgrensinga femner om tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo).

- d) Ved eigedomane nemnt i fjerde ledd, der også heile eller delar av landarealet i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert.

Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen.

Det marine verneområdet omfattar følgjande gnr./bnr.:

- xx kommune:
- xx kommune:

§ 3. (Vernereglar)

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Følgjande vernereglar gjeld:

- a) Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, er verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet i sjø er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.
- c) Området er verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, opplag av skip, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn, utslepp av **lusemiddel frå brønnbåt** og andre konsentrerte tilførsler av ureining, utslepp av ureinsa ballastvatn, utnytting av mineralske ressursar, mudring, graving, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøying av vassmassar og ankring. Forsøpling er forbode.

§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- a. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, oljevern, rednings- og oppsynsverksemd (ikkje øvingsverksemd), samt gjennomføring av skjøtsel eller forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta.
- b. Å etablere mindre fartøysfeste for småbåt, medrekna fastfortøying og dragfortøying. Fortøyingsmiddel på faste fortøyingar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.
- c. Hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og anna gjeldande lovverk, med unntak for:
 - 1. skjellskraping og hausting av vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine planter.

2. bruk av reiskap som slepast under fisket og i den forbindelse kan røyre botn.
 3. fiske med andre reiskap som kan røyre botn i område som inneheld korallskog og som er **merket i vernekartet.**
- d. Plukking av skjell til privat bruk.
 - e. Tradisjonell låssetjing av fisk.
 - f. Søk og oppreinsking av tapte fiskereiskapar.
 - g. Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskloven.
 - h. Jakt og fangst i samsvar med andre lover og forskrifter.
 - i. Alminnelig ferdsel og bruk av fjøresona, inkludert friluftsliv, bålbrekking, undervisning og beiting.
 - j. Ferdsel med båt eller andre fartøy, og ankring mot land for småbåt.
 - k. Ankring i etablerte ankringsområde markert på vernekart.
 - l. Drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.
 - m. Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall.
 - n. Drift og vedlikehald av eksisterande akvakulturanlegg (**utan utslepp av brønnvatn**, MÅ AVKLARAST!).
 - o. Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vass- og avlaupsleidningar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust.
 - p. Dumping av masser til sjø i samband med naudsynt rydding av veg etter ras og skred.
 - q. Oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar som ikkje er i samsvar med verneføremålet.

§ 5. (Spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak for å trygge ferdsla til sjøs.
- b. Legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar.
- c. Oppgradering og fornying av sjøkablar som ikkje fell inn under § 4.
- d. Legging av nye kloakkleidningar og utslepp av reinska kloakk i samsvar med gjeldande lovverk.
- e. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv.
- f. Småbåtanlegg, flytebrygger og fortøyingar.
- g. Bølgjedemparar og moloar i samband med småbåtanlegg.
- h. Ankring av båt eller andre fartøy større enn 15 meter utenom etablerte ankringsområder.

- i. Tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkl. vassutskifting og straumforhold nemneverdig.
- j. Tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, som mudring framfor naust og båtopptrekk.
- k. Istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.
- l. Flytande solcelleanlegg eller varmevekslingsanlegg.
- m. Endringar som gjeld drift, teknologi eller posisjon for akvakulturanlegg med fortøyningar og som ikkje er i strid med verneføremålet.
- n. Akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet.
 - a. Med unntak for akvakultur i referanseområdet Lustrafjorden jamfør vernekartet
- o. Levandelagring av villfanga fisk inntil 12 veker.
- p. Uttak av framande, introduserte artar.
- q. Sprenging av blindgjengarar.
- r. Overvaking og vitskaplege undersøkingar.
- s. Dumping av snø i samsvar med gjeldande regelverk.
- t. Utslepp av lusemiddel frå brønnbåt.
- u. Opplag av skip i Vetlefjorden (?).
- v. Etablering av bru over Esefjorden (?)

§ 6. (Generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldlova § 48.

§ 7. (Skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstanden som er føremålet med vernet, i samsvar med naturmangfaldlova § 47.

§ 8. (Forvaltingsplan)

Forvaltingsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning og skjøtsel av det marine verneområdet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9. (Forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§10. (rådgjevande utval)

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltinga av verneområdet.

§ 11. (Iverksetjing)

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

UTKAST

Camilla Norum Røyrvik

Dato	16.10.2025
Vår referanse	2025/55411-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrun Espe
E-post	Sigrun.Espe@vlfk.no
Telefon	57638143

Representantskapsmøte i Kommunearkivordninga i Vestland 24.10.2025

Representantskapsmøtet i Kommunearkivordninga i Vestland vert halde 24. oktober kl. 12.00 på Teams. Alle valde representantar har fått kalenderinnkalling via Outlook.

Her kjem saksliste og saksdokument til sak om budsjett og økonomiplan. Dette er einaste vedtakssaka på dette møtet. I tillegg kjem orienteringar om forsøkskommuneordninga og nytt arkivbygg.

Med helsing

Sigrun Espe
leiar
KFO - Kommunearkiv*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Saksframlegg Sak 4 - Budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-29
- 2 Representantskapsmøte i Kommunearkivordninga i Vestland 24.10.2025

Mottakarliste

Margrethe Thune Trædal
Gjermund Flage
Petter Sortland
Camilla Norum Røyrvik
Kjell Bøe Bjørgum
Andreas Wollnick Wiese
Anders Felde
Jacob Nødseth
Leif Jarle Espedal
Bengt Solheim-Olsen
Audun Mo
Judith Kvåle
Sonja Øvre-Flo
Solveig Masdal Haugsvær

Christian Sønstlien
Martin Kramprud Lundgård
Anne Kristin Førde
Astrid Hove
Gunn Åmdal Mongstad
Marit Kvalen
Frank Willy Djuvik

Kopi til:

Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Kjetil Høgseth Felde

Arnt Ola Fidjestøl

Representantskapsmøte

Kommunearkivordninga i Vestland KO

Digitalt møte, fredag 24. oktober kl. 12.00-13.30

Saksliste

1. Oppstart, godkjenning av representantar

2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner innkalling og saksliste

3. Val av møteleiar, referent og to personar til å skrive under protokollen

Forslag til vedtak: Representantskapet vel Gunn Åmdal Mongstad som møteleiar, Sigrun Espe frå administrasjonen som referent og to representantar til å signere protokollen.

4. Budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-29

Sjå eige saksframlegg.

Orienteringssaker

5. Forsøkskommuneordninga

6. Nytt arkivbygg – status og orientering

Sak 4: Budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-29

Forslag til vedtak: Representantskapet vedtek budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029.

Saksframlegg:

Samandrag

Forslag til budsjett for 2026 er lagt ved. I dette dokumentet finn de også budsjett for 2025, estimert rekneskap for 2025 og budsjett for 2026 slik det var lagt fram i økonomiplanen som vart vedteke på representantskapsmøtet 11. november 2024. Økonomiplan for perioden 2027 til og med 2029 er også lagt ved.

Pengar som kjem inn frå medlemmane, altså kommunane i fylkeskommunen, går til å dekke løn og generelle driftskostnader:

Nøkkeltal drift:	
Bidrag frå medlemmane til drift av KAV	kr. 8 313 700
Inntektsføring driftsfond	kr. 423 100
Utgifter til løn (utanom prosjekt)	kr. 7 216 800
Driftskostnader	kr. 1 690 000

I tillegg til dette vil ein del av det kommunane betalar inn no gå direkte til husleige i nytt arkivbygg. Budsjettåret 2026 er det første året vi fakturerer for arkiv som er deponert i nytt arkivbygg på Leikanger. Budsjetttramma er difor større enn den har vore dei siste åra. Denne auka har vore inne i budsjettet fleire år tidlegare, men sidan vi ikkje fekk teke i bruk bygget før hausten 2025, så har vi vorte einige med fylkeskommunen som byggherre om å betale for bruk av huset frå 2026.

Vi må auke bemanninga vår for å kunne handtere det at vi går frå å ha ansvar for om lag 5 000 hyllemeter med papirarkiv i dag til over 15 000 hm når alle papirarkiva etter kvart kjem i depot. Samtidig er det eit stort behov for å styrke både kompetanse og tilbod på elektroniske arkiv for å kunne rådgje og sørge for sikker langtidslagring av det digitalt skapte frå kommunane. Vi aukar opp med eitt årsverk i 2026, men tilset i mellombels stilling slik at vi kan få testa kva det reelle behovet er på sikt.

Innsparing:

Det er pressa økonomi i kommunane. Det å samarbeide om arkivtenester, som kommunane gjer gjennom KAV, er i seg sjølv eit **innsparingstiltak**, men vi har i tillegg, på bestilling frå representantskapsmøtet i november 2025, sett på kvar vi kan spare inn.

Den største og viktigaste kostnaden for KAV er dei **tilsette**. I opphavleg økonomiplan låg det inne ei auke med tre årsverk i samband med nytt arkivbygg. Vi har redusert denne ramma, og vil bruke dei komande to åra på å teste ut kva det reelle behovet er, ikkje berre

med tanke på tal årsverk, men også med tanke på kva type kompetanse vi har størst behov for. Dette er grunnen til at vi har tilsett to personar i mellombelse stillingar og at vi omdisponerer eigne prosjektmedarbeidarar inn i drifta ved behov, for å sleppe å bemanne opp meir enn nødvendig. Frå 2027 ser vi føre oss å auke opp noko meir, men ikkje opp på det nivået som først var skissert.

Budsjetterte kostnader til løn for tilsette på drift i 2026 er i gjeldande økonomiplan sett til kr. 7 439 268, men i nytt forslag til budsjett for 2026 er denne redusert til kr. 6 793 700.

Vi håper å kome i gong med **forsøkskommuneordninga** i 2026. Dette vil mellom anna frigjere ein del månadsverk frå administrasjon som vi tenker nytte på anna vis. Vi håper også å kunne sjå andre effektiviseringsgevinstar på sikt.

Budsjettert overskot:

Sidan vi held tilbake på bemanningsauka, og sidan vi framleis har ein medarbeidar løna av driftsmidlar i 2026, så budsjetterer vi med eit overskot på kr. 300 000. Vi tek sikte på å nytte dette driftsoverskotet til nødvendige personalressursar i åra som kjem. Det kan til dømes vere aktuelt å forlenge med ein av dei vi har i mellombels stilling eller få inn ein prosjektmedarbeidar på elarkiv. Sidan dette ikkje er konkretisert meir legg vi det ikkje inn i budsjettet for 2026, men budsjetterer heller med eit overskot.

Utfyllande informasjon

Budsjett for 2026: Inntekter

Kommunane må betale meir for arkiv- og depottenester i 2026 på grunn av det nye arkivbygget. Dette har vi hatt dialog med alle kommunane om i fleire år.

Kvar kommune held fram med eksisterande **avtale**, altså eigartilskot eller kontingent og depotleige for disponibel plass på fylkeshuset. I tillegg får kvar kommune ein ny sum, som er kr. 600 per hyllemeter disponibel plass i nytt arkivbygg. Kr. 200 av desse går til drift av KAV, altså til å handsame arkiva i depot. Resten går til å dekke leigekostnader.

Vi justerer vanlegvis **eigartilskot** og **depotleige** i budsjettet i tråd med kommunal deflator. I år ser vi at vi har økonomisk handlingsrom til å kutte prisjusteringa, så summen på kontingent og eksisterande depotavtale vert vidareført på 2025-nivået.

Arbeidet vårt med prosjekt er skild ut frå vanleg drift fordi kommunane betalar for desse tenestene. **Inntekter til prosjekt** er midlar som kommunane betalar inn i samband med digitaliserings- og ordningsprosjekt. Kommunane betalar vanlegvis ein sum ved avtaleinngåing, ved oppstart av prosjekt og ein ved ferdigstilling. Summen som kjem inn på denne posten vert alltid sett opp mot utgifter på prosjekt og **prosjektfondet** vårt. Midlar frå prosjektfond dekker, saman med inntekter på prosjekt, stillingsressursar til digitaliserings- og ordningsarbeid. For 2026 er det budsjettert med 4,5 årsverk på digitalisering og ordning.

I budsjettet held vi fram med å bruke midlar frå **driftsfondet** til ekstra stillingsressurs, i tråd med plan for bruk av fondsmidlar.

Budsjett for 2026: Utgifter

Vi skal i 2026 dekke **lønn** over driftsbudsjettet til 7,5 årsverk. I tillegg dekker vi 60% av eit årsverk frå **driftsfondet** og 4,5 årsverk av **prosjektmidlar**. Av desse 13 personane er to tilsett mellombels, av grunnar skissert tidlegare.

Avsetjing til **prosjektfond** er avhengig av balansen mellom utgifter og inntekter på prosjekt i 2026.

Driftskostnader er for 2026 justert for å dekke ekstra kostnader med nytt arkivbygg. Dette gjeld mellom anna meir utstyr til arbeid i depot, og transport av arkiv mellom lokasjonar. I tillegg er både lisensar og kontingentar ei aukande utgift. Fleire kommunar er no i gong med å ta uttrekk frå system og sende desse til digitalt sikringsdepot gjennom KDRS, men det vil også sei at det kjem auke i kostnader på grunn av auka datamengd.

Vi set av noko ekstra midlar til både kursing og dekking av reisekostnader i 2026. **Kurs og kompetanseheving** vart nedprioritert i 2025 på grunn av det nye arkivbygget, og vi håper å kunne få tid til å prioritere dette litt meir i 2026. Vi har konkret sett på kompetansehevingstiltak på elarkivfeltet, og jobbar for å få på plass sertifisering. Vi kjem også til å prøve å samarbeide tettare med IKA Hordaland, som er depotinstitusjon for Hordalandskommunane, og legg opp til meir erfaringsutveksling på tvers.

Økonomiplan 2027-2029

I økonomiplanen har vi lagt inn ei **prisjustering** på 3% kvart år. Denne vert justert i tråd med kommunal deflator.

Vi har auka lønsramma med om lag kr. 300 000 frå 2027, og har budsjettert med å bruke driftsoverskotet frå 2026 til vidareføring av engasjement. Frå 2028 tek vi vekk dette engasjementet. Vi vil halde fram med å sjå etter innsparingstiltak, og vil evaluere og revurdere behova våre hyppig dei neste to åra.

Nøkkeltal årsverk - estimat	2025	2026	2027	2028
Årsverk drift, fast	6	6,5	7	7,5
Årsverk drift, mellombels	1	0,6	1	0
Årsverk prosjekt, fast	5	4,5	5	5,5
Årsverk prosjekt, mellombels	0	1	1	0
SUM	12	12,6	14,0	13

Vedlegg:

1. Budsjett for 2026 og økonomiplan 2027-2029

Budsjett for 2026 og økonomiplan 2027-2029 for Kommunearkivordninga i Vestland KO

	Budsjett 2025	Estimert rekneskap 2025	Budsjett 2026	Notar	Opphavleg budsjett 2026 (økonomiplan 2025-28)	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
INNTEKTER DRIFT								
Eigartilskot	3 298 500	3 723 049	3 668 000	1	3 397 420	3 778 040	3 891 381	4 008 123
Depot	3 132 800	2 966 911	2 492 400	2	2 695 918	2 567 172	2 644 187	2 723 513
Ny depotavtale	0		6 459 900	3	7 240 400	6 653 697	6 853 308	7 058 907
Ikkje-økonomiske bidrag frå Vestland fylkeskommune	1 853 800	1 540 000	1 601 600	4	1 909 414	1 649 648	1 699 137	1 750 112
Andre driftsinntekter	238 000	256 869	270 000	5	126 690	278 100	286 443	295 036
SUM inntekter drift	8 523 100	8 486 829	14 491 900		15 369 842	14 926 657	15 374 457	15 835 690
INNTEKTER PROSJEKT OG FOND								
Inntekter prosjekt	1000000	4 400 000	2 000 000	6	118 450	2 060 000	2 121 800	2 185 454
Inntektsføring prosjektfond	2 404 400	0	1 532 100	7	3 506 510	1 578 063	1 625 405	1 674 167
Inntektsføring driftsfond	1 101 300	1 101 330	423 100	8	1 134 370	517 897		0
SUM inntekter prosjekt og fond	4 505 700	5 501 330	3 955 200		4 759 330	4 155 960	3 747 205	3 859 621
SUM INNTEKTER TOTALT	13 028 800	13 988 159	18 447 100		20 129 172	19 082 617	19 121 662	19 695 311

UTGIFTER DRIFT								
Lønn	5 712 900	5 792 411	6 793 700	9	7 439 268	7 306 511	7 525 706	7 751 478
Driftutgifter, inkl. utgiftsført mva	1 332 400	1 632 864	1 690 000	10	1 700 000	1 740 700	1 792 921	1 846 709
Husleige nytt depot			4 106 600	11	4 826 933	4 229 798	4 356 692	4 487 393
Tenester til Vestland fylkeskommune, kompensert av ikkje-økonomiske bidrag	1 853 800	1 540 000	1 601 600	12	1 909 414	1 649 648	1 699 137	1 750 112
SUM utgifter drift	8 899 100	8 965 275	14 191 900		15 875 615	14 926 657	15 374 457	15 835 690
UTGIFTER PROSJEKT OG FOND								
Engasjement	725 300	590 000	423 100	13	747 046	517 897		0
Lønn prosjekt	3 384 400	2 600 566	3 432 100	14	3 485 910	3 535 063	3 641 115	3 750 348
Utgifter prosjekt	20 000	1 000	100 000	15	20600	103 000	106 090	109 273
Avsetjing til prosjektfond		1 798 434				0	0	0
SUM utgifter prosjekt og fond	4 129 700	4 990 000	3 955 200		4 253 556	4 155 960	3 747 205	3 859 621
SUM UTGIFTER TOTALT	13 028 800	13 955 275	18 147 100		20 129 172	19 082 617	19 121 662	19 695 311
RESULTAT	0	32 884	300 000		0	0	0	0

Notar:

1	Eigartilskot og depotleige vert ikkje prisjustert for 2026, men prisane er ikkje heilt dei same som 2025 på grunn av bortfall av ekstra depotleige for nokre kommunar i samband med nytt arkivbygg og ny avtale med VLFK.
2	som kontingent og ein mindre del som ikkje-økonomisk bidrag.
3	Sjå note 1
4	Prisen for nytt depot er den same som vi meldte om i 2021: kr. 600 per hyllemeter. Eventuelle endringar kvar kommune har fått frå opphavleg plan har kome grunna behovsendringar frå kommunane sjølve.
5	I ny samarbeidsavtale med VLFK har summene vorte justert og oppdatert, noko som betyr at summen av ikkje-økonomiske bidrag har gått noko ned medan eigartilskotet har gått noko opp. Grunnen til dette er at KAV ikkje lenger disponerer halve stillinga til seksjonssjefen ved seksjon arkiv som dagleg leiar.
6	Dette er lønsrefusjonar, inntektsføring av mva og inntekter i samband med arrangement som konferanse og kurs når vi tek imot betaling for kurshaldar, hotell og liknande frå kommunane.
7	KAV utfører ordnings- og digitaliseringsprosjekt på oppdrag frå kommunane. Inntektene til prosjekta kjem frå kommunane, og utgiftene er i all hovudsak løn og utstyr.
8	Faktura for prosjekt vert sendt på visse intervall. Alle inntekter vert sett på prosjektfond, og kvart år balanserer vi inntekter og utgifter på prosjekt slik at eit underskot vert dekkja av fond og eit overskot vert sett av på fond.
9	Vi brukar midlar frå driftsfondet for å finansiere ei mellombels stilling. Stillinga var opphavleg 100% i to år, men grunna eit samarbeid om personalressursar med eining for ikkje offentlege arkiv på seksjonen vår, er dette justert ned til ei 60%-stilling som går over lenger tid.
10	Dette er løn til leiar, 5 rådgjevarar og ein arkivmedarbeidar.
11	Dei største postane under driftskostnader er kontingentar i samband med digitalt depot, lisensar for ulike fagsystem og programvare, kursing og opplæring, reise, transport av arkiv og nødvendig utstyr og verktøy.
12	Husleige for nytt arkivbygg er kr. 400 per hyllemeter. Det vil sei at 2/3 av inntektene i samband med ny depotavtale går til leige av bygget.
13	Sjå note 4
14	Sjå note 8
15	I 2026 er planen å ha 4,5 årsverk til digitaliserings- og ordningsprosjekt. Det kan kome ei ekstra stilling i samband med ordning av fylkeskommunale arkiv, men denne vert i så fall dekkja inn med ei auke i prosjektinntektene.
16	Dette er i all hovudsak utstyr til digitalisering og ordning.



Saksframlegg

Arkiv: K1-141
ArkivsakID: 25/156
JournalpostID: 26/647
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 05.03.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
014/26	Formannskap	19.03.2026
014/26	Kommunestyre	26.03.2026

Sluttbehandling Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre vedtar Kommuneplanen sin samfunnsdel for Solund kommune 2026 - 2038 datert 05.03.26, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-15.
2. Planen vert offentleggjort i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, 2. ledd.

19.03.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-014/26 Vedtak i:

1. Solund kommunestyre vedtar Kommuneplanen sin samfunnsdel for Solund kommune 2026 - 2038 datert 05.03.26, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-15.
2. Planen vert offentleggjort i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, 2. ledd.

Vedlegg i saka:

05.03.2026 Framlegg til sluttbehandling 2026_ KPS Samfunnsdel Solund 05.03.26
Innspeil til høyring samfunnsdel 2026_05.03.26

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Plan og bygningsloven: [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) - Lovdata](#)

Planprogram kommuneplanen sin samfunnsdel Solund kommune 2024 – 2036: [Vedtak av planprogram for revisjon av samfunnsdelen](#)

Sak 2025/156 Kommuneplanen samfunnsdel Solund 2026 - 2038: [Søk og postliste - Solund kommune](#)

K.sak 059/25: [Vedtak om høyring på Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038](#)

Høyringsbrev: [Høyring av utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Solund 2026-2038](#)

Kva saka gjeld:

Politisk vedtak av nytt politisk styringsdokument - kommuneplanen sin samfunnsdel for perioden 2026 - 2038.

Saksutgreiing

Bakgrunn

Kommunen skal ha ein kommuneplan som omfatter samfunnsdel og arealdel. Dette er heimla i plan -og bygningslova. Kommunestyret i Solund vedtok 6. november 2025 (k.sak 059/25) å sende høyringsutkast til kommuneplanen sin samfunndel ut på offentlig ettersyn. Planen har vore annonsert på vanleg måte i lokalavis og på heimesida. Høyringa har også blitt send ut til regionale og sektormynde, og nabokommunar. Lokalt har høyringa blant anna vore send ut til lag og organisasjonar, Fjordane friluftsråd, Fjordkysten regional- og geopark, Solund næringssamskipnad, og Visit fjordkysten og Sunnfjord. Samfunnsdelen har vore på høyring og alle privatpersonar, verksemder, offentlege instansar, lag og råd har kunne kome med uttale til planforslaget. Det vert elles vist til sak 059/25 for meir informasjon om organisering og medverknad i prosessen.

Høyring

Det er kome inn totalt 11 innspel, derav 3 lokale og 8 frå myndigheiter. Uttalane er omtala kort i sakutgreiinga under. Dei er handsama i vedlagt innspelsdokument. I dette dokumentet finn ein også lenke til innsyn til alle innspela.

Lokale innspel:

- *Rune Steinsund* peikar på meir medverknad i samfunnsplanprosessen og samhandling mellom bygdene og kommunen. Det vert vidare peika på utbetring av veg og nye vegprosjekt, og i tillegg infrastruktur generelt for å sikre eit større bu- og arbeidsområde. Innsender nemner også kortreist og gjenbruk i vid forstand, frå massar til planar. Det er også eit konkret innspel om tekstendring frå hamnesentrum til Regulering av sentrum på Hardbakke.
- *Terje Drengenes* peikar på behovet for tidleg involvering og dialog i planprosessar, likebehandling, at dei som kontaktar kommunen må få tilbakemelding, og behov for forenkling og billegare søknadsprosessar ved utbygging.
- *Pensjonistforbundet i Solund* syner til ein rapport laga av Huseigarane og Pensjonistforbundet i 2018 og 2023. Pensjonistforbundet i Solund meiner denne er representativt også for eldre i Solund. Dei omtalar behovet for tilrettelegge for at eldre kan bu lengst mogeleg i eigen bustad, og at det er viktig med overnattingsplass, å eige framfor å leige bsuatd og å bu nær familien. Rutetilbod ut i bygdene vert trekt fram som viktig. Det vert også peika på eit behov for hjelp til praktiske gjeremål.

Innspel frå myndigheiter:

Desse er berre kort og overordna omtala i dette saksdokumentet. Det kan ikkje gjevast motsegn på ein samfunnsplan, i samsvar med plan- og bygningslova, innspela er difor berre faglege råd.

- *NGIR* orienterer om at nye krav vil gjere tenestene dyrare. Dei er oppteken av trafikktryggleik der boss vert samla. Dei er positive til å samarbeide om informasjon om deira arbeidsfelt.
- *Statens vegvesen* er generelt sett oppteken av mobilitet og ynskjer dette tydelegare omtala, og trekker fram mjuke trafikkantar spesielt. Dei meiner også at trafikktryggleiksplanen bør implementerast i samfunnsdelen.
- *Mattilsynet* meiner at drikkevassforsyning er eit så viktig omsyn at det bør nemnast konkret i planen.
- *Direktoratet for mineralforvaltning [..]* er oppteken av at kommunen må kartlegge massebehov, og sikre og forvalte mineralressursar.
- *Norges vassdrags- og energidirektorat* saknar omtale av farekartlegging av skred og flaum, og arealstrategi, i tillegg til at dei har ei rekke råd. Dei oppmodar om at kommunane vurderer korleis kommunalt planarbeid kan legge til rette for fornybar kraftproduksjon, bruk av overskotsvarme og reduksjon av energi i bygg.
- *Vestland fylkeskommune* har ei rekke faglege tilrådingar, og ein del forslag til konkrete strategiar. Fylkeskommunen saknar arealstrategi og er oppteken av ei god kopling mellom samfunnsdel og bygdevekst. Det vert også oppmoda om tydelegare målsettingar på tema som klima, kultur, helse og oppvekst. Solund kommune får ros for å ha eit oppdatert planverk.
- *Kystverket* nemner erfaringar med at det kan oppstå konflikt om ein kombinerer bustad med hamn i same område. Det vert også trekt fram behov for ei hamner og det vert minna om at ein må sjå sjøtransport og sjøareal i samanheng med eksisterande, og framtidige nærings- og industriareal.
- *Statsforvaltaren i Vestland* viser til fråsegna til planprogrammet, og støttar opp om fråsegna til Vestland fylkeskommune. Statsforvaltaren saknar ein tydeleg arealstrategi, målsettingar på natur, miljø og klima, og omtale av medverknad frå barn og unge i planprosessen. I tillegg vert jordbruk og bustadsosiale omsyn omtala. Nokre tema vert omtale med forventningar at desse vert fulgt opp slik det står i planen. Dette gjeld folkehelse, barn og unge, aldersvenleg samfunn, og kompetanse og rekrutering.

Handsaming av innspel

Handsaminga kjem fram i vedlagt innspelsdokument. Dette dokumentet syner kven som har sendt inn innspel og inkluderer lenke til innspelet i Innsyn. Under kvart innspel finn ein kva tema som er omtala, eit utdrag frå innsendt dokument, ei vurdering, eventuelle merknader, og konklusjonen. Vurdering består i om det er relevant for planprosessen, om det er i samsvar med vedtekte planprogram (dei lokale rammene for planarbeidet) og eventuelle andre vurderingar. I kolonna for konklusjon ser ein om innspelet er teke til orientering/ ikkje gjort endringar (raud farge), om det høyrer heime i andre prosessar (oransje farge), eller om det er gjort endringar i plandokumentet basert på innspelet (grøn farge).

Det er gjort få endringar i planen, då det er lagt vekt på føringane i planstrategi om blant anna at dette skal vere ein plan for Solund sine behov, og at det skal gjerast *justeringar* og ein *liten revisjon* i samfunnsdelen frå 2020 - 2030. Det er likevel mange innspel som er vurdert som relevant for andre prosessar, som til dømes arealplanlegging, byggesak, temaplanar og kommunedelplanar.

Endringane som er foreslått er vist med spor endringar i vedlagt plandokument, og er:

- Tilføyning av målsettingar på landbruk og kulturmiljø i overordna del - Solund 2038
- Tilføyning av eksisterande målsettingar frå temaplanane for klima, energi og naturmanfald, og trafikktryggleik i overordna del - Solund 2038
- Drikkevassforsyning er spesifikt nemnt under prinsippet tryggleik.
- Entreprenørskap er nemnt spesifikt under måltema næringsliv.

Vurdering:

Kommunedirektøren vil peike på at det er mange tema den nye samfunnsdelen tek opp som vil styre framtida til Solund kommune. Det er kommunestyret som vedtek samfunnsdelen og som eig oppfølginga av planen. Samfunnsdelen skal vere styringsverktøy for kommunestyret. Kommunen har og eit ansvar for at viktige nasjonale og regionale interesser vert ivaretekne. Samfunnsdelen skal vise dei lange linjene for utviklinga i kommunen.

Det vert vurdert slik at plandokumentet som ligg vedlagt saka er i samsvar med krava i plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova (PBL) slår fast at det er kommunen som er planmynde i kommunen. I arbeidet er det er lagt vekt på å planlegge i samsvar med behova til Solund kommune, jamfør formålsparagrafen i PBL (§ 1 -1). Planprogrammet for revisjonen presiserer at det skal vere ei justering og ein liten revisjon, så det er dette som er lagt til grunn for arbeidet i administrasjonen. I planprogrammet er det lagt opp til ein omfattande medverknad i prosessen. Det er svært arbeidskrevjande å drive administrative medverknadsprosessar, fordi det krev mykje i planlegging og det krev endå meir i bearbeiding av innspela i etterkant. Dette har difor ikkje lukkast å gjennomføre av kapasitetsmessige årsaker. Kommunedirektøren vurderer dette som uproblematisk, då revisjonen skulle vere ei justering og ein liten revisjon, og det har i tillegg vore invitert breitt og direkte til aktørar i høyringa, og viktige aktørar vart involvert tidleg i prosessen.

Samfunnsdelen i seg sjølv har ingen økonomiske konsekvensar. Koplinga til samfunnsdelen og økonomiplan/handlingsdel er viktig. I administrasjonen skal alle ha kunnskap om, og praktisera at samfunnsdelen er det viktigaste politiske styringsdokumentet i kommunen vår framover. Det er eit administrativt ynskje å slå saman økonomi- og handlingsplan i neste revisjon av økonomiplan og budsjett (prosess for 2027).

Kommunedirektøren meiner at kommuneplanen sin samfunnsdel no kan vedtakast med dei endringar som er gjort etter at planen har vore på offentleg ettersyn. Endringane som er gjort er så små at det er ikkje naudsynt med ein ny høyringsperiode. Det er ingen som kan påklage eller ha motsegn mot kommuneplanen sin samfunnsdel som no vert vedteke. Kommunedirektøren meiner at kommuneplanen sin samfunnsdel vert eit godt styringsverktøy for Solund kommune framover.

Vi skaper framtida i lag

Kommuneplanen Samfunnsdel Solund 2026 - 2038

Vedteken i k.sak. XX

Lågøystolane

Foto: Kayak the fjords/ Sverre Hjørnevik

Helsing frå ordføraren

UTKAST

Innhald

HELING FRÅ ORDFØRAREN	2
INNHALD.....	3
1 I SOLUND SKAPER VI FRAMTIDA I LAG	4
EIN PLAN FOR FRAMTIDA	4
FRAMTIDA TUFTAR VI PÅ DET VI HAR	4
UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR VI MÅ TA OMSYN TIL.....	5
2 SOLUND OM 12 ÅR, EIT SAMFUNN Å HØYRE TIL OG BIDRA I	6
BEREKRAFT, TRYGGLEIK OG INKLUDERING SOM KJENNETEIKN PÅ SOLUND.....	8
3 PRIORITERINGAR FOR SKAPE SAMFUNNET VI VIL HA I 2038.....	9
VARIERTE BUSTADTILBOD OG GODE BUKVALITETAR.....	10
LIVSKRAFTIG NÆRINGSLIV I SOLUND.....	12
SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR FOR FRAMTIDA	14
KULTUR, IDRETT, FRILUFTSLIV OG FRIVILLIGHEIT FOR FELLESSKAP, ENGASJEMENT OG LIVSKVALITET.....	15
ARBEIDSMÅTAR I EI NY TID	16
4 VEDLEGG.....	17
OVERSIKT OVER MÅL OG SATSINGAR I PLANEN	18
OM PLANEN.....	19

1 I Solund skaper vi framtida i lag

Ein plan for framtida

Samfunnsplanen skal vise vegen og prioriteringane for utviklinga av Solundsamfunnet, både i eit kortsiktig og langsiktig perspektiv. Planen skal vere Solund sin felles overordna plan som tek omsyn til status i Solund og elles i verda. Samfunnsplanen gjeld både for Solund som samfunn og kommunen som organisasjon, og set retning for korleis vi ynskjer å skape framtida i lag.

Planen skal bidra til å gjere avklaringar for framtida i Solund, og legge til rette for at vi saman kan skape det samfunnet vi vil ha i Solund. Eit viktig mål med samfunnsdelen er å sikre tydelege prioriteringar, som tek omsyn dei nye utfordringane og mogelegheitene som vi står ovanfor.

Samfunnsdelen bygger i hovudsak på tidlegare plandokument og har vore drøfta i arbeidsverkstader i 2024 og 2025. av det skulle gjerast ei mindre rullering av samfunnsdelen i prosessen 2024/25. Ein heil del av planen står seg, men nokre endringar er også behov for med bakgrunn i endra utfordrings- og mogelegheitsbilde, nye føringar og for å ta ut det som er gjennomført.

Framtida tuftar vi på det vi har

I arbeidet med samfunnsdelen som vart vedteken i 2020 vart innbyggjarane spurt om kva som er dei lokale kvalitetane i Solund. Mange nemner natur, tryggleik og fridom, mens andre legg vekt på at vi har gode tenester, nettverk og mange varierte tilbod. Det blir også sagt at i Solund er det lov å prøve seg, rom for å vere seg sjølv, og du kan gjere ein forskjell. I tillegg vert skaparkraft, handlingsorientering og sterk identitet trekt fram.

I arbeidsverkstad med kommunestyret og administrasjon i 2024 vart det peika på ei rekkje mogelegheiter i Solundsamfunnet:

- Skaparkrafta og samarbeidskulturen i Solundsamfunnet.
- Kort veg mellom samfunnsaktørar, og rask reaksjonsevne.
- Solund har stor deltaking i frivilligarbeid.
- Grøn omstilling knytt til marine næringar (fiskeri, havbruk, verftsindustri, sjøfart).
- Det er stor aktivitet i samfunnet og mange prosjekt på agendane, både kommunale og ikkje-kommunale.
- I større grad synleggjere alt det som skjer.
- Finne ny måtar å jobbe på.
- Satse på lokal arbeidskraft.
- Forvaltning av Solund på ein balansert berekraftig måte.
- Naturgjevne ressursar.
- Endring i lokal og regional samferdsel.
- Strategisk plassering ved sjøen og hovudleiar som gjev potensiale for ny verksemd.



Utsikt frå Ramnenipa. Foto: Solund kommune - Kristine Holm.

Utviklingstrekk og utfordringar vi må ta omsyn til

- **Nedgang i folketal og fallande barnetal** er dei største utfordringane, blant anna grunna trenda med sentralisering. Konsekvensane av dette er blant anna utfordringar med:
 - **Rekruttering** og det å behalde arbeidskraft. Dette krev målretta innsats for å sikre attraktive arbeidsplassar, god kompetanseutvikling og eit inkluderande arbeidsmiljø.
 - **Fleire eldre og færre unge** gjer at omsorgsbyrden aukar på dei som er i arbeidsfør alder og dette krev endring i dei kommunale tenestene og nye samarbeidsmetodar. Situasjonen byr på fleire moglegheiter og utfordringar enn ein har sett til no.
 - Kommunen sine inntekter vert påverka av demografi og havbruksinntekter. Dette vil få konsekvensar for **tenestetilbodet** som Solund kommune kan tilby i framtida.
 - Manglande breidde i arbeidsmarknaden kan føre til at unge kvinner har ein større tendens til å flytte frå heimstaden enn unge menn.
- **Aukande mangfald** kan vere ei positiv kraft, men stiller krav til høgt fokus på mellom anna god inkludering. Solund skal merkje seg ut med ein open felles kultur for inkludering.
- **Aukande krav til mobilitet i samfunnet** gjer at Solund må arbeide strategisk for å sikre båt, og ferjeruter. Dette kan bidra til å sikre eit konkurransedyktig næringsliv i Solund og fleksibilitet i høve kvar ein bur og jobbar. Samtidig er **samferdsla i Solund i endring** med at det kjem ny bru over Ytre Steinsund og at ny ekspressbåstogg på Hardbakke er i prosess. Dei lokale båtrutene og bussruter blir endra.
- **Liten kommune i møte med storsamfunnet** og mange nasjonale krav. Krevjande å få forståing for "smådriftsfordelar".
- Ein usikker geopolitisk situasjon som stiller nye krav til **den lokale beredskapen**.
- **Klimaendringane** er tydlegare og gjer at det må rettast merksemd både mot konsekvensar som utsleppsreduksjon og tilpassing til meir ekstremvær i all planlegging. Klimaendringane får **konsekvensar for næringslivet** som direkte og indirekte er basert på naturressursane i Solund.
- **Naturmangfaldet** under press og krev auka medvit og ansvar for særskilde naturtypar i vår kommune.
- Sterke nasjonale føringar for bruk av sjøen og strandsona.
- **For lite tilgjengeleg effekt på straumnett** er ein viktig føresetnad for samfunnsutviklinga og beredskapen, og krev ei heilskapleg tilnærming som tek omsyn til både miljø, økonomi og framtidige behov.

Meir om status og utfordringar for Solund kommune er å finne i kunnskapsgrunnlaga som ligg på Solund kommune si nettside.



Landskap i Solund
Foto: Solund kommune
- Kristine Holm.

2 Solund om 12 år, eit samfunn å høyre til og bidra i

Som alle kommunar, står Solund framfor komplekse utfordringar kring arbeidskraft og kompetansebehov, nedgang i folketal og demografiendringar. Samtidig vert dei økonomiske rammene strammare. Denne utviklinga utfordrar kommunen si evne til å sikre at innbyggjarane og lokalsamfunnet får dekkja naudsynte behov og vert sikra nødvendig handlingsrom, utan at det går ut over kommande generasjonar. Det må tenkast nytt om korleis vi utviklar velferdssamfunnet og kva som skal vere kommunen si rolle i samfunnsutviklinga. I Solund trur vi at velferdssamfunnet må utviklast i samarbeid mellom innbyggjarar, samfunnsaktørar og kommuneorganisasjonen.

For å arbeide målretta med utfordringane må vi ha eit bilde av korleis vi ynskjer å ha det framtida - *Solund 2038*.

- næringsdrivande og tilflyttarar etablerer seg permanent i Solund fordi dei kjenner seg velkomne og opplever at det er enkelt.
- eit variert og framtidsretta næringsliv som baserer seg på Solund si plassering og grunnleggande ressursar i natur og folk.
- eit variert bustadtilbod med god kvalitet og trygge bustadmiljø, der kultur-, idretts- og organisasjonsliv skaper aktivitet, fellesopplevingar og identitet.
- barn og unge som har trygge, likeverdige og utviklande oppvekstvilkår i ein kommune som verdset kunnskap, ferdigheiter og mangfald.
- eit livsløpsvennleg samfunn der alle kan bidra, delta og meistre livet lenger, ha tryggleik for å få hjelp når dei treng det, og det er lagt til rette for at pårørande og frivillige kan hjelpe.
- eit samfunn som legg til rette for å bygge og behalde god helserelatert åtferd.
- eit samfunn med sosial likskap, som omfamnar mangfald og bidrar til likestilling.
- innbyggjarar, besøkande og næringsliv som kjenner mogelegheitene, deltek i aktivitetar, og skapar aktivitet, fordi dei ynskjer å bidra positivt for seg sjølv og andre.
- innbyggjarar, besøkande og næringsliv som brukar naturen aktivt på ein berekraftig måte.
- infrastruktur som gjer det enklare med aktiv deltaking i eit regionalt bu-, arbeids og serviceområde, og færre barrierar for dei som arbeider og nyttar seg av utdannings-, kultur og fritidstilbod.
- ein effektiv kommunal organisasjon med motiverte, kvalifiserte og omstillingsdyktige medarbeidarar som trivast, og som tek i bruk moglegheitene som kjem med digitalisering, og er ein pådrivar i utviklingsarbeid.
- beredskap i samfunnet som i samhandling med andre er i stand til å handtere dei hendingar og krisesituasjonar som kan inntreffe.
- tenester som er nær innbyggjarane, og som vert løyst lokalt når det er mogleg.
- vere i forkant for å sikre/ha relevant forskningsbasert kompetanse for å sikre høg tenestekvalitet i alle ledd



Solund fest. Foto: Solund kommune – Kristine Holm.

- eit landbruk som er aktivt, berekraftig og del av beredskapen, der matjord vert halde i hevd
- eit lokalsamfunn som tek vare på og vidareutviklar kulturminne og kulturmiljø gjennom godt samarbeid og aktiv bruk av kulturarven som ressurs for identitet, læring og utvikling

Målsettingar frå Solund kommune sin vedtekne planar:

- Ingen drepne eller alvorleg skada i trafikken i Solund (Trafikktryggleiksplanen)
- Solund representerer eit miljømessig og sosialt berekraftig samfunn, gjennom kunnskap, tverrfagleg samarbeid og handling (Klima, energi og naturmangfaldsplanen)

UTKAST

Berekraft, tryggleik og inkludering som kjenneteikn på Solund

For å bidra til å styre mot *Solund 2038* gjennom den daglege aktiviteten i Solund har det blitt peika ut nokre prinsipp. Desse prinsippa skal så langt som mogeleg kjenneteikne det som skjer i Solund, frå planlegging, til prosjekt og dagleg drift. Dette er store tema som krev breitt samarbeid for alle prinsippa.

Solund skal ha legge prinsippa om berekraft, tryggleik og inkludering til grunn i planlegging, drift og utvikling.

Berekraft omfattar å arbeide for FN sine berekraftsmål i ein Solund-samanheng. Berekraft er definert som arbeid for å bidra til å nå berekraftsmåla nummer 2, 3, 4, 8, 9, 10, 11, 16 og 17 (sjå nedanfor). Arbeidet vert gjort gjennom arbeidet med prioriteringane (kapittel 3). Dei måla som er prioritert å jobbe med er synleggjort fleire stader i planen ved bruken av symbola for dei respektive berekraftsmåla.



Synleggjering av dei berekraftsmåla som er fokusert på gjennom arbeidet med prioriteringane til Solund kommune.



Tryggleik handlar primært om liv og helse til menneske, sekundært andre verdiar. I dette ligg behovet for ein totalberedskap i samfunnet med stor breidde av aktørar, frå kommunar og naudetatar til næringsliv og frivilligheit. Aktørar som er budde i møte med meir og mindre overraskande og uventa hendingar, både sivile, militære, naturgjevne og menneskeskapte. Tryggleik er tematisk omfattande, og tilgang til reint drikkevatt er ein heilt grunnleggande kvalitet for eit samfunn.

Stortingsmelding 9 (2024-2025).
Totalberedskapsmeldingen - Forberedt på kriser og krig.

Inkludering er å invitere menneske med i eit fellesskap, og å sørge for at dei kan delta.



3 Prioriteringar for skape samfunnet vi vil ha i 2038

Solund kommune har peika på fem område som krev særskilt fokus i perioden 2026 – 2028. Desse er:

- Varierte bustadtilbod og gode bukvalitetar
- Livskraftig næringsliv i Solund
- Samferdsel og infrastruktur for framtida
- Kultur, idrett, friluftsliv og frivilligheit for fellesskap, engasjement og livskvalitet
- Arbeidsmåtar i ei ny tid



Alle desse områda krev samarbeid på tvers av tema og samfunnsaktørar for å nå målsettingane. Innanfor kvart av desse fem områda har ein peika ut nokre særskilde satsingar:

- Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet – Regulering av sentrum på Hardbakke
- Realisere fleire bustader
- Styrke næringsutvikling og jobbmarknad
- Førebu nytt trafikkmonster internt i kommunen
- Solund i samspel
- Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling i ei ny tid

Desse satsingane er bidrag til fleire av områda, og er plassert under den mest relevante områda. Satsingane er ikkje prioriteringar i seg sjølv, men større oppgåver som krev mykje av administrasjonen. Områda er overordna satsingane og skal jobbast med i perioden 2026 – 2028.

Varierte bustadtilbod og gode bukvalitetar

Målet er at Solund skal ha eit variert og framtidsretta bustadtilbod med gode bukvalitetar for alle aldrar og livssituasjonar, og styrke eksisterande grender og knutepunkt som attraktive buområde



Bukvalitetar handlar om bustader, tenester, kvalitetar, tilbod, omdøme, identitet og kultur. Bukvalitetar er ein vesentleg føresetnad for trivsel i lokalsamfunnet i Solund, der aktivitet og transport i Solund tradisjonelt har vore knytt til sjøen. Bustadtilbodet omfattar ulike alternativ for å bu, frå ulike typar bustader til ulike buformer.

Storparten av befolkninga bur i einebustader og mange kan ha ynskje om å flytte til meir lettstelte leilegheiter med livsløpsstandard når dei vert eldre. Slik kan det bli mogleg for barnefamiliar å kjøpe einebustader. Meir lettstelte bustader til den eldre delen av befolkninga gjer det også enklare å tilby heimetenester slik at fleire kan klare seg sjølv lenger. Samstundes er bustadmassen i Solund homogen med svært høg grad av eine- og tomannsbustader. Det er mange bustader som er omgjort til fritidsbustader i Solund. Dette inkluderer også gardsbruk som vert nytta som fritidsbustad, og er i større og mindre grad ikkje i aktiv drift. Bustadmarknaden i Solund fungerer framleis ikkje godt nok, og nybygging medfører økonomisk tap. I tillegg medfører låg verdi på bustader til at dei som er innehavar av både primær- og sekundærbustad, vel å ha sekundærbustad i Solund av skattemessige årsaker, og det difor er mange som eig i Solund utan å bu her. Det er underskot på bustader i kommunesenteret, delvis grunna at det er mange fritidsbustader i kommunesenteret, men og i bygdene elles.

Solund har ein desentralisert busetnad med mange mindre, men levande bygder ulike stader i kommunen. Det er etterspurt tilgjengeleg og attraktive areal i form av bustader og tomter, primært nær sjøen, for dei som ynskjer å busette seg i kommunen. Det er etterspurnad etter ulike bustadformer, både kollektiv, mikrohus, leilegheiter, einebustader og gardsbruk.

Arbeidet skal bidra til målsettingane for *Solund 2038*, blant anna ved å bidra til at tilflyttarar og næringsdrivande kjenner seg velkomne, bidra til eit variert bustadtilbod, livsløpsvenleg samfunn, og at aktørane deltek og bidreg til aktivitet i samfunnet.

Solund vil stimulere til auka bustadbygging/rehabilitering av bustader ved meir offentleg-privat samarbeid, og ved bruk av Husbankmidlar og andre aktuelle løysingar. Eit av Solund kommune sine viktigaste verkemiddel på område har i lang tid vore Solund bustadstifting. Det vert arbeida med å sjå på vidare form og rolle for bustadstiftinga då stiftingslova for tida gjev kommunane større handlingsrom kring nedlegging av kommunale bustadstiftingar. Det er viktig at det gode arbeidet bustadstiftinga har gjort vert ivareteke også i ei eventuell framtidig organisering av bustadarbeidet i Solund kommune. Det skal prioriterast aktiv informasjon om tomter og bustadtilbod. Nye bustadformer og fortetting vurderast der dette er naturleg. For å utvikle bygdene treng ein tett dialog med innbyggjarar, t.d. gjennom bygdelag. Strengare handheving av bu- og driveplikt på gardsbruk kan auke tilgangen til bustader på gardsbruk. Utviklinga i Solund med ny bru, ny skule og ekspressbåtstopp på Hardbakke må nyttast til å samle Solundsamfunnet og generere auka merksemd og utvikling. Sjå handlingsprogrammet for meir detaljar.

Satsing:**Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet – Regulering av sentrum på Hardbakke**

Arbeidet skal føre fram til ein heilskapleg strategi for å utvikle attraktivt hamnesentrum med auka integrasjon i ein regional bu- og arbeidsmarknad. Strategien skal ta opp tema som betre samferdsel, forbetra integrasjon mellom tettstad og grender, bustadbygging og auka aktivitet. I arbeidet med å styrke tettstadsfunksjonaliteten kan ein mellom anna sjå på korleis ein betre kan utnytte allereie bygde areal. Arbeidet skal følgje opp strategien med konkrete tiltak for å styrke det lokale arbeidet med temaa. Lokalisering av ekspressbåtstopp skal avklarast og regulerast. I tillegg skal området i indre hamn regulerast, og arbeidet skal legge til rette for auka aktivitet i Solund kommune. Planarbeidet skal mellom anna sikre ekspressbåthamn, bustadfortetting, reiselivsnæringa, betre gangsamband, betre tilkomst til dagens hamn, betre kapasitet i gjestehamn og servicebygg. Kommunen vil arbeide for at planen legg til rette for god kvalitet i tettstadsutviklinga og vil følgje opp med strategiske grunnkjøp viss mogleg.



Hardbakke. Foto: Solund kommune – Kristine Holm.

Satsing**Realisere fleire bustader**

Satsinga omfattar å planlegge og gjennomføre bustadprosjekt. Lokale, regionale og nasjonale aktørar skal samarbeide om å utforske moglegheiter for transformasjon, oppgradering eller gjenbruk av eksisterande bustadmasse, fortetting, nye bustadkonsept og utnytting av eksisterande verkemiddel som bidreg til fleire eigna bustadar i kommunen. Arbeidet skal fremje gode bustadmiljø og stadkvalitetar, samarbeid mellom offentlege og private aktørar, og bidra til å styrke heilskapleg bustadplanlegging i kommunane. Det skal kartleggast ulike målgrupper for ei bustadutvikling, etablerast ei organisering av bustadarbeidet, auke kompetansen på feltet og utarbeidast eit bustadprogram som peikar ut den vidare vegen på området.

Livskraftig næringsliv i Solund

Målet er at Solund skal utvikle eit mangfaldig og berekraftig næringsliv med fleire arbeidsplassar, og vere ein attraktiv kommune for rekruttering og utvikling av lokal kompetanse



Livskraftig næringsliv i Solund omfattar arbeid med næringsutvikling i eit breitt perspektiv med varierte arbeidsplassar, legge til rette for utvikling av eksisterande og ny næring, sikre arbeidskraft, inkluderande arbeidsliv, samarbeid, kompetanse, sikre at unge får prøve seg i arbeid, saman med å sikre næringsareal. Måltemaet gjeld både offentleg og privat sektor.

Næringslivet i Solund er i stor grad knytt direkte eller indirekte til sjøen, og då spesielt fiskeri og havbruk. I tillegg kjem bedrifter som driv service for sjørelaterte næringar, som til dømes verft, handverkarar og notbøteri. Servicenæringar som til dømes transport og handel sysselsett ein del, saman med til kulturfeltet. Landbruksdrift er for mange ein del av mangesysleriet, og det finnst over 2000 sau i Solund. Reiseliv er også ein del av arbeidskvardagen til mange og næringa bidreg til å støtte opp om funksjonar og tilbod for dei fastbuande. Mykje av næringslivet i Solund er sårbart med omsyn til klimaendringane og konsekvensane dette kan medføre. Solund kommune er den største arbeidsgjeveren i kommunen.

Det er behov for å tenkje breitt for å vidareutvikle næringslivet i Solund. Samferdsel og infrastruktur er ei eiga prioritering, men er og viktig for næringslivet. Det er behov for å tenkje vidt og alternativt kring rekruttering og å behalde arbeidskraft. Dialog med næringa synleggjer behov for næringsareal og at næringar ynskjer å samle seg. Det er konkrete behov knytt til felles fiskerikai, og Solund kommune skal legge til rette for næring i Søre Morteveika i Ytre Steinsund.

Arbeidet med livskraftig næringsliv skal bidra til målsettingane for *Solund 2038*, blant anna ved å bidra til at næringsdrivande kjenner seg velkomne og opplever det er enkelt å etablere seg, eit variert og framtidsretta næringsliv som baserer seg på grunnleggjande ressursar i natur og folk i Solund, og næringsliv som deltek i aktivitetar og skaper aktivitet.

Det er ynskje om å utvikle og å nytte dei naturgjevne ressursane ein har i Solund. Ulike satsingsområde på sjøen og i kystlandskapet kan vere med på å gje mogelegheiter og framtidsretta arbeidsplassar til fleire. Tradisjonelt har det vore ein sterk utviklingkultur i Solund og denne må takast vare på. Det må vere eit særskilt fokus å rekruttere og behalde arbeidskraft gjennom ein heilskapleg innsats. Aktørane innan næringsutvikling i Solundsamfunnet skal støtte næringsliv og [entreprenørskap](#) ved å legge til rette, stimulere til delingskultur, og sikre møteplassar og næringsareal. Dei unge skal kjenne næringslivet i Solund og ha mogelegheit til å sjå ein karriereveg her. Omstilling til nye tider med blant anna klimaendringar. Teknologiske endringar, og geopolitisk og økonomisk uro, må møtast med lokal tilpassing, styrka samspel og samarbeid, evna til å tenkje nytt, og tiltak som gjer næringslivet og kommunen meir robust. Næringslivet i Solund ser potensiale for samarbeid og nyttar kvarandre. Ulike tiltak som synleggjering, fokus på trivsel, inkludering, kompetanseheving og ordningar for å prøve jobb, er viktige for å sikre arbeidskraft og å bevare arbeidsplassar. Det skal sikrast kontinuerleg drift av landbrukseigedommane med omsyn til matvaretryggleik og pleie av kulturlandskapet. Sjå handlingsprogrammet, for meir detaljar.



Sjarmør. Foto: Henta frå Fiskerimagasinet – Eivind Moe - MS Fønnes..

Satsing

Styrke næringsutvikling og jobbmarknad

Det skal arbeidast for å ta vare på eksisterande arbeidsplassar og kompetanse, og bidra til å etablere nye. Utarbeiding av moglegheitsstudiar for nærings- og ervervsutvikling i regionen, basert på Solund kommune sine naturressursar, lokasjon og lokale konkurransefortrinn er ein del av satsinga. Prioriterte område er berekraftig reiseliv, styrking av og innovasjon innan maritime og marine næringar, ny infrastruktur for næring. Andre tema er desentraliserte utdanningstilbod og arbeidsplassordningar og utvikling av kompetansearbeidsplassar som kan bidra til å rekruttere og behalde kvinner i lokalsamfunna.

UTKAST

Samferdsel og infrastruktur for framtida

Målet er at Solund har trygg og framtidsretta samferdsel og infrastruktur som sikrar god mobilitet, kommunikasjon og energitilgang for innbyggjarar og næringsliv



Samferdsel og infrastruktur omfattar alt frå vegnett, passasjerbåt- og ferjeruter inkludert kaiar, kollektivtransport, godstransport på sjø og land, mobil- og fiberdekning, og energinett.

Vegnettet inn til Solund er av varierende kvalitet og tilkomst på bilvegen er avhengig av ferjer frå fastlandet til Krakhella og Losna. Vegnettet i Solund er delvis eigd av Vestland fylkeskommune og delvis av Solund kommune. Solund eig mykje veg fordelt på innbyggjartalet, i forhold til samanliknbare kommunar. Det er fleire endringar i samferdsla i emning - Ytre Steinsund bru saman med bru over Rørdalsfjorden er under utbygging og vil truleg stå ferdig før utgangen av 2026. Fylkesutvalet støttar konklusjonen om å legge ekspressbåten gjennom Hardbakke. Dette vil få konsekvensar for heile rutemønsteret i Solund. Vestland fylkeskommune må skjere ned, og signal tilseier at dette vil få konsekvensar for blant anna kollektivtilbodet, inkludert passasjerbåttilbodet. I tillegg er fylkeskommunal godstransport på sjø allereie under press.

Solund kommune har godt utbygd mobil- og fiberdekning der det er fastbuande. Kommunen har avgrensa nettkapasitet for straum i dag. Det er behov for ei betre tilpassing av ferjeruta til fastlandet, spesielt for næringslivet. Bil vil vere eit viktig transportmiddel i Solund uansett på kva måte kollektivtrafikken utviklar seg. Vegstandarden i kommunen må difor vere god. Samstundes må vi arbeide for at tilførselsvegar utanfor kommunen er tilpassa Solund sine behov.

Arbeidet med samferdsel og infrastruktur skal bidra til målsettingane for *Solund 2038*, blant anna ved å bidra til at tilflyttarar og næringsdrivande opplever det er enkelt å etablere seg, ha tryggleik for å få hjelp når det er behov og gjer det enkelt å delta i arbeidsliv og aktivitetar.

Gode kommunikasjonar til og frå kommunen, og internt mellom dei ulike dalene av kommunen er viktig for å oppretthalde busetnad. Mogelegheiter for kommunikasjon til og frå kommunen, og internt i kommunen er sentralt. Utvikling av reiselivet er med å styrke dei lokale rutene. Solund vil lytte til behova i lokalsamfunnet og vere ein pådrivar for utbetring av alle typar infrastruktur, med særskilt fokus på ekspressbåtkai og auke i nettkapasitet, i tillegg til å koordinere den lokale innsatsen mot regionale og sentrale styresmakter. Det skal tenkjast på nye måtar for å sikre å oppretthalde og forbetre tilbodet. Flytting av ekspressbåttoppen til kommunesenteret, endring av ferjeruta på Krakhella og Ytre Steinsund bru vil vere viktige element i dette arbeidet. Endringane i samferdsla fører til at heile ruteopplegget for ulike transportmiddel i kommunen må sjåast på. Sjå handlingsprogrammet for meir detaljar.

Satsing

Førebu nytt trafikkmønster internt i kommunen

Dei neste åra vil det skje fleire endringar i samferdsla i Solund som gjer at det er behov for å sjå på endringar i rutemønsteret. Dette omfattar i første omgang bru over Ytre Steinsund, saman med elektrifisering av ferjesambandet Krakhella – Rutledal - Rysjedalsvika. På eit seinare tidspunkt kjem flytting av ekspressbåttopp til Hardbakke, og behovet for endringar i internrutemønsteret som kjem av dette. Med færre fastbuande på øyene kan det det fylkeskommunale rutetilbodet verte trua av kutt.



Sundferja med brubygging over Ytre Steinsund i bakgrunnen. Foto: Solund kommune – Anne Kristine Dyrdal.

Kultur, idrett, friluftsliv og frivillighet for fellesskap, engasjement og livskvalitet

Målet er at Solund skal gi alle innbyggjarane eit rikt og variert kulturtilbod, vidareutvikle kulturinstitusjonar med høg kvalitet, og fremje eit inkluderande frivilligliv som styrkjer helse, tilhøyrse og engasjement på tvers av alder og bakgrunn.



Måltemaet kultur og frivillighet omfattar alle typar organisert frivillighet, bibliotek, kulturskule og den tradisjonelle kultursektoren som gjerne handlar om kunst, musikk, litteratur og teater.

Kulturindeksen syner at Solund ligg høgt på kulturfeltet samanlikna med dei andre kommunane i landet, blant anna grunna relative tal som syner høge medlemstal i kulturorganisasjonar og mange kunstnarar. Tilsvarande gjeld for Norsk idrettsindeks. Lag og organisasjonar er med på å gje innbyggjarane arenaer og aktivitetar som styrkjer fysisk og psykisk helse. Ikkje alle finn seg til rette i tradisjonelle organiserte aktivitetar, og ein må sikre at det finst tilbod å delta i utanom desse, saman med mogelegheiter for eigenaktivitet.


Ved å ha breidde i aktivitet og skape møteplassar der unge blir sett, høyrte og tatt på alvor, kan ein inspirere born og unge til å engasjere seg, auke både trivsel og inkludering i samfunnet generelt. Difor er det viktig å ha eit mangfald av arenaer for deltaking og tilhøyrse, på tvers av alder, med botn i felles interesser. Dei frivillige gjer ein stor jobb gjennom lag og organisasjonar for å skape aktivitet i Solund og det er behov for å støtte frivilligheita slik at lag og organisasjonar kan konsentrere seg om kjerneverksemda si.

Arbeidet med kultur og frivillighet skal bidra til målsettingane for *Solund 2038*, blant anna ved at kultur-, idretts- og organisasjonsliv skaper aktivitet, fellesopplevingar og identitet, at barn og unge har trygge, likeverdige og utviklande oppvekstvilkår, i tillegg til å legge til rette for at frivillige kan hjelpe, og bidra til sosial likskap og god helse.

Solund vil legge til rette for og stimulere til eit rikt og variert kulturtilbod med høg kvalitet og tenlege lokale. Kulturskule og bibliotek har gode vilkår til å utøve sine kjerneformål. Ungdom skal få høve til å vere med på aktivitetar og bidra i samfunnet. Aktivitetar og møteplassar skal vere tilgjengeleg for alle delar av kommunen og alle delar av samfunnet. Sjå handlingsprogrammet for meir detaljar.

Satsing Solund i samspel

Med endringane som har skjedd og kjem til å skje dei neste åra er det mogelegheitsrom for å sjå på korleis ein kan knyte samfunnet tettare saman. Bru over Ytre Steinsund kan bidra til å samle Solund-samfunnet. Det nye skulebygget og biblioteket har potensiale til å verte eit kulturhus for heile kommunen. Framover er det viktig å fylle dette bygget med aktivitet, både gjennom arrangement i regi av kommunen, men også gjennom frivillig aktivitet.



Lysfestivalen 2023. Foto: Solund kommune.

Arbeidsmåtar i ei ny tid

Målet er at Solund kommune skal utvikle ein framtidsretta og berekraftig tenesteproduksjon med høg fagleg kvalitet, der ein endringsdyktig organisasjon nyttar kompetanse, teknologi og samarbeid for å møte utfordringar og skape utvikling i eit samfunn i endring.



Arbeidsmåtar i ei ny tid handlar om korleis Solund kommune som organisasjon skal jobbe for å møte dei nye utfordringane knytt til demografi, klima, global og nasjonale endringar og trendar, saman med endra økonomiske rammer. Totalberedskapen er evna samfunnet har til å mobilisere ressursar ovanfor eit samansett risiko- og trusselbilete.

Det vert fleire eldre og færre yngre også i Solund, dette gjer at det er færre som kan løyse helsetenestene i ei befolkning som blir eldre, i tillegg til at folketalet har gått ned over tid. Klimaendringane fører til at det vil bli auka krav til beredskapen både i akutte situasjonar og vil få konsekvensar for dagleg drift. Oppgåvetrykket aukar samtidig som kommuneøkonomien i heile landet er under press.

Kommunen må ha ein kultur for å møte dette offensivt, og nytte moglegheitene som ligg i å kunne vere ein liten, men moderne, endringsvillig og lærande organisasjon. Med spenn i arbeidsoppgåver treng ein ansvarlege tilsette som samhandlar og er løysingsorientert for å løyse oppgåver. Og vi treng ei innstilling om at vi skal byggje og styrke kompetanse i eigen organisasjon.

Måltemaet arbeidsmåtar i ei ny tid skal bidra til målsettingane for *Solund 2038*, blant anna ved at næringsliv og tilflyttarar føler seg velkomne, at vi har eit livløpsvenleg samfunn der alle kan bidra, sikre god helse, og at tenester vert levert nær innbyggjarane.

Solund vil bygge nettverk, samarbeide, samhandle og informere både tverrsektorielt internt og eksternt. Kommunen skal vere dynamisk i korleis oppgåver vert løyst. Tenestene blir utforma i dialog med brukarane, med god standard på anlegg og fokus på helse, miljø og tryggleik, saman med energiøkonomisering. Viktige tiltak og reiskapar innan dette måltemaet er omfang og fordeling av arbeidsoppgåver, førebyggjande arbeid, og førebu kommunal infrastruktur og eigedom på konsekvensane av klimaendringane. Det skal leggst til rette for gode og moderne kontorfasilitetar og kommunale lokalitetar skal vurderast. Teknologi er eit viktig verktøy i arbeidet, saman med samarbeid med frivilligheit, næringsliv og regionale aktørar.

Satsing

Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling i ei ny tid

Kommunen skal gå gjennom eiga rolle, organisering og ressursbruk, og arbeide målretta for å ivareta og styrke kompetanse og kapasitet innan sentrale område som bustad, næring og samskaping med lokalsamfunna. Ein vil sjå på korleis den kapasiteten som ligg i mellom anna frivillig arbeid og kultur kan styrkast som ein ressurs i å bygge ein felles utviklingskapasitet og beredskap. Grendalag og andre organiseringar ulike stader i kommune er viktige aktørar i dette arbeidet. Arbeidet skal synleggjere og nytte den ressursen ein liten kommunen har i form av tett samarbeid mellom ulike fagområde og ei heilskapleg tilnærming til lokal samfunnsutvikling.



Årleg møte med lag og organisasjonar. Foto: Solund kommune – Kristine Holm.

4 Vedlegg



Kvernhusvika. Foto: Øystein Espeland.

Oversikt over mål og satsingar i planen

Langsiktig del (2026 – 2038) av samfunnsplanen: Solund i 2038				
- næringsdrivande og tilflyttarar etablerer seg permanent i Solund fordi dei kjenner seg velkomne og opplever at det er enkelt. - eit variert og framtidretta næringsliv som baserer seg på Solund sine grunnleggande ressursar i natur og folk. - eit variert bustadtilbod med god kvalitet og trygge bustadmiljø, der kultur-, idretts- og organisasjonsliv skaper aktivitet, fellesopplevingar og identitet. - barn og unge som har trygge, likeverdige og utviklande oppvekstvilkår i ein kommune som verdset kunnskap, ferdigheiter og mangfald. - eit livsløpsvennleg samfunn der alle kan bidra, delta og meistre livet lenger, ha tryggleik for å få hjelp når dei treng det, og det er lagt til rette for at pårørande og frivillige kan hjelpe. - eit samfunn som legg til rette for å bygge og behalde god fysisk og psykisk helse. - eit samfunn med sosial likskap, som omfamnar mangfald og bidrar til likestilling. - innbyggjarar, besøkande og næringsliv som deltek i aktivitetar, og skapar aktivitet fordi dei ynskjer å bidra positivt for seg sjølv og andre. - innbyggjarar, besøkande og næringsliv som brukar naturen aktivt på ein berekraftig måte. - infrastruktur som gjer det enklare med aktiv deltaking i eit regionalt bu-, arbeids og serviceområde, og færre barrierar for dei som arbeider og nyttar seg av utdannings-, kultur og fritidstilbod. - ein effektiv kommunal organisasjon med motiverte, kvalifiserte og omstillingsdyktige medarbeidarar, som tek i bruk moglegheitene som kjem av digitalisering, og er ein pådrivar i utviklingsarbeid. - beredskap i samfunnet som i samhandling med andre er i stand til å handtere dei hendingar og krisesituasjonar som kan inntreffe. - tenester som er nær innbyggjarane, og som vert løyst lokalt når det er mogleg. - vere i forkant for å sikre/ha relevant forskningsbasert kompetanse for å sikre høg tenestekvalitet i alle. <u>eit landbruk som er aktivt, berekraftig og del av beredskapen, der matjord vert halde i hevd</u> <u>eit lokalsamfunn som tek vare på og vidareutviklar kulturminne og kulturmiljø gjennom godt samarbeid og aktiv bruk av kulturarven som ressurs for identitet, læring og utvikling</u>				
Prinsipp: Berekraft, tryggleik og inkludering				
Kortsiktig del av samfunnsplanen (2026 - 2028): Område				
Varierte bustadtilbod og gode bukvalitetar	Livskraftig næringsliv i Solund	Samferdsel og infrastruktur for framtida	Kultur og frivilligheit for fellesskap og livskvalitet	Arbeidsmåtar i ei ny tid
Kortsiktig del av samfunnsplanen (2026 - 2028): Mål				
Solund skal ha eit variert og framtidretta bustadtilbod med gode bukvalitetar for alle aldrar og livssituasjonar, og styrke eksisterande grender og knutepunkt som attraktive buområde.	Solund skal utvikle eit mangfaldig og berekraftig næringsliv med fleire arbeidsplassar, og vere ein attraktiv kommune for rekruttering og utvikling av lokal kompetanse.	Solund skal ha trygg og framtidretta samferdsle og infrastruktur som sikrar god mobilitet, kommunikasjon og energitilgang for innbyggjarar og næringsliv.	Solund skal gi alle innbyggjarane eit rikt og variert kulturtilbod, vidareutvikle kulturinstitusjonar med høg kvalitet, og fremje eit inkluderande frivilligliv som styrkjer helse, tilhøyrslø og engasjement på tvers av alder og bakgrunn	Solund kommune skal utvikle ein framtidretta og berekraftig tenesteproduksjon med høg fagleg kvalitet, der ein endringsdyktig organisasjon nyttar kompetanse, teknologi og samarbeid for å møte utfordringar og skape utvikling i eit samfunn i endring.
Kortsiktig del (2026 - 2028): Satsingar				
Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet – Regulering av sentrum på Hardbakke	Styrke næringsutvikling og jobbmarknad	Førebu nytt trafikkmønster internt i kommunen	Solund i samspel	Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling i ei ny tid
Auke Solund sin attraktivitet som ein stad å bu				

Om planen


I **kapittel 1** finn ein litt om kva ein samfunnsplan er og kva den skal svare ut. Det er lovpålagt at kommunar har ein samfunnsplan, og det er krav til at planen skal ta stilling til utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet i sin heilskap og kommunen som organisasjon. Plandokumentet skal vere eit grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Den skal gje retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast.

Det er krav om at utfordringar vert omtala i planen, men det er også nyttig å ha ei oversikt for å sikre at kommunen jobbar med dei rette tinga. Ein må gripe tak i utfordringane og forholde seg til dei. Av same grunn er det også nyttig å ha med kva mogelegheiter og styrker Solund har. Det er tilrådd å sikre og utvikle det ein har, i større grad enn å satse på nye ting, innan til dømes næring.

Ein har samla kunnskap om det ein har – mogelegheiter og styrkar, og ein har samla utfordringane. Men ein må også ha ein plan for kor ein vil og korleis ein vil at Solund som samfunn skal vere i framtida – *Solund 2038*. Dette kjem fram i **kapittel 2**. For å bidra i den daglege verksemda er det trekt fram nokre prinsipp. Desse prinsippa skal så langt som mogeleg kjenneteikne aktiviteten i samfunnet, frå planlegging, til prosjekt og dagleg drift. Dette er store tema som krev breitt samarbeid.

Basert på status i kommunen (utfordringar og mogelegheiter) og korleis vi vil Solund skal vere i framtida, så må vi prioritere kva vi vil arbeide med. Vi må finne vegen frå dagens status til Solund i 2038, og difor må vi fokusere på nokre område. Dette gjer vi i **kapittel 3**. Her er det ei konkretisering av område med ei forklaring, status på temaet, behova på feltet, målteamet sitt bidrag til Solund 2038, og kva vi vil gjere i 2026 - 2028. I kapittel 3 vil ein også finne konkrete satsingar som er omfattande og vil krevje mykje frå administrasjonen i åra som kjem.

I **vedlegget** finn ein ei konkretisering av hovudmåla med ein omtale av korleis ein skal nå måla.



Figur som syner korleis dei ulike kapitela i samfunnsdelen, og i tillegg økonomiplanen, står i forhold til kvarandre, og korleis kapitela leiar opp til det samfunnet vi vil ha i 2038. Solund kommune.

Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
------	---------------------	-----------	---------	------------

Innspel til høyring på samfunnsdel 2026 for Solund kommune

Heile saka ligg i postlista: [Søk og postliste - Solund kommune](#)

Dokument som var til politisk handsaming før høyring:

- Politisk sak: [Vedtak om høyring på Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038](#)
- Plandokument som låg på høyring: [Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019-2030](#)

Andre viktige dokument

- Kunnskapsgrunnlag til planarbeidet: [v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-125416_1_A!d-2022009722!B4LUfa](#)
- Vedteken kommunal planstrategi: <https://www.solund.kommune.no/tenester/prosjekt-og-overordna-planar/planar/kommunal-planstrategi/>

Vurdering av innspel

1. Relevans for denne planprosessen og dette steget i prosessen. Samfunnsdelen er ein overordna plan. Har det vore handsama tidlegare i prosessen?
2. Samsvar med planprogrammet for planarbeidet.
3. Eventuelle andre moment.

Det vert vurdert slik at om ikkje innspelet er relevant for denne planen, så vert ikkje punkt 2 og 3 vurdert.

Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.	Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.	Vert innarbeida i planen
--	---	--------------------------



Solund kommune

Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
------	---------------------	-----------	---------	------------

Tema	Innspel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR) v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-137567_1_AId-2022015853!RJlpSk				
Avfall og gjenvinning	Det vert påpeika at krava til gjenvinning av avfall vil auke i åra som kjem, og at med auka krav og strengare målsettingar, så vert kostnaden for tenesta høgare.	1. Ikkje relevant for denne planprosessen	--	Tek til orientering.
	Infrastruktur til renovasjon må sikrast. Dette omfattar areal til renovasjonsløysingar, god tilkomst til desse areala og nok plass for å renovasjonstekniske operasjonar. I infrastruktur ligg også trygge, oversiktlege vegar og snuplassar. Det vert oppmoda om kontakt for innspel og dialog kring dette.	1. Ikkje relevant for denne planprosessen	Tek med i anna arbeid: arealplanlegging og byggesak.	Høyrer heime i andre prosessar.
	NGIR inviterer til samarbeid kring informasjon for å hjelpe innbyggjarane i ombruks- og sorteringsarbeid.	1. Ikkje relevant for denne planprosessen	Tek med i utføring av tiltak i temaplan for klima, energi og naturmangfald.	Høyrer heime i lågare plannivå.
Statens vegvesen (SV) v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-137870_1_AId-2022016002!1rV6dA				
Vegtrafikk	Vegvesenet saknar konkretisering av «Målet er at Solund har ein trygg og framtidretta infrastruktur som sikrar god mobilitet, kommunikasjon og energitilgang for innbyggjarar og næringsliv» , i planen. Dette med omsyn til mellom anna god mobilitet. Det vert oppmoda om å vekke trafikktrygg ferdsel for barn og unge og deira måte å ferdast på.	1. Relevant for plandokumentet. 2. I samsvar med planprogram. 3. Jamfør merknadsfeltet (neste kolonne) vert det vurdert som dekkja i planframlegget.	I høringsframlegget er det generelle målsettingar for tryggleik for barn og unge, infrastruktur og mogelegheit til deltaking under kapittel 2 – Solund 2038.	Vert ikkje gjort endringar.
	I samband med arbeidet med hamnesentrum med tettstadfunksjonalitet og regulering av Hardbakke, så er SV positive til gangssamband . Det vert peika på at universell utforming og separering av trafikkantgruppene er viktig.	1. Ikkje relevant for denne planprosessen.	Tek med i arbeidet med hamnesentrum og regulering av indre hamn.	Høyrer heime i lågare plannivå.
	Temaplan for trafikktryggleik i Solund kommune 2025 – 2036 bør også inkluderast i arbeidet med samfunnsdelen.	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Solund kommune vedtok eigen temaplan for trafikktryggleik desember 2024. Det er gunstig å innarbeide målsettinga i samfunnsdelen for å bidra til samankoplinga av planane.		Vert innarbeida i planen.
Mattilsynet v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-138172_1_AId-2022016149!4QfDac				
Drikkevatn	<i>“Sidan samfunnsdelen til kommuneplanen legg føringar for alt vidare planarbeid i kommunen, er det difor Mattilsynet si vurdering at drikkevassomsyn må bli tatt inn og omtalt i revidert samfunnsdel.”</i>	1. Relevant for denne planprosessen. 2. Delvis i samsvar med planprogram, skal ikkje lage arealstrategi. 3. Drikkevatn er eit viktig omsyn og bør omtalast under prinsippet tryggleik.	Det er generelle formuleringar på beredskap både under Solund 2038 og omtale av prinsippa. Gjeldande arealplan har omsynssoner på drikkevasskjelder som vart avdekka i prosessen med denne planen. Solund kommune held på med utarbeiding av ein hovudplan for vatn og avløp.	Vert innarbeida i planen.

Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.

Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.

Vert innarbeida i planen



Solund kommune

Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF) Fråsegn til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel 2026–2038 for Solund kommune				
Mineralressursar og massehandtering	DMF saknar ei vurdering av kommunen sitt behov for og tilgang til byggjeråstoff , og korleis kommunen skal forvalte mineralressursar , i tillegg til omtale av areal for masseuttak og mellomlagring av overskotsmassar. Dette bør eventuelt takast i arbeid med arealdelen om det ikkje vert teke i samfunnsdelen.	1. Relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram – ikkje lage arealstrategi. Primært eit innspel til arealstrategi.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	Kommunen bør gjere seg kjend med kor det er behov for massar, og planlegge kor framtidig behov for massar skal komme frå, jamfør satsinga på samferdsle og infrastruktur.	1. Relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram – ikkje lage arealstrategi. Primært eit innspel til arealstrategi.	--	Tek til orientering.
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) Brev				
Skred, flaum, kunnskapsgrunnlag, nasjonale forventningar til klima, energi, straumforsyning og vassdragsmiljø	Saknar omtale av aktsemdområde for skred og flaum i planen.	1. Relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram – ikkje lage arealstrategi. Primært eit innspel til arealstrategi.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	Fareutgreiingar og grunnundersøkingar skal gjerast offentlege tilgjengeleg for ålmenta, gjennom https://www.nve.no/naturfare/utredning-av-naturfare/meld-inn-naturfareutredninger/	1. Ikkje relevant for planarbeidet.	Dette er ei orientering.	Tek til orientering.
	Statlege planretningslinjer for klima- og energi seier at kommuneplanen sin samfunnsdel skal innehalde ei overordna vurdering av korleis klimaendringane påverkar kommunen sine utfordringar, mål og strategiar.	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Plandokumentet er basert på innhenta kunnskap.	Det er samla kunnskap om temaet i kunnskapsgrunnlag til kommunal planstrategi, og samfunnsdelen omtalar kort utfordringar. Basert på denne kunnskapen er plandokumentet utarbeida.	Vert ikkje gjort endringar.
	«Vidare bør samfunnsdelen vurdere korleis klimaendringar kan påverke samfunnssikkerheit, infrastruktur, natur- og kulturmiljø, helse og lokale næringar, og korleis dette skal følgjast opp ».	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Prinsippa i planen er blant anna tryggleik og berekraft, vurderinga er at temaa er tilstrekkeleg dekkja gjennom dette.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	«Vi rår til at kommunen, i tilknytning til samfunnsdelen, utarbeider ein eigen arealstrategi som tydeleggjer korleis ein skal møte klimaendringar og naturfare.»	1. Relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	«NVE oppfordrar kommunane til å vurdere korleis kommunalt planarbeid kan legge til rette for: a) Ny fornybar kraftproduksjon b) Samlokalisering av verksemd med overskotsvarme med aktivitetar som har behov for varme c) Effektiv energibruk i bygningar og andre sektorar»	1. Delvis relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram (arealstrategi).	Tilnærming til energi og energibruk er tema i temaplan for klima, energi og naturmangfald.	Vert ikkje gjort endringar.
	«NVE tilrår difor at kommunen i samfunnsdelen og vidare planlegging gir tydelege føringar om å unngå inngrep i og langs vassdrag, og legg til rette for at vassdragsnære område blir forvalta som ein ressurs for naturmangfald, flaumdemping og friluftsliv »	1. Relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram (arealstrategi).	--	Vert ikkje teke med vidare.

Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.

Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.

Vert innarbeida i planen



Solund kommune

Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
Generelle råd	- Tilrår tydeleggjering av mål og prinsipp for framtidig handtering av overvatn. - Det vert føresett at det vert nytta ny og oppdatert kunnskap om flau-, skred- og erosjonsfare, som ligg til grunn for all arealplanlegging. - Spesifikke naturtypar bør forvaltast aktivt og prioriterast i arealplanlegginga. - Arealstrategi: - bør slå fast at framtidige utbyggingsområde ikkje skal leggjast i område utsette for naturfare, og at tiltak i vatn og vassdrag som hovudregel ikkje skal opnast for. - bør også sikre at det vert sett av tilstrekkeleg samanhengande areal til trygg bortleiing av overvatn, og at bekker ikkje vert lukka. Kommunen bør òg vurdere moglegheita for å opne lukka bekkar der det er formålstenleg. - Samfunnsdelen bør gi føringar for bruk og vern av areal med flaumdempande verknad, som våtmark, myr, parker, elvebredder og skog. - Val som vert gjort i arealplanlegginga, legg grunnlaget for energibruken også i framtida.	Generelle råd – ikkje vurdert.	--	Vert ikkje gjort endringar.
Vestland fylkeskommune v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-138425_1_A!d-2022016267!hDgBRk				
Vurdering og innspel	«Vi oppmodar kommunen til å sikre ei god kopling mellom samfunnsdelen og bygdevekstavtalen. Kommunen bør forankre dei langsiktige måla i samfunnsdelen, og nytte bygdevekstavtalen som verktøy og ressurs i det vidare planarbeidet og for å realisere målsettingane. Fylkeskommunen ynskjer å vere ein aktiv avtalepart, og minner kommunen om å kople oss på i arbeidet» «Våre tilbakemeldingar er difor faglege tilrådingar, som kommunen må vurdere korleis dei vil ta omsyn til. Merknadane handlar både om konkrete forslag til justering av planforslaget, tilrådingar om vidare planarbeid og innspel til oppfølging av planen.»	Generelt råd og innspel – ikkje vurdert.	Delmåla i Bygdevekst er innarbeida i planen. Det må arbeidast vidare med dette temaet i handlingsplanarbeidet til samfunnsdelen og handlingsplanarbeidet til Bygdevekst.	Vert ikkje gjort endringar.
	«Våre tilbakemeldingar er difor faglege tilrådingar , som kommunen må vurdere korleis dei vil ta omsyn til. Merknadane handlar både om konkrete forslag til justering av planforslaget, tilrådingar om vidare planarbeid og innspel til oppfølging av planen.»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
Planfaglege merknader - generelt	«Vi vil gi skryt til kommunen for å prioritere oppdatering av samfunnsdelen, og for at de generelt har eit oppdatert planverk »	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering..
	«Kommunen har peika ut berekraft, tryggleik og inkludering som overordna prinsipp som skal leggast til grunn i planlegging, drift og utvikling av kommunen. Dette er eit nytt grep, som vi Tek med som positivt for å løfte og forankre viktige samfunnsutfordringar som krev tverrfagleg innsats.»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
Oppfølging av planen og kopling til plansystemet	«Handlingsprogrammet er ikkje del av høyringsforslaget, og det går ikkje klar fram korleis dette er tenkt for den nye samfunnsdelen. Dette gjer at planforslaget er mindre konkret, og dermed er det meir krevjande for fylkeskommunen å vere spissa i våre tilbakemeldingar»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.

Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.	Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.	Vert innarbeida i planen
--	---	--------------------------



Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
	«Ein måte å forenkle og redusere ressursar til planarbeid på, er å redusere talet på tematiske planar. Kommuneplanens samfunnsdel kan fungere godt som hovudstyringsverktøy for tema som klima, kultur, helse og oppvekst. Eit slikt system krev at samfunnsdelen er meir konkret for desse områda , til dømes gjennom tydelege delmål og strategiar. Dette er noko kommunen kan vurdere nærare i arbeidet med kommunal planstrategi neste periode.»	Generell tilbakemelding til neste revisjon – ikkje vurdert. Innspel til neste revisjon.	--	Tek til orientering.
Kopling til arealdelen	«Vi rår kommunen til å fastsetta ein langsiktig arealstrategi før neste rullering av arealdelen. Vi vil oppmode kommunen til å innarbeide arealstrategien i sjølve samfunnsdelen, og ikkje som eige dokument eller del av handlingsprogrammet. Dersom dette ikkje er aktuelt, bør arealstrategien utarbeidast som del av planprogrammet når ein skal rullere arealdelen neste gong.»	1. Relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram.	--	Vert ikkje gjort endringar.
Utfordringsbiletet og forhold til overordna føringar – naturmangfald og naturressursar	«"Eit av hovudmåla i Utviklingsplanen er at klima og naturmangfald er ein premiss for samfunnsutviklinga i Vestland. Vi meiner at høyringsforslaget ikkje i tilstrekkeleg grad har med seg dette perspektivet , verken i dei langsiktige måla eller i den kortsiktige delen.»	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Solund kommune har allereie målsettingar for temaaa, og desse bør innarbeidast i overordna del i samfunnsplanen.	Solund kommune vedtok eigen temaplan for trafikktryggleik desember 2024. Det er gunstig å innarbeide målsettinga i samfunnsdelen for å bidra til samankoplinga av planane.	Vert innarbeida i planen.
	«[...]samfunnsdelen som kommunen sitt overordna styringsverktøyet bør leggje til rette for ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning av naturressursane, slik at naturmangfald, viltomsyn og vassforvaltning blir ein integrert del av kommunen sine langsiktige mål . Vi oppmodar kommunen om å løfte fram konkrete mål om dette i kommuneplanen sin samfunnsdel,»	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Solund kommune har allereie målsettingar for nokre av desse temaa, og desse bør innarbeidast i overordna del i samfunnsplanen.	Solund kommune har føresegner i arealdelen for vassmiljø, men ikkje målsettingar. Solund kommune har ingen bestandsplan for hjort, då det ikkje er teke ei grunneigarinitiativ for å vidareføre tidlegare plan.	Vert innarbeida i planen.
	«Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Vi oppmodar kommunen til å definere eit generelt mål knytt til tilstanden på vassmiljø i kommunen . Arbeidet med å nå miljømåla bør i tillegg forankrast i arealstrategien i samfunnsdelen. Enkle retningslinjer i samfunnsdelen for å forankre og integrere omsynet til vassmiljø kan vere: - Vassførekomstar (elvar, innsjøar, kystvatn, grunnvatn) skal nå miljømåla som er satt i den regionale vassforvaltningsplanen og databasen vann-nett. - Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomstar (elvar, innsjøar, kystvatn, grunnvatn) verre. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd»	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Solund kommune har føresegner i arealdelen for vassmiljø, men ikkje målsettingar. Det er utarbeida regional plan der kommunen har forpliktingar i form av konkrete tiltak.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	«Det er viktig for Vestland å ha ei heilskapleg arealbruksstyring, der planlegging på land og i sjø vert sett i samanheng, og tar omsyn til at strandsona er under stort press. Her kunne med fordel Solund vist til særlege omsyn som skal takast i strandsona , jf. Statlege planretningslinjer for strandsona. Forslag til mål/strategi som kommune kan vurdere å ta inn: Kyst- og strandsona i Solund kommune skal ivaretakast med særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og ålmenta sine interesser»	1. Relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram (arealstrategi).	--	Vert ikkje gjort endringar.
Utfordringsbiletet og forhold til overordna føringar - klima	«Klimatilpassing er nemnd fleire gonger i planen, men utan at det går fram korleis kommunen skal arbeidet med dette. Kommunen kan med fordel bli meir tydeleg på målsettingane og prioriteringane sine	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram.	Solund kommune vedtok eigen temaplan for trafikktryggleik desember 2024. Det er gunstig å	Vert innarbeida i planen.
Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.		Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.		Vert innarbeida i planen



Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
	innanfor klimaomstilling. Dette er også forventet i følge statlege planretningslinjer for klima og energi.»	3. Solund kommune har allereie målsettingar for dette temaet, og desse bør innarbeidast i overordna del i samfunnsplanen.	innarbeide målsettinga i samfunnsdelen for å bidra til samankoplinga av planane.	
	«Solund har vedteke ein ny plan for klima, energi og naturmangfald, og vi rår kommunen til å lage ei tydelegare kopling mellom målsettingane i denne og samfunnsdelen. »	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Solund kommune har allereie målsettingar for nokre av desse temaa, og desse bør innarbeidast i overordna del i samfunnsplanen.	Solund kommune vedtok eigen temaplan for trafikktryggleik desember 2024. Det er gunstig å innarbeide målsettinga i samfunnsdelen for å bidra til samankoplinga av planane.	Vert innarbeida i planen.
Utfordringsbiletet og forhold til overordna føringar - kultur	«Fylkeskommune vil minne på at kulturlova vart endra ved lov 9 mai 2025. § 4 andre ledd pålegg kommunar å ha ei skriftleg oversikt over status og utviklingsbehov på kulturfeltet, og dessutan fastsetja overordna mål og strategiar. »	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Planen omtalar målsetting og strategiar for kulturfeltet.	Det vert arbeida med ein plan for kultur, idrett og friluftsliv som omtalar status og utviklingstrekk. Dette er også delvis omtala i kunnskapsgrunnlaget til kommunal planstrategi.	Vert ikkje gjort endringar.
Utfordringsbiletet og forhold til overordna føringar - kulturarv	«Vi skulle gjerne ha sett at samfunnsplanen tok opp i seg nokre av målsetjingane frå vedteken kulturmiljøplan (2025-2037). »	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Solund kommune har allereie målsettingar for planarbeidet, og desse bør innarbeidast i overordna del i samfunnsplanen.	Målsetting frå kulturmiljøplanen er sett inn i planen i komprimert form.	Vert innarbeida i planen.
	«10. januar 2025 la regjeringa fram totalberedskapsmeldinga «Førebudd på krise og krig» Meld. St. 9 (2024-25).Der kom det tydeleg fram at kulturarven skal ivaretakast når beredskapspolitikken i Noreg skal utviklast dei neste åra. Vi har følgjande forslag til strategi som kommunen kan vurdere å ta inn: Sikre kulturminne og kulturmiljø gjennom ROS-analyse og beredskapsplan»	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Planen er ein overordna plan.	Er allereie spelt inn til arbeidet med ROS-analyse og beredskapsplan.	Vert ikkje gjort endringar.
Faglege merknader til planframlegget – Varierte bustadtilbod og gode bukvalitetar	«Utvikling av Hardbakke er eit viktig satsingsområde, og etablering av et attraktivt sentrum som legg til rette for bustader og møteplassar er i tråd med nasjonale og regionale føringar. [...]I planlegging av dette området vil tilrettelegging for mjuke trafikanter ha stor betydning for utviklinga av ein sentrumsstruktur med tettsadsfunksjonalitet og trivelege møteplassar.»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Høyrer heime i andre prosessar.
	« I arbeidet med stadutvikling er det viktig at kommunen tar med ulike aktørar , som innbyggjarar, lag og organisjonar, kultur- og næringsliv. Vi minner om at fylkeskommunen kan bidra med rådgjeving og kan støtte kommunen i utviklingsarbeidet og vere med å planlegge gode prosessar for medverknad. Vi kan legge til rette for nettverksbygging, kunnskapsoverføring og utveksling av erfaring. Fylkeskommunen kan også bidra med digitale ressursar.»	1. Ikkje relevant for denne planprosessen.	Tek med i arbeidet med hamnesentrum og regulering av indre hamn.	Høyrer heime i andre prosessar.
	«Vi rår kommunen til å synleggjere korleis kultur, frivilligheit og møteplassar skal integrerast i sentrumsplanlegginga og bustadområda. Arkitektur, kunst og kultur i det offentlege rom styrker identitet og attraksjonskraft. Solund sitt bygdevekstprosjekt bør koplast tett til dei regionale satsingane på kultur og livskvalitet »	1. Ikkje relevant for denne planprosessen.	Tek med i arbeidet med hamnesentrum og regulering av indre hamn. Har målsettingar i langsiktig del/ Solund 2038, som dekkjer temaet.	Høyrer heime i andre prosessar.
	« Kulturmiljøa er viktige ressursar for lokalsamfunnsutviklinga, både når det gjeld lokal stadutvikling, estetisk kvalitet og besøksattraktivitet. Målet er at alle skal kunne engasjere seg og ta ansvar for kulturarven. Aktuelle strategiar kan vere:	1. Relevant for planprosessen. 2. Delvis i samsvar med planprogram. 3. Dekka i planframlegget.	Første punkt vert oppfatta som ein arealstrategi. Tek med i arbeidet med andre prosessar som bustadprogram, kommunale bygg, med meir.	Vert ikkje gjort endringar.
Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.		Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.		Vert innarbeida i planen



Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
	- Tar vare på identitetsskapande element som kulturminne, kulturmiljø og landskap - Prioriterer gjenbruk og rehabilitering av eldre bygg i bustadstrategien og for næringsareal»			
	«Vi saknar vidare ein arealstrategi som bind samfunnsplanen saman med kommuneplanen sin arealdel. Her kan mellom anna kulturmiljøplanen nyttast som kunnskapsgrunnlag for arealplanlegging og prioriteringar. Fylkeskommunen tilrår at kommunen: Prioriterer fortetting og utvikling i tettstadene på ein måte som styrkjer sentrum som sosiale og kulturelle møteplassar - Legg til rette for trygge og attraktive uteareal for barn og unge, med vekt på leik, uformell fysisk aktivitet og sosial samhandling - Sikrar at nye bustadområde planleggast med gode uterom, møteplassar og tilgang til natur og friluftsliv Tek vare på grendehus og andre lokale samlingspunkt som viktige anker i desentraliserte lokalsamfunn»	- Relevant for planprosessen. - Ikkje i samsvar med planprogram (arealstrategi). - Vurdert som tilstrekkeleg ivareteke i planframlegget i langsiktig del.	--	Vert ikkje gjort endringar.
Livskraftig næringsutvikling	«Vi meiner likevel at framlegget kan bli noko tydelegare om entreprenørskap og korleis kommunen kan støtte dei som vil skape noko nytt. »	- Relevant for planprosessen. - I samsvar med planprogrammet. - Samfunnsplanen er overordna, og konkretiseringar kjem i handlingsdelen. Bør innarbeidast ei formulering på entreprenørskap/ gründer.		Vert innarbeida i planen.
	«Viktigheita av interkommunalt samarbeid og eit regionalt perspektiv i utviklingsarbeid burde vore synleggjort betre i planforslaget.»	- Relevant for planarbeidet. - I samsvar med planprogram. - Interkommunalt samarbeid er allereie tema i planen, og vurdert som dekkja. Regionalt samarbeid bør Tek med i mogelegheitsstudien.	Tek med i arbeidet med: næringsstrategi.	Høyrer heime i andre prosessar.
	«Det er positivt at de innan satsingsområde om næringsutvikling nemner delingskultur, og at næringar ønskjer å samle seg. I forlenginga av dette oppmodar vi til å sette sirkulærøkonomi på agendaen . Gjennom fleirbruk, gjenbruk og sambruk kan vi nytte ressursane meir effektivt og redusere klimautslepp.»	- Relevant for planprosessen. - I samsvar med planprogram. - Dette er vurderingar som bør gjerast meir konkret basert på mogelegheitsstudie.	Tek med i arbeidet med: næringsstrategi.	Høyrer heime i andre prosessar.
	«Havbruk er ei viktig næring i Solund, og ei utvikling av eksisterande og framtidig satsing på denne næringa må vere eit viktig element i den mogelegheitsstudien . Vidare vil vi peike på at det er viktig at kommunen arbeider for å sikre nok areal til eksisterande havbruk og legge til rette for framtidig utvikling av næringa og at dette burde vore synleggjort i ein arealstrategi.»	- Delvis relevant for planprosessen. - Ikkje i samsvar med planprogram (arealstrategi). - Innspel til mogelegheitsstudie er relevant for andre prosessar.	Tek med i arbeidet med: næringsstrategi.	Høyrer heime i andre prosessar.
	«Kommunen bør vurdere omtale av utviklingsmoglegheiter knytt til Fjordkysten regional- og geopark. »	- Relevant for planprosessen. - I samsvar med planprogrammet. - Planen omtalar ulike typar partnarar, men ingen er nemnt konkret.	Parken er nemnt i samfunnsdelen 2020 – 2030 sin handlingsdel, ikkje i overordna del som denne saka gjeld.	Vert ikkje gjort endringar.
	«Vi oppmodar kommunen til å vidareføre mål frå gjeldande samfunnsdel om å ta vare på og bruke mangfaldet i kystlandskapet på ein berekraftig måte. »	- Relevant for planprosessen. - I samsvar med planprogrammet. - Denne målsettinga var ei føring for arealplanlegginga. Berekraft skal vere		Vert ikkje gjort endringar.
Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.		Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.		Vert innarbeida i planen



Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
		eit prinsipp i Solund kommune, der mellom anna liv på land og liv i havet er målsettingar.		
	«Korttidsutleige av bustader kan være ein eigna måte å tilby overnatting til turistar på. Det er likevel viktig at kommunen tar omsyn til at korttidsutleige kan vekse raskt dersom ein lukkast i å byggje ut reiselivsaktiviteten, med dei konsekvensar det kan få for lokale bustader til lokale arbeidstakarar.»	1. Ikkje relevant for denne planprosessen.	Tek med i arbeidet med besøksstrategi. Det har vore gjennomført medverknadsaktivitetar i dette arbeidet allereie.	Høyrer heime i andre prosessar.
	«Ein bør ha fokus på heilårs sysselsetting, heller enn heilårs arbeidsplassar . Fleksibel bruk av arbeidskrafta kan være ein svært god måte å sikre kompetanse i reiselivsnæringane, samtidig som nødvendige oppgåver i kommunen utanfor reiseliv blir dekkja.»	1. Ikkje relevant for denne planprosessen.	Tek med i arbeidet med besøksstrategi. Det har vore gjennomført medverknadsaktivitetar i dette arbeidet allereie.	Høyrer heime i andre prosessar.
	«Kommunen kan bruke innspels- og høyringsprosessar knytt til planarbeid til å få fram innbyggjarane sine tankar om ein auke i reiselivsnæringane, og den konsekvensen det kan få lokalt om auken blir stor.»	1. Ikkje relevant for denne planprosessen.	Tek med i arbeidet med besøksstrategi. Det har vore gjennomført medverknadsaktivitetar i dette arbeidet allereie.	Høyrer heime i andre prosessar.
	«Kommuneplanen bør synleggjere korleis kultur og opplevingar, kulturarv og tradisjonar og friluftsliv kan verte ein større del av verdiskapinga i Solund , i tråd med satsing på reiseliv. Solund kommune kan ha ambisjonar om å legge til rette for vekst i kultur- og kreative næringar , med særleg vekt på lokale ressursar innan kultur, mat, tradisjonar og naturbasert reiseliv.»	1. Relevant for planprosessen. 2. I samsvar med planprogrammet. 3. Samfunnsplanen er overordna, og konkretiseringar kjem i handlingsdelen.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	«Vestland fylkeskommune v/seksjon for Naturforvaltning, landbruk og reiseliv på avdeling for næring, plan og innovasjon er tilgjengeleg som dialogpartner og rådgivar om det skulle være ynskjeleg .»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
Samferdsle og infrastruktur	«I samband med nye kollektivanbod er det dialog med dei einskilde kommunane for å kunne tilpasse eit best mogleg kollektivtilbod innanfor dei budsjettmessige rammene som er gitt.»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
	«Vi saknar eit større fokus på tilrettelegging for mjuke trafikantar og trafikktrygge løysingar for dei som går og sykklar. Kommunen bør særleg vektlegge trygge ferdelsårar der barn og unge ferdast.»	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Målsetting for trafikktryggleik er innarbeida i planframlegget. Planen er på overordna nivå.	Systemet for tilskotsmidlar støttar ikkje opp om dette.	Vert ikkje gjort endringar.
	«Vi vil oppmode kommunen til å utarbeide arealstrategiar som speglar ei satsing på arealutvikling tilknytt eksisterande kollektivtilbod, G/S-veg, butikk, skule og andre viktige målpunkt. Dette bidreg til å redusere transportbehov og gjere det tryggare å ferdast for mjuke trafikantar.»	1. Relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram (arealstrategi).	--	Vert ikkje gjort endringar.
	«For å lukkast med næringsutvikling er kraft ein avgjerande faktor, og kommunen peikar på de har avgrensa nettkapasitet for straum i dag. Dette burde vore tydelegare i samfunnsdelen. Vestland fylkeskommune har mål om auka produksjon frå fornybare energikjelder og oppmodar kommunane til å vurdere fornybar energi i planlegginga, jamfør regional plan for fornybar energi 2023 – 2035 .»	1. Delvis relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram (arealstrategi).	Tilnærming til energi og energibruk er tema i temaplan for klima, energi og naturmangfald.	Vert ikkje gjort endringar.
Kultur, idrett, friluftsliv og frivilligheit for fellesskap, engasjement og livskvalitet	«Det er eit nasjonalt mål at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø . Aktuelle strategiar for å tydeleggjere dette i samfunnsdelen kan vere:	1. Relevant for planprosessen. 2. I samsvar med planprogrammet. 3. Samfunnsplanen er overordna, og konkretiseringar kjem i handlingsdelen.	--	Vert ikkje gjort endringar.

Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.

Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.

Vert innarbeida i planen



Solund kommune

Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
	- Integrerer kulturminne og kulturmiljø i reiselivsstrategiar og frivillig aktivitetar (t.d. dugnad for vedlikehald, skjøtsel og formidling av kulturminne). - Synleggjer kulturhistoriske stadar i «Solund i samspel» prosjektet»			
	«Vi oppmodar Solund om å synleggjere korleis kulturskuletilbodet skal sikrast og vidareutviklast i planperioden. »	1. Relevant for planprosessen. 2. I samsvar med planprogrammet. 3. Samfunnsplanen er overordna, og konkretiseringar kjem i handlingsdelen.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	«Det er positivt at kommune peikar på at biblioteket har ei rolle i Solund-samfunnet, men vi oppmodar til at kommunen blir endå meir tydeleg på korleis biblioteket skal vere ein aktiv møteplass, formidlar av kunnskap og kultur, og ein ressurs for lokal utvikling og inkludering. »	1. Relevant for planprosessen. 2. I samsvar med planprogrammet. 3. Samfunnsplanen er overordna, og konkretiseringar kjem i handlingsdelen.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	«Det er positivt at planforslaget prioriterer friluftsliv, men planen seier lite om korleis akkurat friluftsliv kan bidra til fellesskap, engasjement og livskvalitet. »	1. Relevant for planprosessen. 2. I samsvar med planprogrammet. 3. Samfunnsplanen er overordna, og konkretiseringar kjem i handlingsdelen.	--	Vert ikkje gjort endringar.
Oppsummering	«Kommunen har lagt fram eit godt gjennomarbeida plandokument som får fram kommunen sine prioriteringar på ein tydeleg måte. Det er positivt at høyringsforslaget har med seg både det langsiktige perspektivet og kortsiktige prioriteringar for denne kommunestyreperioden. Vi kjenner oss igjen i utfordringsbilete som blir presentert, og meiner planen i all hovudsak følger opp regionale målsettingar. [...] Vi ønskjer å bidra om kommunen skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
Rune Steinsund v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-138438_1_A!d-2022016277!zlOm7d				
Medverknad, samhandling, innhald i planen.	“ Derfor oppfordrer eg til at ein finn passende arenaer rundt i kommunen for å dele informasjon og motta tilbakemeldingar og eventuelt innarbeide dette før endelig vedtak av samfunnsdelen. ”	1. Relevant for planprosessen. 2. Delvis i samsvar med planprogram (det er ikkje lagt opp til medverknadsprosessar etter høyringsperioden). 3. Medverknadsprosessar medfører forventningar hos dei som kjem med innspel som vil bli krevjande å innfri, om andre forpliktingar skal oppfyllest i tråd med tidsskjema (sjå merknad).	Kommunestyret har allereie vedteke omfattande forpliktingar både i mange tiltak i økonomiplan og andre planar, i tillegg til Bygdevekstavtalen med KDD (som er skriven med utgangspunkt i gjeldande samfunnsdel, og med politisk medverknad). Store medverknadsrundar gir eit omfattande administrativt arbeid både i forkant av slike møte og endå meir i etterarbeid.	Vert ikkje gjort endringar.
	“Det er og generelt på sin plass å vurdere korleis ein samhandlar med bygdefolket og mottar eventuelle innspel fram mot 2038. ”	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	Må sjåast i samheng med merknad i rada over.	Tek til orientering.
	“I samfunnsdelen finn ein element frå Bygdevekstavtalen. Dette meiner eg kan tonast ned då Bygdevekstavtalen ikkje tar tak i dei reelle utfordringane slik eg ser det. Det er å tilpasse eit overordna regelverk på alle plan, slik at dei møter utfordringar ein distriktskommune som Solund har.»	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Ikkje i tråd med krav frå Kommunal og distriktsdepartementet og innspel frå Vestland fylkeskommune.	Det er formålstenleg å knyte samfunnsdel tett saman med Bygdevekst for å sikre samheng, betre pedagogikk og ein samla oversikt over arbeidet i kommunen.	Vert ikkje gjort endringar.

Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.

Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.

Vert innarbeida i planen



Solund kommune

Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
			Innspelet tydar på dårleg informasjon ut i samfunnet om kva Bygdevekst er. Bygdevekst er nettopp den beste arenaen Solund kommune har for å sikre eit regelverk og ein forvaltningspraksis som er tilpassa «ein kommune som Solund».	
			Både bygdevekstsøknad og handlingsplanen i Bygdevekst er med utgangspunkt i samfunnsdelen og politiske vedtak. Bygdevekst er ein reiskap for å få utretta meir av det vi uansett skal, og det raskare.	
	«Eg har eit endringsforslag til kulepunktet vedr. hamnesentrum i kapittel 3. (fjerne eksisterande tekst). [...] Ny tekst: Regulering av sentrum på Hardbakke. »	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Regulering av Hardbakke er ein veldig konkret ting. Prosessen som er lagt opp til omfattar meir enn berre dei tekniske tinga i ein reguleringsplan. Noverande tittel er såleis ikkje så innsnevrande på det som skal skje.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	«Å redusere risiko i alt ein foretar seg ser eg på som særskild viktig, og bør gjelde i alle høve. Her vil eg spesielt nemne vegnettet i kommunen. Solund Kommune kan fram mot 2038 vere meir aktiv med å bidra til effektivt og nødvendig vedlikehald/oppgradering på det kommunale vegnettet. Videre sørge for at det blir utbedra flaskehalser på fylkesvegnettet samt trygge mjuke trafikanter langs vegen. Ein bør og ha som målsetjing å bidra til oppstart av nye vegprosjekt i kommunen. »	1. Ikkje relevant i denne planprosessen.	Vegvedlikehald, flaskehalsar og mjuke trafikkantar er omtala i temaplan for trafikktryggleik.	Høyrer heime i lågare plannivå.
	«Vi vil ha god infrastruktur og kunne ha eit regionalt bu og arbeids og serviceområde. Ut frå folketal og kommune økonomi er det då viktig at dei som kan nytte seg av denne infrastrukturen faktisk har bustadadresse i Solund og ikkje i nabokommunane.»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
	«Eit element i tillegg til det som er nemt i utkastet er å tenke meir kortreist (ureist om det går), og ha eit lågt avtrykk ift. dei parameter ein må ta hensyn til (miljø, økonomi natur mm). Å tenke kortreist kan eksempelvis vere å nytte lokale ressursar i større grad, men og i høve eksempelvis transport/ massetransport og bruk av masser fleire ganger. I utkastet er nemt gjenbruk av eksempelvis bolig. Gjenbruk kan og vere at ein Tek med allereie godkjente planer i kommuneplanen før ein regulerer fleire områder. »	1. Ikkje relevant i denne planprosessen.	Kortreist og lokale ressursar er konkretisert i temaplan for klima, energi og naturmangfald. Eldre reguleringsplanar må vurderast opp mot nytt lovverk før dei kan iverksettast.	Høyrer heime i lågare plannivå.
Terje Drengenes v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-138447_1_AId-2022016284!ncSSGs				
Involvering, dialog, likebehandling og rammevilkår	“ Tidleg involvering og dialog og lenge før planprosessen startar må innarbeidast som arbeidsmåte. ”	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
	“ Dialog med innbyggjarane er viktig. Dei som kontaktar kommunen skriftleg eller munneleg må få tilbakemelding/svar. ”	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
	«Eg vil tilrå at ein i samband med dette ser på om rammevilkåra er slik at det er attraktivt å etablera seg her. Då må ein spesielt sjå på forenkling av søknadsprosessen og ikkje minst redusera dei offentlege gebyra vesentleg. Men også her må likebehandling vere i fokus». I det	1. Ikkje relevant for denne planprosessen.	Tek med i anna arbeid: byggesak.	Høyrer heime i andre prosessar.
Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.		Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.		Vert innarbeida i planen



Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
	vidare vert det vist til ulik handsaming av tre tomter i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen (vedteken 2022).			
Kystverket https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-138512_1_AId-2022016323!UUTrCH?pid=3 https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-138552_1_AId-2022016343!HkadRO?pid=3				
Støy, bustader og arealplanlegging	«Havnedrift medfører ulike typer støy gjennom døgnet. Kystverket erfarer fra andre havner at støy er en utfordring for nærliggende områder med støyømfintlige boliger ».	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.		Tek til orientering.
	«Fremtidig planarbeid for Hardbakke bør ta hensyn til eksisterende havne- og næringsvirksomhet. Boliger må planlegges i god avstand til havna , slik at det ikke oppstår konflikter knyttet til støy, driftstid m.m. Effektiv havnevirksomhet er avhengig av en rekke faktorer blant annet tilgang til areal, tilknytning til infrastruktur og kontinuerlig drift 24/7. »	1. Ikkje relevant for denne planprosessen.	Tek med i anna arbeid: regulering av indre hamn.	Høyrer heime i lågare plannivå.
	«Det er viktig at kommunen ser sjøtransport og bruk av sjøarealer i sammenheng med eksisterende og fremtidige nærings- og industriarealer, veier, bolig- og sentrumsområder mv. Ved vidare arealforvaltning gjennom kommuneplanens arealdel, kommunedelplaner, områdeplaner og detaljplaner må kommunen være oppmerksom på at det ikke tilrettelegges for aktiviteter som kommer til hinder for sikkerhet og framkommelighet på sjøen.»	1. Ikkje relevant for denne planprosessen.	Tek med i anna arbeid: regulering av indre hamn.	Høyrer heime i lågare plannivå.
Generell informasjon	«Det følger av Nasjonale forventinger til regional og kommunal planlegging 2023-2027 at «det legges til rette for vidare utvikling av havner og sjøtransport, og lokalisering og nødvendige arealer vurderes i et regionalt perspektiv». Det fremgår vidare at: «Næringslivet er avhengig av god infrastruktur og effektive logistikknutepunkter, som godsterminaler, farleder for skipstrafikken og havner.»» «Det følger av statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet at: «Effektiv og sikker trafikkavvikling og god framkommelighet for godstransport skal ivaretas i planleggingen». Videre følger det at: «Behovet for terminalfunksjoner og godshåndtering mellom jernbane, havn og vei må inngå i den helhetlige planleggingen.»»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
Merknad komme i etterkant	Kystverket har komme med ei retting av sin uttale: «17.000 passeringer er basert på en fem års periode, og riktig tall skal være ca. 3000 passeringer årlig.» (Gjeld Hardbakke hamn.)	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
Pensjonistforbundet i Solund https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-138733_1_AId-2022016433!TqnPcu?pid=3				
Pkt. 3 Varierte butilbod og gode bukvalitetar. Lettstelte bustader for eldre.	Visar til rapport laga av Huseigarane og Pensjonistforbundet i 2018 og 2023. Pensjonistforbundet meiner at resultatet av denne undersøkinga er representativ også for eldre i Solund. Punkta under vert trekt fram:	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
	Som i 2018 så er nesten alle medlemmane einige i at dei ynskjer å bu heime så lenge som mogeleg. Så mange som ni av ti spurde, er heilt eller delvis einige i at dei ynskjer dette. Slik me ser det, er det alt for få trygdebustadar i dag, og det vil ta tid å bygge fleire, noko som også vil gje kommunen store utgifter. Derfor er det viktig å legge denne	1. Ikkje relevant til denne planprosessen.	Høyringsframlegget har målsetting om eit livsløpsvenleg samfunn. Tek med i anna arbeid: bustadprogram og i konkretisering av arbeidsmåtar.	Høyrer heime i andre prosessar.
Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.		Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.		Vert innarbeida i planen



Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
	undersøkinga til grunn, og legge til rette for at eldre lengst mogeleg kan bu i egne bustadar. Samstundes er 6 av 10 heilt eller delvis einige i at dei trur dei vil bu i noverande bustad resten av livet. I 2023 undersøkinga er det viktigaste å ha plass til overnattingsgjester, å eige bustad framfor å leige bustad, og å bu nær familien.			
	Det er i hovudsak det tyngste praktiske husarbeidet, og oppgåver til vedlikehald, dei fleste ser for seg å trenge hjelp til. Eksempelvis kan det vere hagestell, snømåking, samt vask og reingjering. Eit svaralternativ som ikkje var inkludert i undersøkinga, men som fleire påpeikte då de hadde høve til å gje opne svar, var digital/teknisk hjelp.	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	Vurdere i anna arbeid, til dømes innspel til frivilligsentralen.	Høyrer heime i andre prosessar.
	I tillegg meiner me at rutetilbodet ut i bygdene er sentrale tiltak , om ein skal ha høve å bu lengst mogeleg i heimen. Vi veit at mange yngre pensjonistar fortsett ynskjer aktive dagar, ikkje minst sosialt og kan vere til hjelp for dei som er eldre.	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Vurdert til å vere dekk i dei overordna målsettingane under kapittel 2 - Solund 2038.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	Dei fleste av desse som er nemnde, vil vere lite kostnadskrevjande og må setjast i verk i planperioden som går fram til 2028.	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
Statsforvaltaren i Vestland https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-139019_1_Ald-2022016572!owWDc7?pid=3				
Generelt	«Når det gjeld arbeidet med revisjon av samfunnsdelen skreiv vi ei utfyllande fråsegn til oppstarten av planarbeidet med framlegg til planprogram, jf. brev herifrå 08.07.2024. Vi viser til denne fråsegna. »	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	Denne fråsegna har vore behandla frå før, og planen er utarbeida med bakgrunn i blant anna denne fråsegna. Lenke til uttale 08.07.2024: https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-126809_1_Ald-2022010471!GkGW8z?pid=3	Tek til orientering.
	«Vi har lese gjennom fråsegna frå fylkeskommunen (datert 13.11.2025), og ser at dei har skrive ei utfyllande og god fråsegn. På dei tema vi har overlappende ansvarsområde er vi i stor grad samde i deira merknader og tilrådingar om forbetringar av samfunnsdelen. Vi støttar såleis opp om fråsegna frå fylkeskommunen. »	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
Arealstrategi	«Vi saknar tydelege arealstrategiar i framlegget til ny samfunnsdel.»	1. Relevant for planprosessen. 2. Ikkje i samsvar med planprogram.	--	Vert ikkje gjort endringar.
Natur, miljø og klima	«Planen manglar mål og strategiar for å ta vare på naturmangfaldet, unngå nedbygginga av matjord og natur og redusere utslepp av klimagassar. Vi meiner at samfunnsdelen bør supplerast med mål og strategiar innan natur, miljø og klima. »	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Solund kommune har allereie målsettingar for temaet, og desse bør innarbeidast i overordna del i samfunnsplanen.	Solund kommune vedtok eigen temaplan for klima, energi og naturmangfald desember 2024. Det er gunstig å innarbeide målsettinga i samfunnsdelen for å bidra til samankoplinga av planane.	Vert innarbeida i planen.
	«Statsforvaltaren ser det som positivt at kommunen i oktober 2025 fekk vedteke ein temaplan for klima, energi og naturmangfald. [...] Vi meiner det vil vere ein styrke viss kommunen får til ei tettare kopling mellom temaplanen og samfunnsdelen, og innarbeider konkrete mål og strategiar om natur, miljø og klima. »	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Vurdert til å vere dekk i dei overordna målsettingane under Kapittel 2 - Solund 2038. 3. Solund kommune har allereie målsettingar for temaet, og desse bør	Solund kommune vedtok eigen temaplan for klima, energi og naturmangfald desember 2024. Det er gunstig å innarbeide målsettinga i samfunnsdelen for å bidra til samankoplinga av planane.	Vert innarbeida i planen.

Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.

Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.

Vert innarbeida i planen



Solund kommune

Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
		innarbeidast i overordna del i samfunnsplanen.		
	«Berekraftsmål nr. 13 Stoppe klimaendringane er med, men vi saknar ei prioritering av dei to sentrale berekraftsmåla Livet i havet (nr. 14) og Livet på land (nr. 15) i samfunnsdelen. »	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Vurdert til å vere dekk i dei overordna målsettingane under Kapittel 2 - Solund 2038. 3. Oversikten over alle berekraftsmåla i plandokumentet (under prinsipp), syner dei måle ein kan jobbe mest med gjennom plantemaa. Det betyr ikkje at ein ikkje skal jobbe med dei andre, måla, men dei blir jobba mindre med.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	«Vi kan ikkje sjå at desse nye statlege planretningslinjene er særleg omtalt i planframlegget. »	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Det er ikkje naturleg å nemne føringar spesifikt i dette plandokumentet.	Blant anna statlege planretningslinjer ligg til grunn for revisjonen av plandokumentet. Dette står også i planprogrammet.	Vert ikkje gjort endringar.
	«Klima – og naturkrisa vi no står i, og dei nye statlege planretningslinjene, tilseier at samfunnsdelen bør ha sterkare fokus på natur, miljø og klima , med mål og strategiar tilpassa utfordringane i kommunen.»	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Vurdert til å vere dekk i dei overordna målsettingane under Kapittel 2 - Solund 2038. 3. Solund kommune har allereie målsettingar for temaet, og desse bør innarbeidast i overordna del i samfunnsplanen.	--	Vert innarbeida i planen.
Landbruk	«Vi minner om at verken fritidsbustad eller einebustader har høg nok samfunnsnytte til å kunne forsvare nedbygging av matjord . Bygningar med fleire bueiningar vil i dei aller fleste tilfella heller ikkje kunne leggjast på jordbruksareal.»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
	«Det er viktig at kommunen handhevar driveplikta , då aktiv drift tek vare på produksjonsgrunnlaga og er viktig i ein beredskapssamanheng.»	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Handtering av drift av landbrukseigedommar er omtala i planen.	--	Vert ikkje gjort endringar.
	«Solund har ikkje eigen temaplan eller strategi for landbruk og bør difor vurdere å utvide samfunnsplanen med ein eigen bolk om landbruk, inkludert utviklingsbehov. »	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Handtering av drift av landbrukseigedommar er omtala i planen.	Innarbeidast ei målsetting om temaet i overordna del.	Vert innarbeida i planen.
Samfunnstryggleik og beredskap	«Her viser vi til merknadene i fråsegna vår 08.07.2024 , og tilrår å i nødvendig grad supplere planframlegget på dette området. »	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	Denne fråsegna har vore behandla frå før, og planen er utarbeida med bakgrunn i blant anna denne fråsegna.	Tek til orientering.
Folkehelse	Peikar på utdrag i planen og er oppteken av at dette vert følgt opp vidare.	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
Barn og unge	Peikar på utdrag i planen og er oppteken av at dette vert følgt opp vidare.	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
	«Det kjem ikkje fram korleis barn og unge har fått medverke til planen. »	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram.	Innspela er i stor grad teke med, men dei er formulert på eit overordna nivå.	Vert ikkje gjort endringar.
Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.		Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.		Vert innarbeida i planen



Tema	Innspel Samfunnsdel	Vurdering	Merknad	Konklusjon
		3. Medverknad med ungdomsrådet i samband med kommunal planstrategi og i samband med planprogram.		
Aldersvenleg samfunnsutvikling og universell utforming	Peikar på utdrag i planen og skriv: «Vi går ut i frå at dette også inneber at kommunen vil jobbe med universell utforming og konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD), slik at alle har like moglegheiter for personleg utvikling, å delta i samfunnet og utfalde seg i livet. Samfunns- og arealplanlegginga er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette.»	1. Relevant for denne planprosessen. 2. I samsvar med planprogram. 3. Planen har målsettingar på sosial likskap, og mogelegheiter for deltaking.	--	Vert ikkje gjort endringar.
Kompetanse og rekruttering	Peikar på utdrag i planen og er positive til at temaet er løfta inn i planen.	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.
Bustadsosiale omsyn	«Kommunane har eit særskilt ansvar for å ivareta bustadsosiale omsyn i planlegging og byggjesakshandsaminga.» [...] «Vi viser til nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken 2021-2024 «Alle trenger et trygt hjem», Meld. St. 24 (2022-2023) «Felleskap og meistring – Bu trygt heime», Meld. St. 13 (2023-2024) «Bustadmeldinga», Meld. St. 28 (2024-2025) «Tro på framtida – uansett bakgrunn» og til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. I forventningane, pkt. 21, blir det vist til at «Det blir lagt til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i kommunane i tråd med lokale og regionale behov. Bustadbygginga bør bidra til gode og varierte bustadtilbod og bumiljø for alle», jf. også punkt 3.4 i statleg planretningslinje for arealbruk og mobilitet.»	Generell tilbakemelding – ikkje vurdert.	--	Tek til orientering.

Tek til orientering/ Vert ikkje gjort endringar.	Høyrer heime i andre prosessar. / Høyrer heime i lågare plannivå.	Vert innarbeida i planen
--	---	--------------------------





Saksframlegg

Arkiv: K1-614
ArkivsakID: 26/127
JournalpostID: 26/621
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 03.03.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
015/26	Formannskap	19.03.2026
015/26	Kommunestyre	26.03.2026

Oppstart forprosjekt utedel av dagsenter ved Solund helsetun

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek at det vert starta eit forprosjekt på eit utvida dagsenter. Der kostnadsestimat og framdriftsplan vert laga. Administrasjonen vil nytte ekstern hjelp til behovs- og arealsavklaring, samt designskisser og kostnadsestimat. Ramme for dette vert sett til 125 000,-. Finansiering hentast frå eksisterande midlar i økonomiplan og budsjett.

19.03.2026 Formannskap

Handsaming:

Felles framlegg om tillegg:

I det vidare arbeid må det sikrast god medverknad, mellom anna frå medverknadsorgan og andre som kan representere aktuelle brukargrupper.

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

FOR-015/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre vedtek at det vert starta eit forprosjekt på eit utvida dagsenter. Der kostnadsestimat og framdriftsplan vert laga. Administrasjonen vil nytte ekstern hjelp til behovs- og arealsavklaring, samt designskisser og kostnadsestimat. Ramme for dette vert sett til 125 000,-. Finansiering hentast frå eksisterande midlar i økonomiplan og budsjett.

I det vidare arbeid må det sikrast god medverknad, mellom anna frå medverknadsorgan og andre som kan representere aktuelle brukargrupper.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

K. sak: 064/25: Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029:

https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/moteoversikt/#/details/m-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-1072!HwGu7J/d-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-2022015890!m-1072!QANGzQ

K.sak: 050/26 Prosjektgruppe Hamnesentrum – avklaring mandat:

https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/moteoversikt/#/details/m-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-1065!Gag8XK/d-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-2022015183!m-1065!4fqw2b

Presentasjon i kommunestyremøte 2. oktober 2025, delar handla om dagsenter.

Skrøpelegheitsskalaen: <https://www.lvh.no/symptomer-og-sykdommer/eldre/klinisk-skroepelighetsskala-cfs>

Helsedirektoratet.no - Demens: [Demens - Helsedirektoratet](#)

Kva saka gjeld:

Utviding av eit allereie godt etablert tilbod ved Solund helsetun. Uteområde med tilhøyrande moglegheit for å trekkje inn i utvida dagsenter er det dei tilsette ynskjer med plassen Slik at det blir eit tillegg til eksisterande dagsenter. Nytt dagsenter vil verte betre tillerettelagt for noverande og framtidige behov.

Plan elles for området sjåast i samanheng med pågåande arbeid med tettstadutvikling og vert å komme attende til.

Saksutgreiing:

Forankring

Saka kjem opp som oppfølging av vedtakspunkt 13 i k.sak 064/25 *Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029*, og side 30 - prosjekt 2301 Uteområde/ dagsenter i økonomiplan 2026. Vedtakspunkt 13 seier:

"13. Solund helsetun og området rundt rommar fleire tenester er eit område som bidrar eit område som kan bidra til aktivitetar og gode møtepunkt, både for bebuarar og andre brukarar av området. Det skal lagast ein heilskapleg plan for uteområdet, drivhus, dagsenter i tilknytning til Solund helsetun. Arbeidet må ta omsyn til framtidige behov og ta omsyn til aktuelle brukargrupper. Arbeidet skal skje i god dialog med kommunestyret."

Utvikling av Hardbakke

Det pågår for tida eit arbeid med tettstadutvikling gjennom delmål 1 i Bygdevest - hamneområde. For å sjå på hamneområdet må ein sjå på framtidige kommunale behov og samanhengar på heile Hardbakke. Administrasjonen arbeider no innleiar med dette, med bakgrunn i mandat for arbeidet vedteke i k.sak 050/26 *Prosjektgruppe Hamnesentrum - avklaring av mandat*. Denne prosessen vil bli tema i arbeidsverkstad i politisk møte hausten 2026.

Rammer og behov for etablering av dagsenter

Dagsenteret er planlagt å skulle fylle ei rekke funksjonar som å førebygge einsemd, skape rom for sosialisering, skape meningsfulle dagar, bruk av sansane og bidra mot kognitiv svikt.

Brukarane av eit dagsenter er ei samansett gruppe, frå dei som er funksjonsfriske, til dei som er langt oppe på skrøpelegheitsskalaen (sjå lenke) og som i liten grad er mobile. Det er difor brukarar både frå Solund helsetun, og frå private heimar. Dette stiller store krav både til lokalisering og utforming. Lokaliseringa må vere nær hovudbygget, både med omsyn til at brukarar skal kunne vere både inne og ute, i tillegg til at ein må ha tilgang til toalett i nærleiken. Per no er det berre ein tilsett ved dagsenteret, det er også ein grunn til at det må vere kort veg mellom innerommet og uterommet i dagsenteret. I tillegg er det viktig med omsyn til at personell ved dagsenteret skal kunne få hjelp av andre tilsette innan kort tid, dersom det oppstår behov. Ein veit også at på sikt vil mange av bebuarane på helsetunet vere skrøpelegare enn dei er i dag, grunn fleire eldre og press på helsetenestene.

Dagsenter er ei søkbar teneste for heimebuande ofte med byrjande demens. Heimebuande nyttar seg av tilbodet utan vedtak, medan heimebuande nyttar tilbodet etter søknad og vedtak. «Bu trygt heime» er en nasjonal satsing for å hjelpe eldre med å bu hjemme lenger gjennom førebygging, bustadtilpassing, og betre helse- og omsorgstenester.

Dette stiller store krav både til lokalisering og utforming. Lokaliseringa må vere nær hovudbygget, både med omsyn til at brukarar skal kunne vere både inne og ute, i tillegg til at ein må ha tilgang til toalett i nærleiken. Per no er det berre ein tilsett ved dagsenteret, det er også ein grunn til at det må vere kort veg mellom innerommet og uterommet i dagsenteret. I tillegg er det viktig med omsyn til at personell ved dagsenteret skal kunne få hjelp av andre tilsette innan kort tid, dersom det oppstår behov. Ein veit også at på sikt vil mange av bebuarane på helsetunet vere skrøpelegare enn dei er i dag, grunn fleire eldre og press på helsetenestene.

Dagsenteret slik det er i dag er ikkje eit fullgodt tilbod. I forbindelse med opprusting av fasaden på Solund Helsetun vart det laga ein egen utgang mot sør frå eksisterande dagsenter. Denne utgangen har vindfang i glas som skydd for ver og vind. Slik området mot sør (mot ungdomsskulen) fungerer i dag, blir dei sittande på vegen eller der som det blir parkert bilar, noko som opplevast som lite triveleg.



Vidare prosess med etablering av dagsenter ute ved Solund helsetun

Forprosjektet vil vurdere noverande og framtidige behovs- og arealavklaring. Så vert designskisser og kostnadsestimat utarbeid. Administrasjonen vil nytte ekstern hjelp til dette arbeidet. Ramme for dette vert sett til 125 000,-. Pengane hentast frå eksisterande midlar i økonomiplan og budsjett.

Målet er å få ei funksjonell, tidsriktig utviding av dagsenteret som også tek høgde for framtidige behov.

Vedlagt saka ligg ei konseptskisse som administrasjonen allereie har fått utarbeida.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer det slik at det er behov for å etablere eit utandørs dagsenter nær dagens dagsenter og tett ved hovudbygget på Solund helsetun. Dette på grunn av brukaromsyn, trivselsomsyn, personellmessige omsyn og tryggleiksoomsyn. Rammene for eit dagsenter er så tydelege at det ikkje er formålstenleg å sjå dagsenteret som ein del av ein større plan, fordi lokaliseringa er udiskutabel. Prosjektering i år er i tråd med budsjett 2026. Eit utvendig dagsenter har også potensiale for anna bruk, som til dømes møterom, aktivitetar for andre grupper og generasjonsmøte. Det må sikrast ei utforming som både tek i vare prioriteringa som er dagsenterfunksjonen, samtidig som det kan fungere til anna bruk.

Administrasjonen er positive til ei utvikling av uteområdet ved Solund helsetun. Dette må sjåast i ein større samanheng, innanfor rammene av bygdevekst, og vurderast i tråd med reelle, dokumenterte behov. Det må også sjåast i relasjon til pågåande prosjekt med kulturvandringssløypa og tilrettelegging av det mellombelse prosjekt «den hemmelege hagen» i Hardbakke 20.

For tida jobbar Solund kommune med å ferdigstille kulturvandringssløypa, og arbeider no med å få til ei fullfinansieringa av prosjektet gjennom søkte midlar. Dette vert å komme attende til i denne prosessen, jamfør saksutgreiinga lenger oppe.



Jens-Eivind Kobbeltvedt

ArkivsakID:	JournalID:	Arkivkode:	Dykkar.ref	Dato:
26/127	26/639	K1-614		04.03.2026

Dagsenter og uteområde

For å forstå behovet for eit uteområde/aktivitetsområde for brukarar ved dagsenter, må ein vite kven tilbodet er for. Tilbodet er mellom anna til personar med kognitiv svikt, førebygging av einsemd, avlastning til pårørande, for å skape meningsfulle dagar, sosialisering, for menneske med funksjonsnedsetjing, skjerming osv. Det er eldre skrøpelege¹, med ulike behov og hjelpemiddel som nyttar dette tilbodet. Dette inneber brukarar både frå helsetunet og brukarar som bur andre stader.

For å stimulere sansane og nytte alt me har rundt oss og i nær tilknytning til dagsenteret, hadde det vore fint med eit uteområde som kunne nyttast og som er tilrettelagt og nært hovudbygget.

Dagens uteområde knytt til dagsenteret består av avfallsplass/boss-samling og tilkomstveg rundt helsetunet. Pr. i dag sit ein i vegen på fine dagar med benkar inntil vegg, evt. plantar i pottene langs vegen.

På plan to tilknytt Solundheimen er det sansehage, denne hagen er flott med bær og buskar. Den ligg derimot utanfor fleire pasientrom og utanfor skjerma avdeling. For dagsenter brukarar kjennes denne hagen privat for bebuarar. Ein må anten gå rundt bygget for å komme til hagen, eller ein må ta heis/trapp opp og gå gjennom fellesstovene for å komme ut. Det er lange avstandar for personar med funksjonsnedsetjingar og det er langt til toalett. Brukarane ynskjer ofte å kunne gå ut og inn, for å få skjerming på varme dagar, og for vind og vær. På dagsenter har ein hobby/aktivitetsutstyr og det vil ikkje være mogleg å frakte dette opp og ned for aktivitetar.

Beliggenheita til dagsenteret knytt til Solund helsetun er viktig for tilsette. Ein kan få snarleg hjelp om uføresette hendingar oppstår. Det er ein tilsett ved dagsenteret pr. d.d., dette bergensar moglegheitene til å for flytte seg langt vekk frå dagsenteret og samstundes kunne fylgje opp alle.

¹ <https://www.lvh.no/symptomer-og-sykdommer/eldre/klinisk-skrøpelighetsskala-cfs>

Bebuarar ved Solundheimen nyttar også søre veggen (mot ungdomsskulen) på varme dagar, her er skjerma og lunt for nordavinden. Tanken er at «nye» hagen (jamfør vedlagt illustrasjon) skal komme alle som er ved Solund helsetun til gode, ikkje berre dagsenteret.

Ei sankekvie og turstiar nord for omsorgsbustadane vil være eit godt tilbod til eldre utan funksjonsnedsetjing som klarar seg sjølv. Det vil være eit pluss for bygda og ikkje berre for eldre personar. For dagsenteret vil det verte svært ressurskrevjande om personalet ved dagsenteret skal fylgje opp til 10 personar nord for omsorgsbustadane med hjelpemiddel og aktivitetsutstyr. Det er ikkje alle som ynskjer å være ute heller, så å kunne fylgje opp inntil 10 personar spreidd ute nord for omsorgsbustadane og ved dagsenter når ein kun ein tilsett vil by på utfordringar.

Me stiller oss svært positive til initiativet i nord for omsorgsbustadane, men treng noko eige som ligg nærare dagsenteret for å kunne nytte det som eit dagtilbod. Dette for å kunne gi trygge og gode tenester der personale kan få snarleg hjelp ved behov.

Området nord for omsorgsbustadane og dagsenter må ikkje sjåast på som same 'tilbod' då det er andre krav for å kalle seg dagsenter.

Sjølvsagt vil ein på enkelte dagar kunne nytte tilbodet i nord for omsorgsbustadane, evt. går ein tur, men ein kan ikkje legge opp til at eit personell skal ta med 10 brukarar i der. Det er ikkje fagleg forsvarleg eller trygge rammer for personell og brukarar.

Med helsing

Marit Andersen Nesse
Helse og omsorgsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

SOLUNDHEIMEN SANSEHAGE





Skisse landskapsplan	3
Inspirasjonsbilder og konsept	4
Planteforslag	5
Plantesammensetning	6
Arealberegning	7
Prinsippsnitt	8

Innhold



TEGNFORKLARING

- Eiendomsgrense
- Rekkverk
- Håndløper
- Kantstein
- Mur
- (26) Eksisterende kotehøyde
- +25,2 Ny punkthøyde
- Belegningsstein
- Komprimert grus
- Asfalt
- Vegetasjon/plantefelt
- Fall / fallretning

- Møblering
- Vannfontene / vannspeil
- Bål plass
- Naturstein
- Små trær / busker
- Frukttrær



MERKNAD:

FORLØP I G 14.10.2025

Rev.	Dato	Revisjonen gjelder	Tegn.	Kontr.
		Oppdragsgiver: Solund Kommune v/Nikolai Stølsvik	Prosjektnr: 2524	
		Prosjektname: Solund Helsetun Sansehage	Tegningstittel: Skisseprosjekt	
			Dato: 14.10.2025	Søkt: HTK
			Tegnet: MJB	Kontr.: HTK
			Målestokk/format: 1:100 / A1 1:200 / A3	
		LARK Postboks 457 Sløyen 0213 Oslo Tlf. 23 13 12 00 lark.no post@lark.no	Tegning nr.: LA-02-1000	Rev:



Natursteinsmurer langs rampe og oppbygd terreng



Sittebenker (eventuelt plassbygd) rundt prydbed med skulptur



Blomsterportal over sti av komprimert grus



Drivhus



Tråkkheller



Fuglebad / vannelement



Landskapsplanen baserer seg på myke buer og sirkulære former som skaper et harmonisk og inviterende uttrykk. Utformingen legger til rette for flere soner med varierte oppholds- og sitteplasser, og tilkomsten er universelt utformet slik at hagen er tilgjengelig for alle.

Vegetasjonsfeltene får ulike konsepter som stimulerer sansene gjennom farger, teksturer, dufter og blomstringstid. Beplantningen kombinerer gamle kulturplanter som vekker barndomsminner med nyttevekster som kan høstes og brukes i matlaging. Slik oppstår en hage som både er estetisk, sanselig og funksjonell.

I tillegg integreres interessante og stemningsskapende elementer som fuglebad eller fontene, blomsterportal, skulpturer og vindspill. Disse bidrar til variasjon, opplevelse og identitet i uterommet, og forsterker samspillet mellom natur, form og sanselige inntrykk.

PLANTEFORSLAG

- FRUKTLUNDEN

2 epletrær
'Katja', 'Aroma'
(herdige, tidlige sorter)

2 plommetrær:
'Opal' og 'Victoria'
(Skal fungere fint i kystklima)
- PRYDBED 1

Echinops Bannaticus - Grå kuletistel
Calamagrostis Acutiflora - Hagerørkvein
Salvia nemorosa 'Schneehügel' – Steppesalv

PRYDBED 2:

Lavandula angustifolia - Lavendel
Echinacea purpurea - Purpursolhatt
Miscanthus sinensis - Silkekinagras
Nepeta faassenii - Kattemynte

VED INNGANG:

Rosa spinosissima 'Aicha' Pimpinellrose 'Aid'
(Rosa spinosissima-hybrid)

VINTERGRØNN VINDSKJERM:

Prunus laurocerasus - Laubærhegg
- URTEBED

Allium schoenoprasum - Gressløk
Petroselinum crispum - persille
Thymus - timian
Origanum vulgare - Oregano
Salvia officinalis - salvie
Mentha gracilis - Mynte
Salvia rosmarinus - rosmarin
Melissa officinalis - Sitronmelisse
- KJØKKEN / NYTTEPLANTER

Ribes rubrum - rips
Ribes nigrum - Solbær
Fragaria ananassa - Jordbær
Rheum rhabarbarum - Rabarbera
- VEGG / BUSKBED

Hosta - Bladlije
Brunnera macrophylla - Forglemmeiei
Hydrangea - Hortensia
Dasiphora fruticosa - Buskmure
Alchemilla vulgaris - Marikåpe

Hydrangea petiolaris - Klatrehortensia
(ved blomsterportal og langs steinmur)
- VED INNGANG

Syringa josikaea - Ungarsk syrin





FRUKTLUNDEN



PRYDBED 1



PRYDBED 2



KJØKKEN OG NYTTE



Beplantningen kombinerer frukttrær, bærbusker, krydderurter og prydstauder for å gi smak, lukt, syn og taktil stimulans, med farger og former som skaper visuell interesse året rundt. Plantene er valgt for robusthet, tilgjengelighet og gjenkjennelige dufter og smaker, som vekker minner og skaper en følelse av nostalgi. Sammensetningen skaper en levende og sansestimulerende hage som inviterer til aktivitet, opplevelse og ro.



VED INNGANGEN



VED PORTAL



VINTERGRØNN
VINDSKJERM



VED PORTAL





VEGG OG BUSKBED



TEGNFORKLARING AREALER

- Drivhus
50 m2
- Tilkomst (rampe og trapp)
91 m2
- Sansehage
205 m2





FORELØPIG 14.10.2025

MERKNAD:
Dette er et prinsippsnitt for murer og nytt terreng. Utførende må tilpasse på stedet.
Dimensjonering av murene og oppbygning vurderes av utførende. Frostfri dybde kan vurderes i forhold til oppbygning med markisolasjon.

Rev.	Dato	Revisjonen gjelder	Tegn.	Kontr.
Oppdragsnavn: Solund Kommune v/Nikolai Stølsvik			Prosjektnr: 2524	
Prosjektnavn: Solund Helsetun			Tegningstittel: Skisseprosjekt	
Prinsippsnitt			Dato: 14.10.2025	Søkt av: HTK
			Tegnet: MJB	Kontr.: HTK
			Målestokk/format: 1:50 / A1	
			1:100 / A3	
LARK Postboks 457 Sløyen 0213 Oslo Tlf: 23 13 12 00 lark.no post@lark.no			Tegning nr.: LA-02-2000	Rev.: 8



Saksframlegg

Arkiv: K2-C09
ArkivsakID: 26/119
JournalpostID: 26/638
Sakshandsamar: Mona Hjørnevig
Dato: 04.03.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
016/26	Formannskap	19.03.2026
016/26	Kommunestyre	26.03.2026

Revisjon av vedtekter for Solund fritidsfond

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek:

1. endringsforslaget til gjeldande kriteriar for Solund fritidsfond, slik dei føreligg.
2. at kommunedirektøren får delegert mynde til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i kriteria, og som ikkje endrar fondet sitt overordna føremål.

19.03.2026 Formannskap

Handsaming:

Felles framlegg om endring:

Endring av punkt 1:

“reviderte kriterie for Solund fritidsfond, slik dei ligg føre.”

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om endring. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om endring vart samrøystes vedteke.

FOR-016/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre vedtek:

1. reviderte kriterie for Solund fritidsfond, slik dei ligg føre.
2. at kommunedirektøren får delegert mynde til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i kriteria, og som ikkje endrar fondet sitt overordna føremål.

Vedlegg i saka:

10.03.2026

Endeleg endringsforslag reviderte retningslinjer Solund fritidsfond

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:[Kommunelova § 5-3](#)[Fritidserklæringa Vestland](#)

Solund fritidsfond

Tidlegare handsaming av kriteriar for Solund fritidsfond med endringar, i k.sak 037/22 og 050/23.

Kva saka gjeld:

Etter fire år med tilskot frå Solund fritidsfond er det behov for å revidere retningslinjene til fondet, for å treffe målgruppa betre. Retningslinjene er politisk vedtekne i kommunestyresak 037/22 og revisjon vedteke i kommunestyresak 050/23. Det er no utarbeida nytt forslag til reviderte retningslinjer, etter internevaluering og handsaming i administrasjonen. Endringane skal handsamast og vedtakast i kommunestyret. Endringa framgår i vedlegget, der endringane er i punkta 1-3 og 5.

Solund fritidsfond har to ordningar:

- Tilskot til barn og unge 5 -19 år.
 - Det er kun retningslinjene for denne ordninga det er utarbeida endringsforslag til, og som skal handsamast i denne saka.
- Tilskot til sosial utjamning til arrangement i frivilligheita.
 - Denne er det ikkje utarbeida endringsforslag til no.

Saksutgreiing:

Solund fritidsfond vart oppretta hausten 2022. Fritidsfondet sitt hovudføremål er å sikre alle barn deltaking i minst ein fritidsaktivitet i lag med andre, og er særskilt retta mot familiar med utfordrande økonomi. Dette er i tråd med Fritidserklæringa som Vestland signerte i 2024. Der visjonen er at alle barn og unge skal kunne delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet i lag med andre. Fritidserklæringa bygger på FN-konvensjonen artikkel 31, om barn sine rettar. Denne handlar om at alle barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å ta del i kunst og kulturliv.

Noverande retningslinjer har eit søknadsformat som tillitsbasert ordning, som ikkje er behovsprøvd. Årsaka er at nasjonal kunnskap viser at tillitsbaserte ordningar er meir brukt, og at behovsprøvde ordningar kan verke stigmatiserande. Lokale erfaringar over tid viser at fondet har treft eit lokalt behov. Der mellom 15-17 barn og unge i Solund har fått støtte årleg, frå fritidsfondet i 2024-2025. Ein har ein valt å halde på formatet som tillitsbasert ordning. Støttebeløpa er også drøfta og uendra.

I endringsforslaget er få endringar gjort. Hovudendringane er at teksten er forenkla, og meir spissa mot målgruppa.

Vurdering:

I administrasjonen og faggruppa tilknytt fritidsfondet er det semje om revidert forslag. I faggruppa til fritidsfondet er leiara av frivilligsentralen, helsesjukepleiar og folkehelsekoordinator. Revidert tekst skal vere enklare å forstå, er meir spissa mot målgruppa og vil antakeleg bidra til at fondet vert brukt etter førmålet. Revisjonen gjerast no, i førekant av planlagt oppdatering av brosjyra for ordningane i fritidsfondet. Brosjyra skal etter planen oversetjast til andre språk, innanfor ABC-tilskotsmidlar. Ein anbefalar at forslaget vert vedteke som det føreligg.



Retningslinjer for fritidsfond for Solund kommune

Endringsforslag:

1. Føremål

I Solund skal alle born og unge kunne delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet i lag med andre (Jf. Fritidserklæringa som bygger på FN-konvensjonen om barn sine rettar, artikkel 31).

Fritidsfondet kan vere med å bidra til deltaking dersom ein har utfordrande familieøkonomi.

2. Målgruppe

Barn og unge mellom 5 og 19 år som er folkeregistrert i Solund kommune, dvs. også dei som bur på hybel i andre kommunar og nyttar tilbod der. Og som ikkje allereie mottek støtte til fritidsaktivitetar via NAV.

3. Støtta skal brukast til

Betaling for kostnader knytt til fritidsaktivitetar.

Dette kan blant anna vere:

- medlemskontingent
- trenings- og aktivitetsavgift
- kulturskuleavgift
- lisensar
- eigenandel for turar, treningsleirar, deltaking på stemne og cupar m.m.

4. Støttebeløp

Det kan bli gitt maksimalt 5.000,- kr. i støtte til eit enkelt barn/ungdom i løpet av eit år. Søknadsbeløp minimum 300,- kr. pr. barn/ungdom. Det kan søkjast fleire gonger i løpet av året.

5. Søknadsprosedyre

Søknader går via digitalt skjema på Solund kommune si heimeside eller e-post til Solund Frivilligsentral

- a) Føresette, eller unge som har fylt 16 kan søkje.
- b) Lag og organisasjonar kan søkje direkte for brukar, til aktivitetar og medlemskap. Her stillast det krav til at organisasjonen må følgje opp brukaren. Dette for å sikre faktisk deltaking. Det kan innebere m.a. motivasjon, transport og fylgje.



c) For dokumentasjon til søknaden vel ein eit av desse alternativa:

1. Søkjar legg ved kvittering for betalt faktura og får denne refundert frå fritidsfondet (hugs å skriv kontonummer).
2. Søkjar legg ved faktura/rekning, og ber fritidsfondet betale direkte til lag/organisasjon
3. Fritidsfondet betalar ut på forskot til søkjar, ved dokumentasjon av faktura/rekning.

Det er ingen søknadsfrist. Søknader vert handsama fortløpande.

6. Søknadshandsaming

Søknaden vert enkelt handsama administrativt av sakshandsamar i Frivilligsentralen i kommunen.

7. Personvern

Søknaden vert handsama konfidensielt, og sletta når det ikkje lenger er bruk for den.

8. Kjendtgjering

Alle som er i kontakt med barn og unge, inkludert offentlege tenesteytarar og fritidsleiarar, skal jamleg gjerast kjende med tilbodet.

- Tilbodet skal gjerast kjent til alle føresette, barn og unge i kommunen, minst 2 gonger i året.
- Til lag og organisasjonar minst ein gong i året.
- Vere kontinuerleg synleg på kommunen si nettside m.v.



Retningslinjer for fritidsfond for Solund kommune

Noverande retningslinjer

1. Føremål:

Solund Fritidsfond har som føremål å gi barn og unge i alderen frå og med 5 -19 år i søknadsåret ha moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar til trass for utfordrande familieøkonomi.

2. Målgruppe:

Barn og unge mellom 5 og 19 år som er folkeregistrert i Solund kommune, og som ikkje allereie mottek støtte til fritidsaktivitetar via NAV.

3. Støtta skal brukast til:

Betaling for kostnader knytt til fritidsaktivitetar i Solund kommune, eller ein av nabokommunane

Dette kan blant anna vere:

- medlemskontingent
- trenings- og aktivitetsavgift
- kulturskuleavgift
- lisensar
- eigenandel for turar, treningsleirar, deltaking på stemne og cupar m.m.

4. Støttebeløp:

Det kan bli gitt maksimalt 5.000,- kr. i støtte til eit enkelt barn/ungdom i løpet av eit år. Søknadsbeløp minimum 300,- kr. pr. barn/ungdom. Det kan søkjast fleire gonger i løpet av året.

5. Søknadsprosedyre:

Søknader går via digitalt skjema på Solund kommune si heimeside.

- a) Føresette eller søkjarar som har fylt 16 år søkjer via digitalt skjema på Solund kommune si heimeside.
- b) Lag og organisasjonar kan søkje direkte for brukar, til aktivitetar og medlemskap. Her stillast det eit krav til at organisasjonen må følgje opp brukaren for å sikre faktisk deltaking. Det kan innebere m.a. motivasjon, transport, fylgje m.v.

Det er ingen søknadsfrist. Søknader vert handsama fortløpande, og ein kan vente svar seinast innan 4 veker. Søknaden skal innehalde informasjon om kven det blir søkt og kva det blir søkt støtte til. Søkjar lastar opp kvittering for betalt faktura og får denne refundert frå fritidsfondet. Alternativt betaler fritidsfondet ut på forskot, mot framvising av kvittering på betalt faktura i etterkant.

Det vert ikkje stilt krav om dokumentasjon av søkjar sin økonomiske situasjon, ordninga er tillitsbasert



6. Søknadshandsaming:

Søknaden vert enkelt handsama administrativt av sakshandsamar i Frivilligsentralen i kommunen.

7. Personvern:

Søknaden vert handsama konfidensielt, og sletta når det ikkje lenger er bruk for den.

8. Kjendtgjering

Alle som er i kontakt med barn og unge, inkludert offentlege tenesteytarar og fritidsleiarar, skal jamleg gjerast kjende med tilbodet.

- Tilbodet skal gjerast kjent til alle føresette, barn og unge i kommunen, minst 2 gonger i året.
- Til lag og organisasjonar minst ein gong i året.
- Vere kontinuerleg synleg på kommunen si nettside m.v.



Saksframlegg

Arkiv: K1-145
ArkivsakID: 26/157
JournalpostID: 26/715
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 11.03.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
019/26	Formannskap	19.03.2026
017/26	Kommunestyre	26.03.2026

Kartlegging av bustadbehov i Solund kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek rapporten "Ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn" til vitande.

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide eit heilskapleg og konkret Bustadprogram for Solund kommune som skal være førande for arbeid med bustadattraktivitet dei kommande åra. Det må sikrast brei involvering når Bustadprogrammet vert utarbeida.

19.03.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-019/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre tek rapporten "Ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn" til vitande.

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide eit heilskapleg og konkret Bustadprogram for Solund kommune som skal være førande for arbeid med bustadattraktivitet dei kommande åra. Det må sikrast brei involvering når Bustadprogrammet vert utarbeida.

Vedlegg i saka:

11.03.2026 Kartleggingsrapport bustadbehov Solund kommune

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

[Bygdevekstavtale mellom Staten v/ Kommunal og distriktsdepartementet, Vestland fylkeskommune og pilotkommunane Solund og Fedje 2025 - 2028, vedteke i K-sak 021/25](#)

Kva saka gjeld:

Kartlegging av bustadbehov i Solund kommune

Saksutgreiing:

For å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling inngjekk kommunane Solund og Fedje ein bygdevekstavtale med Staten og Vestland fylkeskommune. I avtalen er det peika på 4 delmål som alle skal bidra til å nå dei overordna måla. Desse delmåla er:

1. Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet
2. Auke pilotkommunane sin attraktivitet som ein stad å bu
3. Styrke næringsutvikling og jobbmarknad i avtalekommunane
4. Tydleggjere og styrke kommunane si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling i ei ny tid

I samband med delmål 2 har Solund kommune utarbeida ein kartlegging av bustadbehov i kommunen. Bygdevekstavtalen og dei ulike delmåla er forankra i føringane i gjeldande samfunnsdel, der mellom anna "Varierte bustader og gode bukvalitetar" er ein prioritering. Problemstillingane knytt til bustadattraktivitet og bustadmarknad er såleis ikkje ukjende i kommunen men kommunedirektøren ynskjer å arbeide meir målretta og systematisk med feltet framover. Det vert difor tilrådd å utarbeide eit heilskapleg og konkret bustadprogram som kan være rammeverk for utviklinga av bustadattraktiviteten i Solund i åra som kjem. Det er då naturleg å begynne med å kartlegge både sjølve bygningsmassen og kva tankar, behov og ynskjer innbyggjarar og tilflyttarar i lokalsamfunna har knytt til bustad og bulyst.

Kartlegginga synar at det er andre faktorar enn berre kvadratmeter og pris som er viktig for bustadattraktivitet. Den synar også at det er behov for å tilføre noko anna enn dei tilboda som allereie eksisterer i dag. Fleire tilsynelatande ulike målgrupper har også samanfallande behov som truleg kan løysast i same prosjekt om ein tek dei rette grep. Gjennom kartlegginga har det vidare kome fram at bustadmarknaden i Solund på mange måter er todelt, der sal og utleige ofte skjer i uformelle kanalar som det kan være vanskeleg å orientere seg i utan eksisterande nettverk og kjennskap.

Vurdering:

Kommunedirektøren synar til vedlagt rapport. Det vert arbeida med å lage eit konkret bustadprogram som vil være førande for arbeidet med bustadattraktivitet i Solund kommune dei kommande åra. Sjølve bustadprogrammet er truleg klart til å vedtakast hausten 2026.

For å sikre framdrift vert det arbeida parallelt med fleire av dei aktuelle tiltaka i bustadprogrammet som vurdering av bustadstiftinga og framtidig organisering av bustadarbeidet i Solund kommune, ein heimeside med informasjon om bustadmoglegheiter i Solund og, ikkje minst, moglegheitane for å realisere bustader.

ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn

Kartlegging av bustadbehov i Solund kommune

Bygdevekstvtale

Vår 2026

Innhald

SAMANDRAG	3
1 INNLEIING	5
2 TILNÆRMING OG PROSESS	7
2.1 Metodikk og framgangsmåte	7
2.2 Dokumentgjennomgang	8
2.3 Utval og representativitet	9
3 KVIFOR ATTRAKTIVITET ER VIKTIG	10
3.1 Fortellingar og ulike røyster	10
3.2 Solund -bulyst i eit øyrike og utpost	12
3.3 Attraktivitet som sosiokulturelt fenomen	13
4 SOLUND FORTEL – funn frå undersøkinga	15
5 HEIM, NABOLAG OG LOKALSAMFUNN	31
5.1 Buformer	31
5.2 Hemmar for lokal samfunnsutvikling -eit todelt samfunn og manglande informasjonsflyt	35
6 BUSTADBEHOV	37
6.1 Bustadbehov per målgruppe	37
6.2 Anbefalingar og vegen vidare	42
7 KJELDER	48

SAMANDRAG

Denne rapporten er ein del av avtalekommunane Fedje og Solund sitt arbeid under Bygdevekstavtalen med formål å auke kommunane sin attraktivitet som bu stadar (jf. Bygdevekstavtala, delmål 2). Rapporten gir innsikt i kva tankar, behov og ynskjer innbyggjarar og tilflyttarar i lokalsamfunna har knytt til bustad og bulyst, samt andre sosiokulturelle faktorar som kan auke kommunane sin attraktivitet og styrke bli-lysten.

Bustad og bulyst handlar om meir enn kvadratmeter og pris, det er ei samansetning av ulike faktorar som landskapelege kvalitetar og plassering, moglegheit for å kombinere privatliv og sosial kontakt med andre, og kvalitetar ved sjølve bustaden knytt til storleik, estetisk utforming og lokalisering. Rapporten adresserer difor to sentrale faktorar for bustadutvikling: dei immaterielle og dei materielle kvalitetane, og har difor tatt adressert "det å bu" gjennom samtalar om heim, nabolag og lokalsamfunn. Å lytte til behova og nå ut til alle målgrupper er avgjerande for god kommunikasjon og ein open informasjonsflyt i lokalsamfunnet vårt.

Fleire målgrupper etterspør inkluderande bumiljø med rom for privatliv og lågterskel kontakt, der tun-struktur, møteplassar og kvardagslege gangliner kan støtte integrering og sosial tryggleik. Nabolag viser seg å vere ein inngang for mange for sosial berekraft og i lokalsamfunnet generelt, medan grendene kan vere svar til dei som ynskjer meir "luft" rundt heimane sine. Både kommunar har i dag eit veldig homogent bustadtilbod kor 93-94 % av bygningsmasse er eine- og tomannsbustadar. Dette gjer at tilbodet i dag er veldig einsarta, og at det er behov som i dag ikkje vert møtt. Kartlegginga synar kor desse behova er særleg tydeleg for menneske i ulike formar for «overgangar» som til dømes ved tilflytting, ved samlivsbrud, når husstanden endrast (kun foreldre igjen og/eller utflytta barn som vurderer å flytte heim at på «heimebøen», og for dei som ynskjer å gå frå leieløysingar til kjøp av mindre husver.

Sjølv om dei fleste innbyggjarar bur godt og trivast i lokalsamfunna, synar kartlegginga og at mange også opplev det utfordrande å etablere seg, og trivast. Dette gjeld både segment av innbyggjarane som allereie bur i kommunane, og i særleg grad dei som kjem flyttande utan slekt/nettverk eller kjennskap til lokalsamfunna. Denne todelinga synar rapporten, er ei

viktig utfordring for kommunane å adressere i lys av den negative befolkningsutviklinga som har prega både kommunar over tid.

I hovudtrekk har kartlegginga avdekkja behov for;

- Å tilføre noko nytt, og ikkje byggje meir av det same i dei næraste åra. Dette gjeld både mindre bustadar/leilegheiter og betre og meir formelle informasjonskanalar om tilbod og moglegheiter
- Ha eit særleg fokus på det rapporten omtalar som «bu- karriere 0-3 år»
- Styrke vertskapsrolla i lokalsamfunna
- Lære frå dei allereie etablerte bustadfelta/-løysingane som kartlegginga visar innbyggjarane meiner fungerer best
- Styrke lokal bevisstheit om, og prioritering av, stads- arkitektoniske kvalitetar som både aukar bukvalitet og attraktivitet
- Avklare rollar og ansvar i ynskja utvikling i bustadmarknaden

Vidare arbeid med å utarbeide og prioritere dei beste løysingane vil bli adressert gjennom å utvikle eit «Bustadprogram» med tett samarbeid mellom kommunestyret, administrasjon og innbyggjarane.

1 INNLEIING

Fedje og Solund kommunar har i gjeldande samfunnsplanar, og gjennom felles Bygdevekstsøknad og –avtale, identifisert den lokale bustadmarknaden som ein sentral hemmande faktor for lokal samfunnsutvikling. Sjølv om dei fleste innbyggjarane i bygdevekstkommunane Fedje og Solund bur godt, har begge kommunane over lengre tid stått i ei utfordrande utvikling med fråflytting og betydeleg befolkningsnedgang.

Dette utfordringsbilete er og stadfesta i regjeringas Meld. St. 13 (2023-2024) *Ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet* som skildrar bustadsituasjon i distriktskommunane som krevjande. Bustadlandskapet er og prega av eit homogent bustadtilbod kor opptil 94% av bustadane er eine- og tomannsbustadar, lav omsetningstakt og lite nybygg og stor økonomisk risiko, mm. (Waage, 2025).

Dette gjer det utfordrande for innbyggjarar og potensielle tilflyttarar å skaffe egna bustad tilpassa det mangfald av eksisterande behov og ynskjer, økonomisk situasjon og skiftande livssituasjon og livsfase som den lokale bustadmarknaden skal ta i vare¹. Arbeidet knytt til vedtatt delmål 2 i kommunane sin Bygdevekstavtale som har som si hovudmålsetting å:

"Auke pilotkommunane sin attraktivitet som ein stad å bu."
(Bygdevekstavtalen, kap. 6.2)

Denne rapporten er del av pågåande arbeid nedfelt og vedteke i Handlingsplan 2025 (HP25). Denne rapporten (tiltak 2.3) inngår saman med rapporten *"Kartleggingsrapport Kommunale bustadar og bustadmarknad i Fedje og Solund"* (Bygdevekst, mars 2025) (tiltak 2.2) som delar av arbeidet med å skaffe til vege eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som i HP25 er skildra som følgjer;

"Formålet er å etablere et oppdatert kunnskapsgrunnlag for utvikling av framtidige bustadprosjekt i kommunane."

Som skildra i den vedtekne handlingsplan, vil desse danne grunnlaget for tiltaket 2.6 *-ferdigstille forslag til Bustadprogram for kvar kommune*, som

¹ I den årlege dialogen mellom Fedje og Solund kommunar, og Husbanken region Vest, fekk kommunane i 2024 present SSB tall som viser at bustadmassen i båd kommunar består av 93 % eine- og tomannsbustader.

samlar innsikt og gjer anbefalingar til strategisk tilnærming og prioriterte tiltak.

I kommunane sin søknad om bygdevekstavtale er lokalsamfunna skildra som *diamantar for det gode liv* (Søknad om bygdevekstavtale, 2023, s.3). Slik er det for mange innbyggjarar. Men samstundes har våre kommunar i lag med dei aller fleste distriktskommunar erfart ein dramatisk befolkningsnedgang over tid, og slit med å auke tilflyttinga til lokalsamfunna.

Denne rapporten har difor eit særleg fokus på å kartlegge bustadbehov og ynskjer hjå innbyggjarane, og synleggjere kva sosiokulturelle faktorar - innbyggjaranes tankar og idear knytt til attraktivitet og bu-kvalitet- som pregar dagens lokalsamfunn. Denne tilnærminga vil bidra til at kommunane blir betre i stand til å planlegge og realisere bustadprosjekt som understøttar førande prinsipp nedfelt i gjeldande samfunnsplanar.²

I arbeidet med rapporten har vi difor spurt innbyggjarane om kva tankar dei har om den lokale bustadmarknaden. Kva dei tenker er ein god heim, kor viktig, og kva består eit godt nabolag og eit godt lokalsamfunn av, og kva kvalitetar verdsett dei i val av bu stad? Ei slik tilnærming i tråd med den verdskjente danske arkitekten og byplanleggjaren Jan Gehl sin filosofi om at god planlegging og utvikling av stadar og samfunn ikkje startar med einskilte bygningskroppar men søkjar å forstå (*Life Between Buildings*, 1971) Her ligg og fokuset på berekraftig bustadutvikling og prinsippet: "*Først liv, deretter rom, deretter bygninger.*" (Gehl, 2023)

Rapporten sin tittel "**ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn**" reflekterer denne forståinga, og i det følgjande blir det belyst kva *attraktivitet* og *bulyst* betyr i ein lokal kontekst, og korleis desse kvalitetane og behova kan forvaltast til beste for lokalsamfunna, både no og i framtida. Difor har ein kartlagt, identifisert og forsøkt å forstå både «*kva er ein stad*» og «*kva er attraktivitet*» gjennom eit sosiokulturelt og fenomenologisk perspektiv, noko som òg har prega val av metode.

Denne kartlegginga er del av pågåande arbeid under tematikken bustad, og er ein viktig del av eit betra kunnskapsgrunnlag for politisk og administrativ strategi, på bustadfeltet for å utvikle lokalt bustadmarknad og fremja auka "*bulyst*" i kommunen. Betre forståing av dei kulturelle

² For Fedje kommune «Fedje må framstå som ein attraktiv bukommune.» (KPS Fedje, s.12)
For Solund kommune "Målet er å auke variasjonen av bustadtypar og styrke bu kvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt." (KPS Solund, kap. 3.1.1)

mekanismene, dei bygde omgjevnadane, og korleis den landskapelege konteksten bidreg til dette.

Både data og innsikt frå kartlegginga gjer ei innsikt i sentrale, sosiale, kulturelle og økonomiske forhold som påverkar korleis innbyggjarane opplever bustad og *bulyst*. Kva er viktig for innbyggjarane, og kva tenkjer målgruppene om heimen og lokalsamfunnet? Målet er å forstå kva som faktisk skapar trivsel og kva slags kostnadsnivå som bør leggjast til grunn i vidare planlegging. Prosessen har og som formål å avdekkje korleis *bulyst* kan stimulerast gjennom godt planarbeid, og korleis ein kan involvere dei rette samarbeidspartnarane til rett tid i utviklinga av eit framtidig bustadprogram (sjå kapittel 6).

2 TILNÆRMING OG PROSESS

Arbeidet med denne rapporten starta i juni 2025 med ei arbeidsgruppe beståande av prosjektleiar i bygdevekst og ein representant frå kvar av kommunane. Her vart det utarbeide ein felles plan for innhald og framdrift samt felles intervjuguide for undersøkinga. Grunna ulike høve, stoppa undersøkinga i Fedje samfunnet opp seint i august, og vart difor ikkje ferdig stilt som planlagt. Skildringar og empiri i det fylgjande omhandlar difor Solund kommune. Her vart datainnsamlinga avslutta etter plan i november 2025.

I Solund kommune har arkitekt Inger Helen Øvrebø hatt hovudansvar for gjennomføring av kartlegginga og analyse av dataa. Medan prosjektleiar Roar Hansen og rådgjevar og prosjektkoordinator Anne Kristine Dyrdal har bistått Øvrebø med skrivning av denne rapporten. Arbeidsgruppa har i kartleggingsperioda hatt jamlege arbeidsmøte, gjennomgang av relevante rapportar, møte med private og offentlege aktørar, og vore på befaringar i kommunen og besøkt andre kommunar for erfaringsinnhenting. Arbeidet har vore forankra i den administrative arbeidsgruppa for delmål 2, leia av stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen. Før endeleg godkjenning har rapporten vore handsame i kommunedirektøren si leiargruppe.

2.1 Metodikk og framgangsmåte

Denne kartlegginga vektlegg kvalitative metodar og tematiske område. Det samla utvalet omfattar 34 informantar med ulik alder, kjønn og tilknytning til Solund. Dei vart i fyste omgang rekruttert via ein open invitasjon formidla via kommunen si nettside og gjennom kanalen på

Facebook "Nyheiter Solund Kommune", og supplert via tips og forslag frå dei som melde seg "Snøballmetoden". Datainnsamlinga er gjennomført ved bruk av kvalitative intervju. I forkant av gjennomføringa vart det utarbeida ein intervju mal i forma av eit *samtalekart*. Kartet var utforma med tanke på å sentrere intervju/samtalane rundt tre hovudpunkt (skalanivå); *ein heim, eit nabolag og eit lokalsamfunn*, og informantane sine idear og tankar om samanhengane mellom dei. Samstundes vart det og spurt om informantanes ynskjer knytt til bustadstørrelse, akseptabel kostnad og eigarform.

Det utarbeida samtalekartet som vart brukt gav dialogar som vart strukturert av intervjuar, men som gav ein viktig fleksibilitet i samtalen og moglegheit til å la informantanes perspektiv og erfaringar styre samtalen. Dette gav god informasjon ikring ulike og mangfaldige synspunkt på, og opplevingar av kvalitetar knytt til ein bustad, korleis ein har det i nabolag og behov frå eit lokalsamfunn med utgangspunkt i heimen (sjå vedlegg).

Informasjonen er behandla konfidensielt, og i innhenting, lagring og bruk i analysen omhandla på måtar som ivareta deltakarens anonymitet.

Ein har og snakka med representantar frå dei større kommunale arbeidsplassane (helse og administrasjon) om bu-forhold og bulyst hjå tilsette. Arbeidsutvalet har og hatt arbeidsmøte med husbanken for å kartlegge økonomiske rammer og tilleggsordningar for det vidare arbeidet (sjå komande utkast til Bustadprogram). Innanfor dei gitte rammene for tid, ressursar og tilgjenge i Solund meiner arbeidsgruppa at informantutvalet har tilstrekkeleg breidde og mangfald til å representere Solund-samfunnet, og at innsikta som er samla gir eit godt grunnlag for anbefalingar og konklusjonar (sjå 2.3 under).

2.2 Dokumentgjennomgang

Som førebuing av kartlegginga er det gjennomført dokumentstudiar både i samband med utviklinga av samtalekartet, og for å støtte og utdjupe seinare analyse. Litteraturen som er gjennomgått spenner frå kommunale og statlege føringar til rapportar og forskning frå andre distriktskommunar, planleggjarar, samt arkitektar med særleg fokus på stadutvikling (sjå del 7 for ein oversikt).

Dokumentstudiane har fungert som del av grunnlaget i prosessen, og har bidrege til å kople lokale observasjonar frå Solund til eit større fagleg rammeverk for bustad- og stadutvikling.

2.3 Utval og representativitet

Talet på personar som er frå alderen 20-74 år. Samtalane har vert med dei som har opphav frå Solund, dei utan opphav og dei som har slekt. Vi har snakka med dei som er fastbuande og dei som pendlar. For å forstå forskjellige bu-situasjonar har samtalane vert med dei som bur på Hardbakke, dei som bur omegn og i grendene. Dei som bur via kommunalt eigarskap (leige) eller einebustad (eige og leige). Menneskjer som bur aleine, som par, familiar og kollektiv. Det har vert viktig å ha eit utval av grunnar for å velje Solund for dei som ikkje har opphav. Det er blitt intervjuar dei som har kome på grunn av jobb-utlysing, dei som ynskjer å skapa noko sjølv og dei som ynskjer Solund som rein livsstil, som eit temposkifte kvardagen. Øvrebø har gått breidt ut for å omfamne flest mogleg røyster, då dei 34 samtalane har vore djupne-intervju, har kvar samtale brakt fram ei brei forståing frå målgruppe-perspektiva.

For å sikre anonymitet og synleggjere mønster i datamaterialet har vi teke utgangspunkt i etablerte målgruppekategoriar slik dei er presenterte i Grimsrud og Aure (2013) *Tilflytting for enhver pris*³ (kap. 10.3). Der blir fire hovudkategoriar nytta: *unge solo jobbsøklarar, tilbakeflyttarar, jobbsøkande barnefamiliar og livsstilstilflyttarar*.

I Solund har vi valt å inkludere *internflyttarar* som ei eiga målgruppe. Dette kjem av at ein del av bustadettespurnaden og flyttestrøymane i materialet handlar om flytting innanfor kommunen -mellom grender og/eller mot tettstaden, ofte knytt til livsfase og endra bustadbehov. *Internflyttaren* er òg ein fastbuande med meir enn 15 års tilknytning til kommunen.

Denne gruppa er empirisk relevant for undersøkinga sitt fokus på attraktivitet og bulyst, og bidreg til ei heilskapleg forståing av bustadmarknaden som omfattar både fastbuande og potensielle tilflyttarar. Kategoriane er difor sentrale både i lys av datagrunnlaget frå undersøkinga og i tråd med politiske føringar og anbefalingar om å ha ei heilskapleg tilnærming til den lokale bustadmarknaden -ei tilnærming som inkluderer både noverande innbyggjarar og framtidige tilflyttarar.

Målgruppene blir operasjonaliserte og nærare presenterte i kapittel 3.1 "Forteljingar og ulike røyster", og fungerer som inngang til funna om heim, nabolag og lokalsamfunn. At vi opererer med 5 ulike kategoriar synar og at løysinga for å auka attraktivitet til Solund kommune som bu stad, ikkje

³ <https://distriktssenteret.no/litteratur/tilflytting-for-ehver-pris/>

finnast i ein 'ein-tals form', og at det er naudsynt med 'skreddar-søm løysingar'.

I samband med skildringa av tiltaket i HP25 har vi gjort nokre nødvendige avgrensingar. Gitt tilgjengelege ressursar og rapportens kvalitative innretting, omfattar ikkje denne rapporten kvantitative analysar eller eksakte berekningar av det framtidige bustadbehovet. Dette må utviklast vidare i arbeidet med eit eige bustadprogram.

I det vidare oppfølgingsarbeidet vil ein òg involvere Bustadstiftinga tettare.

3 KVIFOR ATTRAKTIVITET ER VIKTIG

Kva betyr omgrepa *bulyst* og *attraktivitet* for og i Solund samfunnet? Finnast det ei felles forståing av desse omgrepa lokalt? Kva er fellestrekk? Og kva skilnadar i verdsetting og opplevingar finnast mellom yngre og eldre innbyggjarar? Mellom langtidsbuande og nytilflytta og blant innbyggjarar busette ulike stadar i kommunen? Og kva skal til for at folk ynskjer å bli buande (bli-lyst)?

Bu- og bli-lyst er uttrykk for faktorar som gjer at menneskjer vel å bli verande i ein stand. Kva er det ved Solund som bidreg til at innbyggjarane ønskjer å bli, og kva forhold vert oppleve som avgjerande for dette valet? Kartlegginga tek utgangspunkt i sosiokulturelle faktorar, og søkjer å forstå korleis kvardagsliv, tilhøyrslø og stadlege kvalitetar i Solund-samfunnet formar grunnar til å bli, slik dei kjem til uttrykk gjennom levd erfaring og lokale forteljingar.

3.1 Fortellingar og ulike røyster

Mange bur godt i Solund og har ikkje opplevd store problem med å etablere seg i lokalsamfunnet. Samstundes kjem det fram at det òg er delar av utvalet som erfarer større utfordringar knytt til det å finne sin plass i lokalsamfunnet.

Dette gjeld blant anna dei som *ikkje ynskjer å flytte heim igjen*, som har vakse opp i Solund, men kjenner ikkje lenger at dei har ein plass her. Årsakene er mange: opplevd mobbing, vanskelege relasjonar, eller arbeidsplassar som ikkje har vore trygge eller utviklande nok for ynskje om å etablere meir kunnskap. Nokon opplever Solund som eit lite framoverlent samfunn og nemner "bygdetrollet" som ein faktor.

Ei anna gruppe er dei *politisk engasjerte*, dei som saknar ei større breidde og eit større mangfald i lokalsamfunnet. Som i alle lokalsamfunn oppstår det *politiske* diskusjonar tett på kvardagslivet. Desse handlar om ulike syn på lokal samfunnsutvikling og om balansen mellom *sentrum og grendene*, både når det gjeld utbygging, prioritering og kva tilbod som er naudsynte i lokalsamfunnet. Dette opplever nokon som utfordrande å bringe på bana. Dei peikar òg på eit manglande politisk engasjement i grendene og kjenner ofte at moglegheitene for dialog, involvering og deltaking er lite tilgjengelege. Nokre opplever òg ei nedprioritering av sosiale møteplassar i grenda, og at det er vanskeleg å få røysta si høyrd. Denne gruppa ønskjer ikkje å forståast som motstandarar, men dei meiner det er krevjande å delta i dei offentlege diskusjonane. Dei opplever at spelereglane og arenaene er for implisitte og lite tilgjengelege.

Vi finn og ei gruppe som *kjem utanfrå*, dette er menneskjene som har flytta til Solund frå andre stadar, land og/eller kulturar. Dei har eit anna blikk, og ser mekanismar i lokalsamfunnet som dei fastbuande kanskje ikkje tenkjer over i kvardagen. Med manglande lokalkunnskap, lokale nettverk og erfaring, opplev desse omfattande utfordringar i å etablere seg og integrere seg i lokalsamfunnet.

Før ein går inn i dei spesifikke målgruppene for det komande bustadprogrammet er det viktig å peike på at desse røystene er avgjerande å ha med i heilheits forståinga av bu- og bli-lyst tematikken, og bør fungere som ein lakmustest på kor open, inkluderande og omsorgsfull lokalsamfunnet faktisk er.

Rapporten peikar vidare på behovet for å utvikle løysingar som ivareteke dei erfarte behova for bulyst og større bustadvariasjon – behov som utvalet meiner i liten grad er til stades i dag. Ei slik tilnærming kan frigjere kapasitet og redusere presset i bustadmarknaden, styrkje fellesskap og møteplassar, og bidra til både auka tilflytting og meir levande lokalsamfunn, både i grendene og utanfor sentrumskjernane.

Målgruppene i Solund sin kontekst med undergrupper og forklaring, ein har vald å gje dei eit "persona" å jobbe vidare med for å forankre dei betre i vår eiga utvikling av det komande bustadprogrammet:

1- "Unge solo jobbsøklar" - Tilflyttarar utan familiær kopling til Solund, her inkluderast og "Sjukepleiaren/læraren" og "Midlertidig buande" (kort kontrakt, engasjement) -dei som kjem for jobben.

Frå no av **"Nykomne Sulingar"**

2- "Tilbakeflyttarar" - med opphav/familiære band i Solund, dei som har direkte familiær kopling (mor, far, søsken) og dei som vurderer å flytte

heim igjen (oppvakse her men budd lenge vekke på grunn av utdanning og arbeidskarriere).

Frå no av **"Dei yngre sulingane"**

- 3- *"Jobbsøkande barnefamiljar"* - Tilflyttarar med tilknytning/familiære band, her snakkar vi "unge i etableringsfasen" (par) og "småbarnsfamiljar".

Frå no av **"Etablerarane"**

- 4- *"Livsstiltilflyttarar"* - to grupper; "dei yngre idealistane" (ynskjer mangesysleri og eige bruk) og "enkelpersonar/par som ynskjer kombinasjon av naturnær livsstil og jobb".

Frå no av **"Livsstiltilflyttarar"**

- 5- *"Internflyttarar"* - dei som allereie bur i Solund, "60+ som ynskjer eit lettare liv" og dei som ynskjer å "bygge nytt eller som har bygd seg nytt".

Frå no av **"Sulingen"**

3.2 Solund -bulyst i eit øyrike og utpost

Solund blir ofte omtalt som "øyriket ytterst i havet": skjergard, lengst vest i Sognefjorden, 1700 holmar og skjer, bølger og spektakulært landskap, eit steinrike som passar rett inn i Ivar Aasen og Jakob Sande sitt univers. "Øyriket Solund", "skjergarden", "ytst i havgapet" - dette er omgrep som vekkjer stoltheit og forankring til ein kystkultur hjå mange. Gjennom slike omgrep formar ein og eit språk og ei forteljing.

For dei som kjem til Solund har landskapet ofte vore utgangspunktet: anten som ein trygg våg å ro seg inn til, eller i nyare tid som eit skifte frå ein annan kvardag, ein stad å vitja, kanskje og med eit ynskje om å slå røter. Vi snakkar om eit liv tett på havet, om vind og stille, og om eit landskap som krev noko av deg. For *"Nykomne Sulingar"* som kjem til kommunen startar det ofte med ei forteljing om "rå natur" og "vest i havet", ei førestilling om noko spektakulært og annleis, der språket blir starten på den enkelte si røynd.

I både rapportgrunnlag og kartlegginga som er gjennomført vart det tydeleg korleis språk, metaforar og forteljingar heng saman med opplevinga av bulyst. Forteljinga om øyriket kan skape stoltheit og tilhøyrsløse hos dei fastbuande som *"Sulingen"*, men hos andre målgrupper som *"Etablerarane"* og *"Nykomne Sulingen"* er det ikkje nok kunnskap om plassen til at dette kan gje meining, endå.

Denne forteljinga kan òg idealisere kvardagen på ein måte som ikkje alltid samsvarer med realiteten, eller som opplevast som like meiningsberande for alle, ho kan og innehalde manglar som både "*Nykomne Sulingen*", "*Etablerarane*" og "*Den yngre Sulingen*" opplev som problematisk. Det har difor vore viktig å undersøkje kva desse omgrepa faktisk betyr i Solund si kontekst, og for kven, og om det finnast viktige behov og verdiar som ikkje er omtale i den rådande fortellinga.

I kommuneplanen sin samfunnsdel blir *omdøme* og *identitet* brukt som fokuspunkt for utvikling og medvit om kva ein vil få til over tid. I kartlegginga blei det etter kvart tydeleg at språket spelar ei stor rolle knytt til nettopp desse temaa. Gjennom forskjellige næringar innan rekruttering, turisme og anna marknadsføring har fleire omgrep blitt ein del av lokalsamfunnet si sjølvforteljing, og ein del av privat næring, turisme og kommunen sitt eige språk når ein skal beskrive seg sjølv i ulike samanhengar. Det er meir enn eit slagord: det formar korleis folk snakkar om, forstår og sel Solund som stad å bu, jobbe og vitja.

Det kjem fram i nokre samtalar ein dissonans mellom det som blir fortalt og marknadsført om Solund, og det som møter tilflyttarar i kvardagen, særleg for "*Nykomne Sulingar*" som kjem utan etablert nettverk og lite kjennskap til staden frå før. Førestillingane om "skjergarden" og "eit samla, inkluderande bygdeliv" samsvarar ikkje alltid med erfart røyndom. For å generere bli-lyst må prosessar, drøftingar og strategiar for utvikling forankrast i eit mangfald av lokale perspektiv: både i det som pregar Solund i dag, og i det som kan og bør bli. Dette inneber å inkludere nye stemmer og nye behov i tråd med kommunen si overordna visjon om å "skape framtida i lag". Difor er det hensiktsmessig å adressere omgrepsbruken og den metaforiske påverknaden ho har for det vidare arbeidet. Viktige spørsmål er da, kva er den samde røynda om Solund som stad? Korleis kan ein formidle dette truverdig. slik at språket både løftar staden og rommar det alminnelege, kvardaglogistikken og "tingenes tilstand"?

Omgrep og historieforteljing formar forventningar og erfaringar, og er difor sentrale størrelsar for å forstå korleis bu- og bli-lyst kan byggjast og styrkast for framtida.

3.3 Attraktivitet som sosiokulturelt fenomen

Auka *attraktivitet* er eit tydeleg mål i kommunen sitt utviklingsarbeid, mellom anna gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel og Bygdevekstavtalen.

Samtalar og intervju viser at opplevinga av attraktivitet varierer mellom ulike grupper, avhengig av livsfase, bakgrunn og grad av sosial forankring. Det som framstår som attraktivt for, til dømes "*Sulingen*", kan vere mindre tilgjengeleg for "*Nykomne Sulingar*", "*Etablerarar*" eller "*Livsstiltilflyttarar*". I ein distriktskommune som Solund vert dette særleg tydeleg, då attraktivitet i større grad må vere synleg, inkluderande og praktisk erfart for å fungere som grunnlag for både tilflytting og det å bli verande. Dette underkapittelet undersøker korleis attraktivitet kjem til uttrykk i kartlegginga, og korleis sosiokulturelle forhold påverkar kven som opplever Solund som ein attraktiv stad å leve. Forventningar som spring ut av overordna stadforteljingar møter ei meir samansett røynd, der attraktivitet vert erfart ulikt avhengig av livsfase og sosial tilknytning.

"*Nykomne Sulingar*" knyter attraktivitet til opplevinga av å bu på ei øy i havgapet, men det er kombinert med tilgang til sosiale møteplassar som kafear og u-planlagde kvardagsmøte. For "*Sulingen*" er attraktivitet i større grad knytt til ein føreseieleg kvardagsrytme, nære sosiale relasjonar og ei sterk kjensle av heimcome, formulert av fleire som «borte bra, men heime best» når dei går i land på Krakhella etter bybesøk.

Bevisstheit om skilnaden mellom subjektiv oppleving og marknadsført røynd vert difor sentral i arbeidet med attraktivitet: kva kvalitetar vert løfta fram som representative for Solund, og kva er det som faktisk er kvardagslivet for ulike grupper?

Det kjem fram frå målgruppene at attraktivitet er ei anna og meir samansett form enn naturromantikk aleine. Attraktivitet ligg ofte i det nære og relasjonelle: i kaffikoppen i solveggen, i praten medan ein ventar på at byga skal gje seg, i nikket frå naboen som veit kven du er, i den årlege festen der ein møter gamle vener og kjende, og i måkeskrik og bølgeskvulp i lunsjen med kollegaer. Her kjem det fram at det å bu i Solund handlar om ulike former for sosiale møte, og om å finne rytmen i kvardagen. Her er det særleg "*Livsstiltilflyttarar*" og "*Nykomne Sulingar*" som nemner desse rytmane, dei assosierer ein kvardag her som noko som stikk seg ut frå andre erfaringar.

Samtidig peikar fleire samtalar med blant anna "*Etablerarane*" og "*Nykomne Sulingar*" at attraktivitet også er tett knytt til det praktiske: tilgang på informasjon, tilgang til bustadtilbod, variasjon av møteplassar, tenester, sosiale fellesskap, og kvardaglogistikken ved å bu på ei øy. I dette spennet oppstår det for fleire ei oppleving av dissonans: mellom forventningar om "eit levande øysamfunn" og den røynda som møter dei, særleg i etableringsfasen og utan nettverk.

Kartlegginga viser at nokre målgrupper ikkje kjenner seg att i forteljinga om staden. Nokre valde å reise frå Solund når forventningane ikkje samsvarer med det som venta, "*Nykomne Sulingar*" er sårbare i møte med desse forteljingane om *attraktivitet*. Det som for nokon var førestilt som eit vibrerande lokalsamfunn, blei opplevd som stille og lukka. Ein må vere sjølvstendig og tole mykje åleine-tid. Andre fortel om å stå utanfor eller oppleve motarbeiding. Samstundes finst det målgrupper som finn ein veg inn i det sosiale landskapet, og peikar på gode møte, relasjonar og ei positiv utvikling over tid, her har "*Dei yngre Sulingane*" gode opplevingar. Andre igjen har ikkje behov for sosial deltaking og opplever øylivet som uproblematisk, eller til og med styrkande, ofte er desse i målgruppa "*Livsstiltilflyttarar*" eller "*Sulingen*".

Dette viser at attraktivitet i Solund ikkje kan forståast som éin gitt eigenskap ved staden, men som eit **sosiokulturelt fenomen**: det som oppstår i møtet mellom menneske, forventningar, språk, relasjonar, tenester, tilgang og kvardagspraksis. (jf. Massey, 2005; Distriktssenteret, 2018) Med eit fenomenologisk og hermeneutisk blikk kan ein forstå *attraktivitet* som noko som blir til gjennom levd erfaring og tolking, og som dermed varierer med livsfase, bakgrunn, nettverk og behov (ref. Merleau-Ponty, 1962; Gadamer, 2010). Tid spelar ei viktig rolle her, og då særleg tida knytt til førsteinntrykk - *innanfor ei viss tid må attraktivitet synast og opplevast*.

For eit komande bustadprogrammet betyr dette at attraktivitet må drøftast som eit spørsmål om *for kven* Solund er attraktivt, og kva som skal til for at fleire kan oppleve staden som inkluderande, trygg og "levande". Kva er det som ikkje blir fortalt, og kva er det som manglar for nokon? Skal kommunen styrke busetjing og bustadmarknad, må ein arbeide både med forteljing og røynd: forventningsstyring, informasjon og velkomst, tilgang på bustader, møteplassar- formelle og uformelle, og strukturar som gjer kvardagslivet berekraftig- sosialt, praktisk og kulturelt.

4 SOLUND FORTEL – funn frå undersøkinga

I kapittel 3 har vi skildra Solund som bu-stad i eit øyrike og drøfta *bulyst* og *attraktivitet* som omgrep i ein lokal samanheng. Desse to perspektiva fungerer som ei overordna tolkingsramme for materialet. I dette kapittelet går vi nærare inn i det informantane fortel, funna er strukturerte etter

målgruppene i Solund sin kontekst, og viser kva som skapar, styrkjer eller svekkjer lysta til å bu, bli verande eller flytte til Solund, knytt til heim, nabolag og lokalsamfunn.



"Nykomne Sulingar" - nettopp gått i land

Denne gjengen er mangfaldig og er den største gruppa representert i målgruppe-undersøkinga; dei består av forskjellige aldersgrupper og livsfasar, frå 18 til 40 år, og kjem hovudsakleg på grunn av jobb. Arbeid er den viktigaste årsakene for tilflytting⁴. Som lærling, tilsett i kommunal sektor (mellombels, fast), nokon pendlar på grunn av partner som jobbar fast i Solund. Nokon kjem solo og er heilt ny på bustadfronten, andre har etablerte tankar om bustad. Dei står på kaia med bagasjen i handa og skal finne seg ein stad å bu.

Denne gruppa har i hovudsak to utfordringar i det nye møte med Solund; **Eit homogent bustadmarknad**, manglande og vanskeleg tilgjengeleg informasjon (lokalkunnskap) om kvar ein kan leige/kjøpe husver. Nokon tykkje det var vanskeleg å navigere seg når ein kom til Solund om ledige bueiningar, sjølv om arbeidsgjevar (uavhengig kommunal eller privat-sektor) viste dei bustadar til disposisjon. Nokre opplevde desse bustadane som låg kvalitet og ynskjer gode bu kvalitetar når ein kjem til ein ny stad som dette. Andre finn ikkje det som passar dei i deira livssituasjon og bur lenge i ein mellombels situasjon. Difor er det og nokon som ser på bu situasjonen sin som "prøve-bu" før dei landar på endeleg avgjersele.

Den andre utfordringa er **navigering i det sosiale landskapet**, nokon finn sin plass, medan andre opplev mykje aleinetid, vanskeleg å finne egna møteplassar å møte andre, her blir det nemnd at det er mykje gode fritidstilbod i Solund for dei som er aktiv, men ikkje for dei som ynskjer andre tilbod som kafé eller kveldsopne offentlege lokalar.

I jobb-samanheng er dei ofte på midlertidig kontrakt, lærling, prøvetid eller nytilsett med fersk kjennskap til vårt lokalsamfunn - det blir sagt vidare at det er lettare å velgje vekk Solund enn å bli fastbuande om ting ikkje kjennast rett ut ved det første møtet.

⁴ [Tilflyttings- og rekrutteringsarbeid i distriktene – en oppsummering av kunnskap – Distriktssenteret](#)

Nokon har og ei låg etableringskapital som igjen heng saman med å være i ein lærlingposisjon eller nyutdanna.

For denne gruppa blir *heimen* omtalt som det første ankeret til trygghet som ny, i det som blir beskrive av målgruppa som "*eit hyggeleg men litt lukka lokalsamfunn i Solund*".

I beskrivinga av målgruppa kjem det fram at jobb-tilflyttarar ikkje er ei einsarta gruppe. Samtalane peikar på forskjellar knytt til livsfase, økonomi og korleis ein ser for seg heimen som ramme for kvardagslivet. For dei yngre i denne målgruppa blir det lagt vekt på *fleksible bustader i små til mellomstore einingar*, gjerne rundt 35–50 m², enten som del av eit kollektiv eller med *moglegheit for leige*. Fleire fortel om ønskje om å flytte inn i ein bustad som opplevast som «klar til bruk», og som raskt gir ei kjensle av å vere heime. Her blir det trekt fram betydninga av bustader med ein tydeleg identitet, ei "sjel" som speglar levd liv, lokal byggjeskikk og materialbruk, eller ei plassering som tek vare på det sosiale gjennom nabolag, tun og nært organiserte aktivitetar, eller som gjenspeilar landskapet den er plassert i. Samtidig blir det peika på behovet for *privatliv*, til dømes gjennom balkong, eiga inngang og grøne overgangssoner som vegetasjon, som både skjermar for innsyn og bidreg til trivsel. For fleire i denne gruppa er vurderinga av Solund som stad å bu tett knytt til korleis bustaden og nærområdet opplevast i kvardagen.

Dei litt eldre i same målgruppe har tydelegare tankar om heimen. Dei har betre økonomi og stiller høgare krav til både standard og omgjevnader. Frå deira perspektiv er det viktig at bustaden ligg i eit nabolag som opnar for *sosialt fellesskap*, som samtidig gir rom for ro etter lange arbeidsdagar. I samtalane blir det skildra eit spenn mellom ønskje om å vere med å byggje opp eit nytt fellesskap frå starten av, og det å flytte inn i etablerte område med eksisterande sosial struktur. Nokre ser for seg ein bustad med hage og eigedom, medan andre føretrekkjer lettstelte løysingar som leilegheit i eit bustadkompleks. Felles for dei er behovet for rommeleg trivsel, stabilitet og moglegheit for både sosialt liv og tilbaketrekking knytt til heimen.

Målgruppa har eit bevisst ynskje om lokasjonen til nabolaga sine, dei skal være nær *sentrum/arbeidsplass*. Dei søker eit miljø som ikkje berre fungerer no, men som kan vere ramma for neste livsfase, anten det handlar om å finne ein partner, etablere familie eller ha rom til å utvikle jobb-ambisjonar -sjølvrealisering. Mange peikar på verdien av tilgang til fellesareal som ein liten grillplass under tak, eit

utrom som inviterer til små treff og spontane møte. Dei ser på slike rom som viktige inngangsportar til fellesskap, og blir særleg påpeika av dei yngre. At nabolaget har felles aktivitetar opplevast som pluss, det blir og trekt fram den gode følelsen dei opplever som ung tilflyttar når ein blir tatt imot av nokon som tar litt ekstra ansvar og "hjelper" ein å integrere seg.

Basert på tilbakemeldingar ser vi at denne målgruppa er opptekne av det vi kan kalle "*nærlandskapet*"; at det har noko å by på er essensielt for bu situasjonen i Solund. Dei beskriv den rå naturen som ein del av nabolaget, fjæra er like mykje hage som plenen -at bustad knyter seg til havet eller fjellet.

Det som kjem fram i samtalanene med målgruppa samsvarer med eit syn på nabolag der sosial variasjon, kvardagsaktivitet og låg terskel for deltaking blir opplevd som kvalitetar. Samtalanene i Solund viser tilsvarande at ei trygg og inkluderande ramme rundt heimen gjer det lettare å sjå for seg å bli verande, også ved mellombels arbeidstilknytning.

Lokalsamfunnet er og eit viktig anker for "*Nykomne Sulingar*", det kjem fram at denne gruppa treng det vesle ekstra for å kjenne på bli -og bulyst. Fleire seier at Solund er vakker og raus i landskapet, men litt stillare i møte med framande. Dei beskriver folket som sjølvstendige, litt tilbakehaldne, ikkje uvennlege, men ikkje alltid lett å komme inn på. For unge tilflyttarar utan slekt eller kjende, krev det difor ein ekstra innsats å finne sin plass. Dei er opptekne av å kjenne seg inkludert og få oppleve lokalsamfunnet i Solund, dei mellommenneskelege møta, ikkje berre natur og det rolege livet.

Korleis Solund blir omtalt i brosjyrar, nettstad og annonser, er viktig for tilflyttarens forventingar til staden. Nokon fortel om omgrep og språk som blei brukt i rekrutteringsfasar for å måle eit bilete som nokon opplevde ikkje stemmer over eins når ein kom til Solund og skulle starte kvardagslivet her. Ingen forberedte dei på aleinetida, dei stengte lokala om kvelden eller manglande tilbod til sosial aktivitet i helgene. For nokon blei det lange vintrar og einsame sommarkveldar.

For dei som søker det sosiale livet, koplar seg på og finn sin plass, handlar det om ein energi og eit engasjement dei ønskjer å bidra med. Dei deltek gjerne på festar, temakveldar, quizkveldar og organiserte fritidsaktivitetar. Dei melder seg på idrett, sirkeltrening eller frivillige initiativ, og dei trivst i naturen Solund har å tilby.

Men nokon kjenner og på eit sakn av dei uorganiserte aktivitetane, eller vanane ein tar med seg frå by og større distrikt, som her blir kalla "urbane vanar"; kafékultur, pizza eller middag ute i helga, bolle på laurdag. Sauna, tilgang til vinteraktivitetar når det er mørkt; bålpanne, kajakk. Moglegheit for å treffast gjennom små kurs og aktivitetar som ikkje er organisert av idrett eller større kultur-arrangement, mikromiljø som handlar om nisjar innan tematikkar rundt måling, leire, musikk, fritids-liv -som er blitt nemnt av denne målgruppa.

Dei peikar og på gode arbeidsforhold som eit nødvendig faktor. Dei let seg motivere av moglegheiter: at ein kan lære, bidra og vekse. Utan dette vil bustad og buform miste tyding. Samstundes påverkar denne målgruppa andre, både gjennom nettverkseffektar og ved å senke terskelen for andre unge som vurderer å kome. Dei er ein målgruppe som kan integrerer seg raskt om ting ligg til rette for det, inviterer andre inn om dei får moglegheit og dersom rammene er gode nok. Dette gjer dei til ein ressurs for Solund. Dersom kommunen og næringslivet klarer å møte behova deira for gode arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter og sosial infrastruktur, kan denne målgruppa bli ei drivkraft for fornying og stabilisering av folketalet i Solund?

"Dei yngre Sulingane" - lagt seg til kai



Denne målgruppa består av personar som er fødte og oppvaksne i Solund har eit "anker" til heimstaden sin. Dei kjem heim etter å har budd andre stader i kortare eller lengre periodar. Kartlegginga viser ei tydeleg todeling: unge menn som kjem tilbake på grunn av arbeid innan maritim sektor eller havbruk rett etter studiar. Og vaksne kvinner og menn (majoriteten kvinner) som kjem tilbake etter 10–15 år, ofte med etablerte karrierar og høgre utdanningar -dette er ei ventande gruppe, nokre med ein fot i Solund og ein fot i byen/tettstaden, fordi dei spør seg om utdanninga og kompetansen er mogleg å etablere/holde på i Solund. Dei vender og tilbake med ei sterk tilknytning til øysamfunnet, eit ønske om å bidra, og ein klar idé om korleis dei vil bu.

Dei har kunnskap om landskapelege krinkelkrokar og sosiale strukturar og eit nettverk som gjer det enkelt for dei fleste å vende heim igjen. Denne målgruppa har òg ein særskilt kulturell funksjon; dei ber med seg Solund si historie, "språk", kvardag og sjølvforståing, og dei er viktige for vidareføringa av forteljinga om staden, eller nyforståing av den. Dei er med på arrangement, dei støttar lokal næring, dei ynskjer å bidra til utvikling og brukar Solund sin identitet som ei aktivt brikke for nettopp denne samfunnsutviklinga.

På grunn av oppvekst og sterke røter, har dei fleste eit naturleg forhold til *bu-lyst* i Solund og ser på samansetning av *familie-landskap-jobb-sosiale relasjonar* som ein kvalitet verdt å nemne som attraktivt med Solund-samfunnet. Med kjennskapen til det sosiale og "rituala" som kjenneteiknar Sula har dei lyst å bu her på grunn av det. Og tenestene som vert tilbydd samt moglegheit for å bu med "luft" rundt seg og nærleik til det kjente øylandskapet med måkeskrik, hav og konglomerat som nokon av naboane. Dei som har eit skråblikk på "bu-lyst" er gjerne dei som kjem igjen med ei høgre utdanning eller eit yrkesval som ikkje eksisterer i Solund, eller dei sosiale relasjonane som ein gang var ikkje er lengre, for dei er det viktig at Solund samfunnet er etablert på andre måtar, som framoverlent næringsutvikling og openheit for nye yrker eller vurderingsvindaug for å etablere seg yrkesmessig.

Men dei legg og lista høgare for kva kommunen skal tilby, dei har forventningar til utvikling i næringslivet, og langsiktige bustadpolitiske og samfunnsutviklingsgrep. Nokre har vert ute å

reist, dei er klar over moglegheitene som finst og at dette er og mogleg i Solund. Dei er villige til å delta i politiske diskusjonar, stille krav til utbygging og vere med å forme nye nabolag og stemmer inn i næringslivet. Delar av gruppa takkar ikkje nødvendigvis ja til det som blir presentert, dei vil vere med å påverke, dei inkluderer seg sjølv eller sett pris på ein invitasjon og tar gjerne ein aktiv posisjon innanfor yrkesvalet sitt.

Nokon søker og sosial utvikling, sjølv om dei er sjølvstendige her, har nokon ynskjer om intellektuell og sosial stimulans. I samtalanene kjem det fram at dette er ei målgruppe med sterk motivasjon for å sosialisere Solund og å bidra til at andre òg skal kunne trivast og busette seg her, dei er nysgjerrige på *"Nykomne Sulingar"* og mange inviterer gjerne inn.

Nokon har med seg erfaring frå byar eller større stader, og saknar "urbane kvalitetar": ein kafé, ein frisør, ein stad å gå ut og handle noko lokalt produsert. Dei verdsett naturen og stilla høgt, men vil også kjenne at det skjer noko. Dei er bevisst på *"bygdetrollet"* og ynskjer eit framoverlent lokalsamfunn som er forankra i kulturhistorisk stads-identitet men med verdiar som speglar si sanntid, dei fleste er bevisst på at identitet og kultur er flytande og ikkje noko som er fastsett.

I møte med nabolaga sine kjenner dei alt både menneska og mønstra. Dei veit korleis det sosiale fungerer, og dei treng ikkje tilrettelegging for å finne fram. Målgruppa er delt mellom å ville etablere seg i sentrumskerne, kvar dei kan delta aktivt i sosialt og kulturelt liv, eller etablere seg i grenda dei vaks opp og har stadleg tilhøyr. Kartlegginga viser faktisk at fleire er opne for å vere med å bygge opp nye bu-miljø, eit viktig signal for framtidig bustadplanlegging. Medan dei som ynskjer å bygge i grendene treng politisk/kommunalt støtte for å gjennomføre om det går vidare til eksterne hold (t.d. statsforvaltar).

På grunn av lokal kjennskap og eksisterande nettverk er dei ofte betre informerte om ledige bustader, tomter og uformelle moglegheiter. Mange ordnar mykje sjølv. Noko som gjer dei eit fortrinn i møte med dei andre målgruppene (utanom *"Sulingen"*) i bustadlandskapet.

Noko dei har til felles med *"Nykomne Sulingar"* er ynskjer og moglegheit for å leige i ein periode. Nokon vil og "prøvebu" og teste ut det å flytte heim igjen, men dei viser til manglande moglegheiter

for å leige bustad i sentrumskjerne. For dei som ynskjer å busette seg i grendene kan det oppstår eit naturleg generasjonsskifte: foreldre som har budd lenge, vurderer å flytte ut av hovudhuset, kanskje til ein mindre bustad i sentrum, medan dei yngre flyttar inn eller bygg nytt på familietomta. Dette samspelet mellom generasjonane er viktig for flyt i bustadmarknaden og for vidareføring av liv i grendene.

Ein del av samtalanane frå målgruppe nemner kvalitet, -både i bustad, i nabolag og i samfunnsutvikling som viktig, høg standard er nødvendig for å få fleire til øya og har sjølv vert vitne til befolkningsnedgangen i si eiga levetid. Dei er difor ei viktig drivkraft i det strategiske utviklingsarbeidet, og dei ynskjer å bli møtt med openheit for dei perspektiva og forventningane dei har med seg frå livet utanfor Solund, kort eller langt.



“Etablerarane” - ynskjer båtplass

Denne målgruppa er på ei målretta reise mot å finne ein plass å etablere seg, dei har gjerne budd ein kort periode i Solund, etablert ein liten familie, eller står på terskelen til å etablere og ynskjer noko å forankre ein potensiell utvida livsform i, gjennom ein heim. Dei har det same sosiale behovet som “Dei yngre Sulingane”, men er ikkje tilbakeflyttarar i tradisjonell forstand, som har eit fjernare familiære band eller relasjon til Solund, nokon knytt til sommarminne. Dei kjem ofte på grunn av arbeid, eller har funne seg ein yngre Suling, og ser på det som ein god inngang til å bu i Solund, minna om øya lokkar og kombinerer det gjerne med jobb. Kan kome solo, men majoriteten er par. Denne gruppa står stødigare i eigen livsfase: dei har arbeidserfaring, ein etablert fagleg identitet og eit klarare bilde av kva dei ønskjer av både bustad og kvardagsliv. Dei er som regel økonomisk stabile, med ei eller to ordinære inntekter, ofte kombinert med studielån og utgifter knytt til SIFO-budsjett for barnefamiljar. Dei er klar til å slå rot.

Det er tre hovudinteresser knytt til *lokalisering* av bustad som syner seg; nokon ynskjer **eit nabolag** som er inkluderande, sentrumsnært og som kan stimulere til sosiale vekst og verne om fellesskapet som blir til når gode nabolag får blomstre gjennom diversitet, aktiviteter og det som ein “tettstadfunksjon” kan gje ringverknad til i det

sosiokulturelle. Nabolaga må gjerne være i gå avstand til kommunesenter og bestå av forskjellige bueiningar, dei søker det same som "*Nykomne Sulingar*" gjer i nabolagsstrukturen. Den andre gruppa tenker det er greitt å bu **nært sentrum**, men i ei meir linjer nabolagsform som heller bidreg til eit tilbaketrekt sosial liv kvar ein kan være sjølvstende når ein er heime men er sosial når ein velgje å dra til sentrum. Her er det snakkar dei og om andre fasilitetar som naust, god parkeringsplass eller hage med moglegheit for å utfolde seg i kvardagsaktivitetar knytt til planting av vekstar, hogge ved eller plass til den trampolina. Den tredje ynskjer **tomter** som ikkje nødvendigvis har samanheng med kva grend dei har "sommarminna" frå, så lenge det er med ein grei distanse til sentrum, utsikt og noko avstand til neste nabo.

Kvar denne gruppa ynskjer fast bustad er litt som dei same typologiane som syner seg hos "*Dei yngre Sulingane*", og det gjer meining då dei er jamgamle og sosialt sett bidrar til kvarandre sitt trivselsbilete, enten i nabolaget, grenda eller sosiale kontekstar i sentrum. Felles er at dei treng ei *god og tilgjengeleg mellombels bustadløysing* når dei kjem, helst einebustadar eller leilegheiter med noko størrelse (50-70 m²), dei brukar gjerne tid til å orientere seg i bustadlandskapet. "Førstestad for landing" er ein kritisk faktor for at dei skal trivast og kunne vurdere vidare etablering.

På lik line med "*Nykomne Sulingen*" opplever mange i denne målgruppa at det er vanskeleg å finne rett informasjon om kor ein kan begynne når ein ønskjer å etablere seg i Solund. Dei etterlyser betre og meir samla informasjon. Den informasjonen dei faktisk finn, er noko spreidd. Nokre meiner òg at det tek lang tid før kommunen svarar på førespurnader, og dei peikar på at tomter i tilgjengelege område er dyre, eller at den totale kostnaden frå "råtomt" til ferdig hus blir for høg i forhold til verdi ved eit eventuelt sal. Nokon fortel òg om mangel på informasjon før dei kom attende til kommunen.

På same måte som "*Nykomne Sulingen*" og "*Den yngre Sulingen*", tek dei med seg nokre urbane vanar: kafébruk, u-organiserte aktivitetar, deltaking i kultur- og fritidstilbod. Gjennom samtalan kjem det og fram behov om ein meir sosial utvikling av heimstaden, det kan bli noko stille. Dei er både nysgjerrige og aktive; dei ønskjer å bidra, vere deltakande og etablere kontaktar på tvers av miljø og aldersgrupper.

Denne gruppa har gjerne kapasitet og motivasjon til å delta i frivillig arbeid, drive aktivitetar eller bidra til tettstadsfunksjonalitet gjennom

initiativ og program og blir på denne måten ein sterk resurs for det sosiale livet i Solund. Dei deltek, arrangerer, trenar, fiskar, går på tur, og tek ansvar for både fest og fellesskap. Dei er ei sosial motorgruppe, opne, inkluderande og trygge i identiteten sin. Dei likar å vise fram heimstaden til nye, og inviterer inn folk frå nettverket sitt utanfor Solund. Dei er bidragsytarar både når det kjem til arbeidsplassar, utvikling og stimulanse til bustadutvikling. Men nokon kunne og tenke seg å vere den som møter opp utan planlegging.

Denne målgruppa kjem og med forventningar til arbeidsgivar og fagmiljø. Dei treng stimulans, utviklingsmoglegheiter og ei kjensle av fagleg kvalitet, noko som blir viktig for korleis dei vurderer livet i Solund som heilskap. Dei er og tydeleg på at skal dei bli værande må det etablerast attraktive bustader, varierende nabolag, tydeleg kommunikasjon og eit miljø som signaliserer at ein faktisk *kan* etablere seg her. Dei peikar og på at det ikkje er alle som brenn for friluftsliv i landskapet vårt og etterlyser sosiale tilbod som ikkje involverer sport og friluftsliv.

Saman med målgruppa "*Nykomne Sulingar*" bidreg desse til eit viktig samfunns- og bustad-utviklingsspørsmål for Solund; dei løfter spørsmålet om *kva bu kvalitet i Solund egentleg betyr, og kva som definerer bu-lyst*. Dei kjem med opplevingar og erfaringar frå andre stader og stiller spørsmål ved standard, tilgjenge og kva bustadtilbodet faktisk uttrykkjer. Ein kan sjå på det som ein invitasjon for kommunen til å tenkje nytt kring bustad, kvalitet og identitet: Kva er ein god bustad i Solund sin kontekst? Korleis møter vi forventningar frå dei som kjem utanfrå? Og korleis kan lokalsamfunnet bidra til å styrke bu-lyst gjennom eigen praksis?

"Livsstilflyttarar" - byggjer eiga kai

Denne målgruppa tiltrekkast av Solund sine natur- og kulturkvalitetar, og kan delast i to;



1. *"Dei yngre idealistane", som ønskjer å skape eit liv på eigne premiss, ofte med småbruk, handverk og sjølvbergingskultur som ramme, og mangesysleri.*
2. *Par og vaksne som "ynskjer eit temposkifte", i sin eiga kvardag, men som har stabile jobbar og ein etablert økonomi.*

Begge målgrupper kjem til Solund først og fremst på grunn av landskapet, og ynskje om ei anna rytme, ei nærare kontakt med naturen. Dei leitar etter å kjøpe småbruk eller eigendomar med større landareal for å kunne dyrke, restaurere og leve meir knytt til natur og kulturarv, dei har noko kjennskap til Solund frå før. Denne målgruppa har gjerne med seg kunnskap og iver etter å gjere produksjonen til lokal kvalitets -mat eller handverk. Nokre av dei har ein draum om å tilby noko til bygda og tilreisande frå sine eigendomar, anten i form av produksjon eller turisme.

"Dei yngre idealistane" er menneske som flyttar til Solund fordi dei vil leve annleis. Dei kjem ikkje først og fremst for fast arbeid, men for eit livsprosjekt. Nokre har vore i Solund før, andre har slekt her, felles for dei er at dei ser Solund som ein stad der dei kan byggje den livsstilen dei ynskjer seg, nærare naturen, nærare tempoet til det enkle livet. Dei er ei samansett gruppe, men deler eit verdigrunnlag: sjølvstende, berekraft og skaparkraft og ivareta ein kulturarv. Dei vil dyrke eigen mat, halde dyr, fiske, jakte. For dei handlar *heimen* ikkje berre om å bu, ho er sjølvve motoren i livsprosjektet. Nokon fortel om ynskjer å produsere lokale varer via syslar, og selje det til lokalbefolkning og turismen på øya.

Difor søker dei eigedommar med noko størrelse: småbruk, kårhus, gamle eigedommar som kan setjast i stand. Dei er ikkje redde for å pusse opp, reparere og bygge om, så lenge dei får stor nok tomt til å realisere ideane sine. For mange er målet sjølvberging; å ha jord, vatn, ved og utsyn. Desse tilflyttarane kan spele ei viktig rolle i å halde ved like og restaurere eldre bygningsmasse, ein ressurs som mange distriktskommunar slit med å forvalte. Dei representerer òg

ein vidareføring av kystkultur, tradisjonar og handverk, og dei ser verdien av å leve tett på landskapet, både fysisk og kulturelt.

Når det kjem til plassering, tenkjer dei praktisk, men ikkje konvensjonelt. Det er ein fordel å ha veg eller båttilkomst, men ikkje avgjerande, her er det litt varierende, nokon ynskjer og å finne ei øy med eigendom, her er sjølve landskapet *heimen*.

Nabolaget er i praksis naturen sjølv. For denne gruppa kan naboen vere ein hjort i enga, ein båt som passerer, eller vinden i bjørkekrattet. Dei ynskjer gjerne sosial kontakt, men på eigne premissar. For nokon gjer ingenting om det tek tjue minutt å gå til næraste nabo. Men dei er bevisst på å være med på å stimulere til økt naboskap i nærområdet, då dei gjerne vil, om det kjem born til verda, at dei har nokon å leike med. Dei opprettheld og "sosiale-mikrokulturar" som ein har i Solund og i kyst-kulturen, kor ein treff naboen i bua, eller ein slo av ein prat på fjorden når ein var ute å fiska, små spontane møter som dei definerer som gode naboskap, dei er bevisst på kor viktig samhold mellom bygdefolket er om det skulle oppstå situasjonar kor ein treng hjelp, gode verdiar ein kanskje tar for gitt i eit digitalisert samfunn?

I kartlegginga kjem det fram at dei er sjølvstendige i å finne fram, og i livsstil, men dei er langt frå isolerte. *Dei yngre idealistane* er ofte svært engasjerte i lokalsamfunnet. Dei bidreg med overskotet sitt, anten det er i form av produkt dei lagar, mat dei dyrkar, eller ved å delta i lokale arrangement. Mange har visjonar om å tilby grønturisme, kurs, eller små næringar som spring ut frå eigedommen. Dei ynskjer å tilføre noko til sitt lokalsamfunn gjennom sine sysler og produksjon.

Gjennom samtalaner kjem det fram at dette er menneske som ynskjer å ta vare på det gamle. Dei ynskjer å bevare bygningsarv, lokale tradisjonar og handverk, og held slik kulturarven levande i praksis.

Dei som *ynskjer eit temposkifte* er menneske som kjem til Solund med eit tydeleg mål: å leve nærare naturen utan å gje slepp på arbeidslivet. Dei har stabile jobbar, mange med høg kompetanse, men søker eit liv der kvardagen får eit tydeleg skifte "mellom slaga". For dei handlar flyttinga om kvardags-balanse.

Dei ønskjer ein *heim* med tomt som stimulerer til ro og tilstadeværelse, men som likevel har infrastruktur og tilgjenge.

Heimen skal vere av god kvalitet, gjerne brukt, med potensial for oppussing og fornying. Den må liggje fritt, utan for tett naboskap, men ikkje så isolert at ein mistar tilknytninga til folk eller veg. Mange er villige til å pendle ein halvtime for å få denne kombinasjonen: heime-arbeid, stillheit og utsikt.

Eigendommen må vere romsleg. Det skal vere luft rundt huset, utsyn mot sjøen, gode solforhold og plass til små syslar, kanskje nokre høner, ein bikube, ein liten hage med bærbusker og frukttær, nokre sauer, tilgang til hav via naust og båt. Nokre kjøper ferdig bustad, andre ventar på den rette eigendomen for å bygge nytt.

Mange ser føre seg å bli gamle i bustaden, samtidig er nokre og opne for framtidige overgangar: Nokre ser for seg små fellesskap i framtida, "tiny villages" eller tun der fleire generasjonar kan bu nært utan å miste privatlivet. Det handlar ikkje om kollektive ideal, men om livsløpbustadar i naturen, der ein kan vere sjølvstendig og sosial etter behov og dele. Denne fleksibiliteten viser at bu-lyst for denne målgruppa kan og handle om *livsfaseforankra kvalitetar*, ikkje éin type bustad.

Når det gjeld nabolag fortel fleire at avstand til naboen er viktig, det skal vere mogleg å gå ut etter posten utan å bli stoppa til småprat kvar gong. Men fellesskap og samarbeid verdsettast likevel høgt, ein må kunne ha ein nabo å støtte seg på. Dei ynskjer å vere del av eit nettverk som kan aktiverast ved behov, anten for praktiske ting eller sosiale treff. For barnefamiliar handlar det også om tryggleik: gå avstand til andre born, moglegheita for små arrangement i grenda, og fellesskap som ikkje krev for mykje organisering, lågterskel møter blir satt pris på.


I møte med lokalsamfunnet set dei pris på Solund for det den er: eit roleg, trygt øysamfunn med lågt stressnivå og sterk tilhøyrslø. Dei deltek på eigne premissar, kanskje eit arrangement, eit kurs eller frivillig engasjement, og mange bidreg med kunnskap, ressursar og idear som kan styrkje fellesskapet. Dei treng ikkje eit konstant sosialt liv, men dei ønskjer fleire uformelle møteplassar, små stader der ein kan dele erfaringar, samarbeide og kjenne at samfunnet er levande. Dei har ofte hobbyar som kan invitere til kunnskapsoverføringar mellom andre med same hobby, eller lage ringvirkningar som påverkar andre til å dele interessa.

Dei har og ei interesse for å halde kompetansen og kunnskapsnivået høgt på arbeidsplassen, og i det dei held på med på fritid, dei

ynskjer å halde oppe ein standard som kan gjere Solund aktuell og for andre om søker same livsstil. Dei er bevisst på konkurransen ein finn i byar og større tettstrøk og ynskjer å utfordre dette med å vise at det er mogleg å ha ein god jobb og bu på ein stad som Solund, med konglomerat og sel som næraste nabo.

For "*Livsstiltilflyttarar*" er ønsket om å bu i og med landskapet. Dei bidreg til å halde på kystkulturlandskapa på forskjellig vis og syner å ha stor interesse i å forvalte med omhug, dei er og bevisst på berekraftig besøksforvaltning i møte med turisme og anna næringsliv, som igjen setter landskap på dagsorden. Som dei andre gruppene har dei erfaring frå urbane samanhengar, og er vant til å organisere aktivitetar, bygge nettverk og delta i initiativ. Dei er ofte initiativtakaren med ambisjon til å invitere andre inn til samlingar, kurs, arrangement, små produksjonar eller kulturbaserte aktivitetar, og kan her under også bidra til å sette Solund på kartet som ein aktiv kystkultur-kommune med eit spekter av aktivitetar forankra frå lokal kunnskapsoverføring, eit fenomenologisk perspektiv, eller via eksisterande kultur/identitet. Desse tilflyttarane har ofte eit kontaktnett utanfor kommunen og bidreg difor med samarbeid og synleggjering på tvers av profesjonar og kommunegrenser.

Dei treng i retur eit tydeleg bustadtilbod: synleggjorde småbruk, fleksible reguleringar, rom for sjølvbygging, informasjon om eigedomar, og forståing for at dei søker eit liv som må byggjast på ein annan rytme enn den urbane.



"Sulingen" - eig noko av kaia

Denne målgruppa har budd i Solund over lengre tid og ofte alderen 60+. Dei har bustad og eigendommen og er i ei livsfase kor anten ungane har flytta ut og ein sjølv har behov for noko mindre/meir sentralt, eller borna vurderer/ynskjer å flytte heim igjen.

Dei som ynskjer å *byggje nytt på heimbøen*, ynskjer i større grad å overlate den større kårbustaden til neste generasjon, anten eigne ungar; "barndomsheimen skal "ungane" få ha, sjølv om dei har flytta ut til den store verda". Om dei har ein god relasjon til andre som vil overta og drive/oppretthalde eigendomen. Her snakkar dei om viktigheita med å få lov av kommunen til å kunne bygge, at det ikkje vil stå nokon paragrafar i vegen. Det er og dei som *ynskjer å byggje nytt, og bryte opp frå sosiale strukturar* ein finn i tettare nabolag, desse har i større grad ingen problem med å finne tak i eiga tomt.

Det er og dei som ynskjer nedskalering og *bu meir sentrumsnært*, gjennom samtalanе kjem det tydeleg fram at dei har eit bevisst forhold til heimen sin, og kva som definerast som "*ein heim*". Mykje av dette forholdet er knytt til vanar og daglege rytmar, andre er minner eller forhold til utsikt, landskap; "soloppgangar" og "kor godt det er å drikke kaffien langs denne solveggen". Nokon er og knytt til bustaden av praktiske grunnar, når ungane og borneborna kjem heim på feriar. Mange peikar på dette som kvalitetar dei ynskjer skal vere med vidare, når dei som er på tanken nedskalering,

Det blir uttrykt interesse for sentrumsnære løysingar, gjerne i mindre, sjølvstendige bueiningar som inngår i a) eit sosialt fellesskap eller b) meir sjølvstendige einingar, men moglegheit for det sosiale. Dei som ynskjer det sosiale, er tankar om deling noko som går att, deling av uteareal, ressursar og kvardagsoppgåver, felles utrom. For fleire er det ein verdi i å kunne hjelpe kvarandre når ein kjem opp i ein alder der kvardagen blir litt tyngre, sjølv om mange er i starten av 60 og friske, tenkjer desse meir langsiktig, tidlaust, livslangt og lettare.

Sjølv om dei ynskjer å flytte frå noverande heim, har dei komen til eit punkt i livet kor dei ynskjer å bruke tida si annleis; mindre vedlikehald, meir rusta mot ein alderdom og lettare tilgang til sosiale aktivitetar og tilgang til kollektivtransport, mange peikar og

på kor lett vint det hadde vore om båtstoppet kunne kome til Hardbakke.

"Sulingen" kan, gjennom å skifte bu situasjon, frigjere bustader og småbruk i grendene. Desse eigedomane representerer eit viktig potensial for nye generasjonar og nye etableringar. Denne målgruppa viser derfor eit komplekst bilete: dei treng bustader som tilbyr noko mellom privatliv og fellesskap, dei krev attraktive og tilgjengelege buformer i sentrum. Medan nokon ynskjer friheit til å bygge på eiga eigedom, om dei ynskjer nedskalering.

Naboskapsformar som blir påpeikt og knyt seg til moglegheita for å halde på naboskap sjølv om dei ynskjer privatliv. *-Her er det verdt å nemne bustadane som ligg på nordsida av gamleheimen på Hardbakke, naboar som har eit godt sosialt liv med moglegheit for å trekkje seg tilbake når ein ynskjer det.* Sjølv om dette er omsorgsbustadar, kan ein trekkje ut dei arkitektoniske kvalitetar som kan dekkje behov til denne målgruppa. Mindre frittståande einingar kan her og stimulere til dette. Felles i denne målgruppa er luft rundt sjølve bustad, stille men ikkje isolert, dei har alle sterke meiningar om korleis bustad skal liggje i terreng, sol, utsikt og korleis "hagen" skal være, med grønt areal og opparbeida bed og moglegheit for dyrking av forskjellige slag.

Som lokalsamfunnet generelt er mange i denne målgruppa glad for moglegheita til å kunne komme seg på tur med tryggare rammer, dagsturhytta "Sognesjøhytta" blir trekt fram som eit godt eksempel på stader som er gode aktivitetstilbod. Nokon heng seg lett på aktivitetar som blir introdusert gjennom frivilligheit, "internasjonal kafé", næringsskipnaden og "det skjer i Solund" -aktørar og tilbod som bidreg til kunnskapsforvalting, informasjon og kommunikasjon og samhold.

5 HEIM, NABOLAG OG LOKALSAMFUNN

5.1 Buformer

Kapittelet drøftar målgruppene sine tankar om dei tre skalaer⁵ i bu-opplevinga (skissert tidlegare i rapporten): heim, nabolag og lokalsamfunn. Skalaene adresserer korleis menneskje møter omgjevnadene sine, frå det nære og private til det felles og offentlege. Frå eit fenomenologisk perspektiv blir samanhengane mellom skalaene lesen i intervjuar både gjennom det fysiske (rom, avstandar, tilgjenge) og det immaterielle (tilhøyrslø, tryggleik, normer og identitet). Dette samlar ei felles forståing av kva som formar kvardagsliv og bulyst, og gjer oss relevant innsikt for å utarbeide menneskeleg forankra samfunnsutviklingsplanar.

Heimane som blir beskriven av målgruppene er varierte og har nokon fellestrekk; det handlar om det nære og det som kan målast med kroppen og sansane. Men og at ein heim er å tenkje behov, noko funksjonelt, det må være opent nok for dei u-planlagde behova og inkludere verdiar målgruppene har beskrive som viktig i ein heim, dette kan samlast under kategoriar som typologi, mikrosituasjonar i og rundt bustad. Ein anna faktor som går igjen uavhengig alder, livssituasjon og bakgrunn; Plassering av sjølve bustaden blir avgjerande, og det viser seg at det lønner seg å tenkje seg om to gonger før ein trekkjer dei store linjene, for igjen sitt ein med menneskje som ynskjer å bu fordi desse behova og ynskjene er ivaretatt og høyrde. Relasjonen heimane har til omgjevnadane kjem utelukka fram i alle intervjuar og har stor betydning, anten det er plassering i landskap, i møte med nabohus, fellesrom, for å nemne nokre. Tidlegare er det nemnd det "nære landskapet", det som heimen relaterer seg til når du er utanfor døra eller når du er inne og ser ut vindaue. Spesielt "*Nykomne Sulingar*" og "*Livsstiltilflyttarar*" har det som fokus. "*Nykomne Sulingar*" kjem på grunn av jobb, men er spent på både jobb og testar bli-lyst i slike landskaplege omgjevnader, dei ynskjer å oppleve vær, konglomerat og sjø frå stovevindaue. "*Livsstiltilflyttarar*" gjer det av praktiske- og estetiske grunnar, fokus på utsikt og nærheit til kystkulturlandskap og havet er viktig.

Målgruppene fortel og om kva dei ynskjer skal vere litt meir lukka og kva som kan vere meir opent frå heimen, frå no av privat/offentleg. Det som er privat, vender seg ofte til mindre situasjonar i og rundt bustad, at ein har

⁵ Skala blir brukt som eit arkitektfagleg omgrep for korleis menneske møter omgjevnadene sine i ulike storleikar og avstandar: det nære (heim), det næraste fellesskapet (nabolag) og det felles offentlege (lokalsamfunn), og snakkar om desse møta i fysiske og sanselege kontekstar.

moglegheit til å trekkje seg tilbake, uavhengig kvar du bur (ref. grend, nabolag, einebustad på større tomt, "sosialt tun"). Det vere alt frå ein benk, under eit tre i ein hage, eller ein lun solvegg. Dei beskriver noko som står seg til menneskeleg skala og som ein kan trekkje seg mot når ein treng eit pusterom utan å gå den lange turen. Det kjem fram, at det for nokre er desse mindre situasjonane som aukar livskvalitet og rekreasjon i kvardagen, "*Etablerarane*", "*Sulingen*" og "*Dei yngre Sulingane*" er opptekne av denne gesten. Dei beskriv og dei nære omgjevnadane viktig som mogleg skjerming mot naboar, ly/le på dagar med nordavind eller sur og våt vind frå sør, denne lokale kunnskapen blir drege fram frå "*Sulingen*".

Men vi må og ta i betraktning den gruppa som ynskjer at heimen kan være ei sosial sfære og kan vende seg til meir offentlege rom, fleire av "*Nykomne Sulingar*" ser på dette som noko positivt, det er eit liv utanfor heimen, å kunne høyre barneleik, naboar som grillar eller som skal på tur. Moglegheit for å planlegge ein felles grillkveld under felles tak. Lyden av fleire liv som blir levd saman gjer frå seg ein tryggheit. Nokon av "*Etablerarane*" sett og pris på desse lydane, og ser på det som positivt om ein har familieplanar.

Det kjem fram eit behov som ikkje er i Solund i dag, og det er bustadar som er tilpassa dei som ynskjer å utvikle seg innan bustad, mindre einingar for "å kjøpe og bli eigar". Einingar for å starte ei bu-karriere for dei yngre "*Nykomne Sulingar*" eller "*Dei yngre Sulingane*" som kjem heim rett etter utdanning. Mindre bustadar samlokalisert/tun-struktur eller del av ein større eining til dømes kombinasjonsbygg/større bygg.

Hos "*Etablerarane*" er og dei som søker bustadar ute i grendene, og ikkje ynskjer å bu i sentrum. Dei søker mindre og meir lettstelte bueiningar. Dei som ynskjer å kjøpe eller byggje einebustad på eige initiativ har andre forutsetningar og er meir bevisst på heimen frå eit "sjølvbyggjar" ståstad. I samtalanene fortel dei at dei vil ha ein kommune som er positiv til bygging, har kort saksbehandling og har ein plan om etablering utanfor tettstaden Hardbakke.

Nabolaget sin relevans i bu-lyst er interessant å sjå inn på i denne konteksten, for sjølv om det er i utgangspunktet ei nokså spreidd bustadmasse i Solund og det er det som er byggeskikken frå dei eldre dagane, så er det både "*Nykomne Sulingar*", "*Etablerarane*" og "*Dei yngre Sulingane*" målgrupper som ynskjer å bu sentralt, og i gode, inkluderande nabolag som tar omsyn til privatliv, landskap og dei små uformelle møteplassane. Dette fortel og om eit skifte av sosiokulturelt behov, gjerne på tvers av eit generasjonsskifte i kommunen, sjølv om Solund er ein

kommune med eit aldrande gjennomsnitt⁶ står den yngre generasjonen sterkt som pådrivarar til å ville ha meir sosialt liv og mellom husa sine.

Kartlegginga viser at for mange har *nabolaget* ei avgjerande rolle for både *bulyst* og integrering i Solund. Av dei som har fokus på gode nabolag blei *Sildevika* blir trekt fram som eit nabolag med sterke sosiale kvaliteter: her opplever både småbarnsfamiliar, midlertidig tilsette, unge tilflyttarar og tilbakeflyttarar at dei blir inkludert. Nabolaget kombinerer rom for sosiale møte med gode private soner, og ligg tett på både natur og sentrum. Relasjonar som oppstår gjennom kvardagslege møte -i "tunet", på leikeplassen eller langs ganglinjene, skapar tryggleik, tilhøyrsl og ein mjuk overgang inn i lokalsamfunnet for dei som ikkje kjenner Solund frå før. Og for dei som har eit meir etablert forhold til Solund så er slike nabolag med på å forsterke tilhøyrsla til staden, uavhengig om du er "*Sulingen*", "*Nykomne Sulingar*" eller "*Etablerarane*". Diversiteten i det demografiske kartet forsterkar trivsels-bilete.

Dei som ynskjer mindre nabolagstilknyting og meir sjølvstende visar til bustadfeltet *Klubben* ("*Sulingen*" eller "*Etablerarane*"). Her finnst større bueiningar (einebustad), moglegheit etablere naust og har nærleik til sjø og kyst-kultur. Nokon fryktar at etablering i Klubben vert for dyrt, og/eller at det kan bli einsamt/lite sosialt. Nokon "*Nykomne Sulingar*" ser på klubben som ein interessant bu-plass om det hadde blitt etablert mindre men sosiale einingar som tek vare på utsikt i landskap, sosial og privat vendingar av bustad.

Andre ynskjer meir luft mellom husa som til dømes "*Livsstiltilflyttarar*" og "*Sulingen*". Desse vil ha større avstand til naboar, og føretrekker busetjing i grendene og er mest opptatt av gode ferdselsårar til sentrum.

Når det gjeld **lokalsamfunnet**, er det eit sterkt og gjennomgåande ønske om lågterskel møteplassar i sentrum, ein stad å ta ein kopp kaffi, kjøpe ein bolle eller å kunne avtale med andre å berre møtast for eit treff. Dette blir særleg trekt fram av "*Nykomne Sulingar*", "*Etablerarane*" ein variasjon av tilflyttarar og unge vaksne, foreldre i permisjon, og tilbakeflyttarar, -som ofte tar med seg urbane vanar der kafé, bibliotek eller møteplass fungerer som ei forlenging av stova. Frå "*Livsstiltilflyttarar -dei yngre idealistane*", kjem det fram at ofte er det denne gruppa som har kapasitet og ynskje om å drive slike stadar, dei brenn for lokalt engasjement, frivilligheit og er ofte drivne av "it takes a village", dette bærer med seg gode kvaliteter til resten

⁶ <https://www.ssb.no/kommunefakta/solund>

av lokalsamfunnet. Den meir etablerte gruppa som "*Sulingen*", "*Dei yngre Sulingane*" ynskjer òg møteplassar, kjøper gjerne ein bolle og støttar lokal næring, men fortel og om ynskje av det sosiale i form av organiserte arrangement, temakveldar eller aktivitetar. Nokon av dei er meir inviterande heim til seg.

Med eit utvida, meir mangfaldig bustadtilbod kan ein og få større samansett gruppe menneske med auka behov for sosiale møteplassane, med aktivitetar og tilbod gjennom heile året.

Tilgjengelegheit er eit ynskje hjå alle målgrupper; tilgjenge til tenester som tannlege, frisør, nokon har nemnd moglegheit for å leige bil om du bur på Hardbakke og vil rundt på øya, forskjellige terapeutar (kropp og helse). Aktivitetar og natur, her kjem det fram at dei fleste er fornøgde med alle dei organiserte tilboda innan sport og fritid. Uorganisert er et eksempel som *Dagsturhytta*, blir her trekt fram som vellykka, tydeleg tilrettelegging for ferdsel i natur og har gjort landskapet meir tilgjengeleg for fleire, i den røffe naturen (topografisk sett) og vær som det kan være, er slike destinasjonar ynskja velkomen. "*Etablerarane*" og "*Nykomne Sulingen*" har ytra ynskje om fleire slike stadar, burde *tryggleik for ferdsel i øyriket* kome på agendaen? Solund blir beskrive som relativt stille på vinterstid, og for "*Nykomne Sulingar*" eller *dei som kjem langvegs frå* kan dette opplevast som ein lang vinter, om ein ikkje er med på dei organiserte aktivitetane. Ynskjer om vinterlege aktivitetar og synlegheita om kor dei er, blir etterlyst. Sauna, bål-plassar, eller kajakk og på vinterstid kjem som nokre forslag.

Eit levande lokalsamfunn med trygg infrastruktur, blå og grøne opplevingar, grøne mellomrom i nabolag, og sosiale rom som toler både regn og vind, dette kan være små, men avgjerande tiltak, ein må då sjå på bustadutvikling som eit samfunnsutvikling prosjekt og ikkje som einskild byggesak. Dette er i tråd med Jan Gehl, og hans måte å lese og forstå omgjevnadane på, i møte med dei menneskelege interaksjonane med bygningane og strukturane vi sett opp, og dette samsvarar med forståinga av valfrie aktivitetar som nøkkelen til bu-lyst (jf. Gehl 2011, s. 51–52).

Dette adresserer samanhengar i språk og omgrep, nabolagskvalitetar, uformelle møteplassar og fokus på heimen. Når alt verkar samen, kombinerer ein eller fleire kvalitetar og aktivitetar får ein dobbel effekt; bål-plass i eit nabolag, sittebenkar og lun sone utanfor kombinasjonsbygg, ein merka sti til fjæra. Ein ting aleine er ikkje nok, kombinasjonar av kvalitetar vil styrke bu- og bli-lyst.

Bu-lyst og attraktivitet går hand i hand, og er også nedfelt i kommuneplan si samfunnsdel peikar på at: *«omdøme handlar om omverda si oppfatning*

av Solund over tid»⁷, dette betyr at med jamne mellomrom, må vi ut i vårt lokalsamfunn og lytte til kva behov som ligg der no, då alle samfunn er i konstant endring, med det endrar og menneska sine tankar om bulyst og attraktivitet seg.

5.2 Hemmar for lokal samfunnsutvikling -eit todelt samfunn og manglande informasjonsflyt

Samtalane peikar på at lokalsamfunnet i kommunen av fleire blir opplevd som todelt. Todelinga handlar både om kven som har tilgang til relevant bustadinformasjon, og kven som har reell tilgang til bustader og tomter. For dei som er "på innsida" framstår marknaden ofte som oversiktleg og føreseieleg. For dei som kjem utanfrå, til dømes dei som vurderer Solund som ny bustadkommune, som drøymmer om småbruk, eller som kjem som livsstilstilflyttarar utan forkunnskap og nettverk, framstår marknaden som uoversiktleg og vanskeleg å orientere seg i. Det manglar eit tydeleg startpunkt for å finne samla og oppdatert informasjon. Dette samsvarer med funna i Andrea Waage si kartlegging, der det blir peika på at det første møtet med bustadlandskapet ofte opplevast som tungvint og fragmentert (Waage, 2023, s. 7). Målgruppeundersøkinga stadfestar og forsterkar dette inntrykket.

Eit gjennomgåande trekk er at mange opplever at naudsynt informasjon (til dømes om ledige bustadar) ikkje er allment tilgjengeleg, eller ikkje like lett å finne for alle. Informasjon om ledige bustader for leige, bustader som skal seljast, bustader som kan bli ledige, tomter og småbruk blir i stor grad formidla gjennom uformelle kanalar. Konsekvensen er at nokre får kjennskap til moglegheiter tidleg og kan handle raskt, medan andre får informasjon seint, eller ikkje i det heile.

I samtalane kjem det fram at "*Sulingen*" og "*Den yngre Sulingen*" i stor grad sit på denne typen tidleg informasjon. Det er i seg sjølv ikkje uvanleg i små lokalsamfunn: personar med familieband, røter og etablerte relasjonar har enklare tilgang til kven som veit kva, og kven ein bør kontakte. For desse startar bustadreisa ofte med høgare grad av tryggleik, innsikt og føreseieleg, og val kan vere planlagde over lang tid.

For målgruppene "*Nykomne Sulingar*", "*Etablerarane*" og "*Livsstilstilflyttarar – dei yngre idealistane*" er opplevinga annleis. Tilgangen til same informasjon er svakare. Dei opplever at informasjonen ikkje er samla, ikkje

⁷ Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020–2030, s. 11

er oppdatert, eller ikkje er offentleg. Difor blir prosessen meir personavhengig og meir tilfeldig: mykje står og fell på kven ein møter, kven ein får kontakt med tidleg, og om arbeidsgjevar eller kommunen kan hjelpe i startfasen, og kva type nettverk ein etablerer seg i.

Ei anna problemstilling er mangelen på informasjon i forkant, både for dei som vurderer Solund som "potensiell plass å bu", og for dei som alt bur i kommunen, men ynskjer å endre bu situasjon. "*Nykomne Sulingar*" blir skildra som særleg sårbare: målgruppa er ofte yngre, kjem utan forkunnskap, og er i starten avhengig av arbeidsgjevar eller Solund kommune for å finne ein stad å bu. Samstundes blir det peika på at denne gruppa ofte får avgrensa moglegheit til å kome vidare til ein meir planleggingsbar bustadsituasjon, mellom anna ved bustadbyte, bodgjevnad og tilgang til alternative bustadtypar. Gruppa er bevisst i møte med god informasjonsflyt, openheit om diversiteten av bustadmarknad, det er essensielt for å stimulere opplevinga av bli-lyst. Denne gruppa treng ein trygg heim frå start, tilpassa deira behov for å starte integrering til lokalsamfunnet.

I samtalane blir det også vist til at bustader som blir ledige i stor grad er større einebustadar (jf. omtale av ein relativt homogen bustadmarknad i Waage, 2023). For enkelte tilflyttarar får dette konkrete utslag: dei blir verande i kollektiv eller i mellombelse løysingar lenger enn planlagt, eller dei må halde fram i ei leilegheit som ikkje passar behova (for lita, for stor, feil plassering eller feil standard). Når bustadreisa over tid blir opplevd som usikker og lite føreseieleg, blir det beskrive at dette svekkjer tryggleik, tillit og motivasjon. Nokre avbryt opphald før tida, medan andre legg Solund bort som aktuell bustadkommune, bli-lysten forsvinn gradvis.

For "*Etablerarane*" blir det skildra som særleg krevjande å få oversikt og realisere ønskje om tomt eller bustad utanfor sentrumskjerne, eller i område dei tenkjer er sosialt eigna deira behov. Dei opplever anten at det ikkje finst tilgjengelege tomter/bustader som svarar på behova, eller at dei ikkje veit kven dei skal kontakte for å undersøkje moglegheiter.

Fleire fortel og om objekt som aldri blir synlege i opne kanalar, fordi dei blir avklara privat eller gjennom nettverk før dei når marknaden. Isolert sett kan dette vere vanleg i kjøp- og salssituasjonar, men i denne kartlegginga blir det forstått som ein del av eit større mønster: marknaden opplevast ikkje som lik for alle. For dei utan lokale nettverk blir terskelen høgare, både for å finne bustad, for å byte bustad etter behov, og for å planleggje ei langsiktig busetjing. For personar som vurderer å flytte til kommunen frå eksternt hold, blir det i tillegg skildra at mangel på synleg informasjon gjer at Solund fell bort som aktuell stad å leite.

Samla sett viser kartlegginga at todelinga i bustadmarknaden har konsekvensar for bli-lyst, bu-lyst og opplevd attraktivitet. For fleire målgrupper blir *ein heim* skildra som ein grunnleggande føresetnad for tryggleik, identitetsbygging og integrering i lokalsamfunnet. I denne samanhengen blir det også vist til at bustad og for nokon eit eigarskap, er ein sterk norm i Noreg, noko som kan forsterke opplevinga av utanforståing når ein ikkje kjem inn i marknaden på like vilkår. Denne informasjonen fortel oss og om viktigheita med å kunne tilby ein tydeleg, open og optimistisk informasjonskanal, samt vere rusta med bustadar til det mangfaldet av innbyggjarar ein ynskjer skal kome til Solund, no og i framtida.

6 BUSTADBEHOV

Som vi har sett har målgruppene uttrykt forskjellige tankar og synspunkt rundt skalaa; ein *heim*, eit *nabolag* og *lokalsamfunn*. Under kjem ein oppsummering og konkretisering av behov/ynskjer i dei ulike målgruppene.

6.1 Bustadbehov per målgruppe

1 - "Nykomne Sulingar"

Butilbod i dag (heimen):

Rom i kollektiv i Sildevika: ca. 5 000 kr/mnd

Utleigeleilegheit (kommunal eller privat): 8 500–10 000 kr/mnd

Det viktigaste er tilgang til mindre bueiningar som er økonomisk overkommelege. Fleire seie at dagens kollektiv løysing er bra for dei yngste, men ikkje for dei eldre i denne målgruppa.

Forslag til framtidige løysingar:

- Mindre leilegheiter til rimeleg leige.
- Forbetra kollektiv eller deleige-løysingar.
- Småhus/mikrohus med spennande kontekst -natur, utsikt.
- Einingar plassert i eit sosialt miljø, gjerne med delefunksjon for ekstra soverom, utrom og møteplassar.

Etterspurd nabolagsform:

Eit inkluderande nabolag er viktig for mange. Denne gruppa treng eit bumiljø som støttar sosial integrering og lågterskel kontakt med andre.

- Tun struktur med delte utrom kan styrke fellesskap.
- Eit mangfald av aldrar og livsfasar i same nabolag gjer integrering enklare. Men som og vernar om privatliv.
- Avstandane til jobb og sentrum bør vere korte, og nabolagsstrukturen bør invitere til uformelle møter (til dømes ved postkassa, på benken i sola eller på felles stiar).

Kopling til lokalsamfunn og bulyst:

Nokre "*Nykomne Sulingar*" ynskjer ei forlenging av stova, og opplever at attraktivitet er moglegheita til å vere sosial i uformelle kontekstar. For å støtte denne forma for bulyst kan ein leggje til rette for:

- Legge til rette for uformelle møteplassar, kafé og plassar å samlast ute.
- Sikre tydeleg informasjon om fritidsaktivitetar, organiserte og uorganiserte.
- Etablere turløyper og rekreasjonsstiar i gangavstand, særleg viktig for dei som kjem utan bil.
- Synleggjere solo aktivitetar og sosiale inngangar i fritidstilbodet.

2 - "Dei yngre Sulingane"

Butilbod i dag (heimen):

- Leilegheit kommunal eller privat (kjøp/leige): 8000 – 10 000 kr/mnd
- Etter ein periode som leigetakar går dei raskare enn andre målgrupper over i tanken om å kjøpe hus eller byggje sjølv. Tilgang til ordinert bustadmarknad.

Etterspurd nabolagsform:

- Ledige tomter for eigenbygging anten i heimgrenda eller nær sentrum.
- Eksisterande hus til sal i etablerte nabolag eller grender.
- Mindre og moderne leilegheiter (kjøpe/leige) i sentrum eller grend.

Kopling til lokalsamfunn og bulyst:

- Dei har eit godt nettverk i lokalsamfunnet og ofte ein etablert økonomi. Dei er opptatt av sosiale buformer/tilhøyrse, og kan etablere seg både og sentralt og i grend.
- Opptatt av urbane/moderne tilbod som til dømes kafé, uformelle møteplassar, heilårsaktivitetar og gode kommunikasjonar til by.

3 - "Etablerarane"

Butilbod i dag (heimen):

- Solo: Leige i prisklasse 8 000–12 000 kr/mnd, avhengig av standard og lokasjon
- Par/familiar: Leige 12 000–17 000 kr/mnd

Dette er ei målgruppe med stor variasjon i bustadynskje, noko som krev fleksibilitet med tanke på mogleg endring av livssituasjon. Relevante bustadtypar er:

- Leilegheiter til leige (sentral eller grend).
- Nybygg i regulerte nabolag.
- Kjøp av eksisterande einebustad i grend eller tettstadsnært.
- Småhusstruktur eller tomter tilpassa par/familiar.

Etterspurd nabolagsform:

Gode nabolagskvalitetar er ein nøkkelfaktor for denne målgruppa. Dei etterspør:

- Trygge og oversiktlege nabolag.
- Korte avstandar til kvardagsfunksjonar.
- Uformelle møteplassar tett på bu miljøet.
- Høve for både vaksne og barn å vere ute og i aktivitet

Her kan det vere interessant å sjå på *fleksible kombinasjonsbygningar*.

Kopling til lokalsamfunn og bulyst:

Denne målgruppa vektlegg kvardags- og naturkvalitetar og eit aktivt nærmiljø. For å styrke bulyst ynskjer dei:

- Kafémoglegheiter, sosiale samlingspunkt og lågterskel møteplassar.
- Tydeleg og oppdatert informasjon om aktivitetar for både vaksne og barn.
- Tilgang til organiserte og uorganiserte fritidstilbod.
- Gode turløyper og rekreasjonsområde i kort avstand frå bustadane.
- Tilbod til dei som ikkje er like aktiv innan friluftslivet.

4 - "Livsstilstilflyttarar"

Butilbod i dag (heimen):

Om dei må leige før dei kjøper er det leilegheit (kommunal eller privat):
8 500–10 000 kr/mnd.

Dei fleste ynskjer å kjøpe eksisterande bygningsmasse, ofte i form av:

- småbruk
- hus med større eigedom
- eldre bygningsmasse med potensial for restaurering.

Økonomien varierer men felles for dei er ynsket om *eigarposisjon* og rom for småskalaproduksjon, hobbyverksemd eller mangesysleri.

Dei mest relevante bustadtypen for denne gruppa er:

- Tradisjonell bygningsmasse i Solund, særleg småbruk og bustader i grendene.
- Eigedomar med tomt som opnar for dyrking, dyr, handverk eller verkstad, der bustadane er tett knytt til landskap, utsyn og terreng.
- For dei eldre livsstilstilflyttarane: moglegheit for framtidige tun strukturar eller små fellesskap for folk med same livsvisjon (eit mindre segment, men interessant på lang sikt).

Dette er den målgruppa som i noko grad nyttar og vidarefører Solund sin eksisterande bygningsarv og kulturlandskap.

Etterspurd nabolagsform:

Nabolagsform er for desse tilflyttarane i liten grad relevant som sosial struktur.

- Dei ønskjer avstand til naboar, og høve til å styre eigen livsrytme.
- Dei har høg grad av sjølvstende og nokre ynskjer ikkje tett nabolagskontakt i det daglege.
- Dei bidreg likevel sosialt gjennom arrangement, aktivitetar og initiativ, men på eigne premiss.

Kopling til lokalsamfunn og bulyst:

Det viktigaste denne målgruppa treng frå lokalsamfunnet er rammer som gjer det mogleg å leve det livet dei kjem for å skape. Dette inkluderer:

- Fleksibilitet i reguleringar knytt til småskalaproduksjon, servering, handverk eller grønne næringar.
- Velvilje og samarbeid når dei ønskjer å etablere aktivitetar som kan vere til nytte for lokalsamfunnet (kafé, sommarprogram, kurs, små skala turisme).
- Tilgang til lokalar eller marknader der dei kan selje lokale varer.
- Tydeleg informasjon om eigedomar som eignar seg til småbruk eller landskapsnære busetjingar.

5 - "Sulingen"

Butilbod i dag (heimen):

For dei som byggjer nytt gjeld marknaden sine vanlege vilkår, dei er og relativt sjølvstendige i utval av tomt/ny bustad. For dei som skal leige eller ynskjer å kjøpe nye mindre einingar bør ein legge til rette for at denne målgruppa kan få sine behov dekkja gjennom ein fleire bustadtypar;

- Seniorvenlege leilegheiter i sentrum.
- Små einingar i sosiale nabolag, der det er lett å delta, men mogleg å trekke seg tilbake.
- Leilegheiter i kombinasjonsbygg, gjerne med funksjonar som møter behov for universell utforming, korte avstandar til tenester og trygg kvardag.
- Moglegheit for å flytte til tun- eller fellesskapsløysingar for dei som ynskjer det.

Om dei skal nedskalere er det ynskjeleg med tilgang til ekstra plass ved besøk.

Etterspurd nabolagsform:

- Sosiale nabolag med korte avstandar til offentlege tilbod og tenester.

Kopling til lokalsamfunn og bulyst:

Dette er ei målgruppe med stort potensial for å skape liv i Solund på dagtid. Dei kan bli framtidige *sosiale pensjonistane*, som brukar kaféane, deltek på arrangement og kan bidra med frivilligheit.

For å møte dette potensialet må ein sikre:

- Gode uformelle møteplassar (ute og inne).
- Dagtidsaktivitetar (kultur, fysisk aktivitet, kurs, frivilligheit).
- Transportløysingar og gangbarheit i/til sentrumskjerne.
- Rom for medverknad: dei ynskjer å påverke utvikling, ikkje berre vere mottakarar av tenester.

6.2 Anbefalingar og vegen vidare

Funna peikar på at alle målgrupper deler eit felles behov: ei bustadreise som er enkel, oversiktleg og føreseieleg. Samt eit lokalt bustadtilbod og lokalsamfunn som gjer det mogleg å etablere seg i Solund på sine egne premiss eller fortsette leve her og kjenne på sosial stimulans der det er eit behov.

Undersøkinga synar behov for:

- o Auka bustadforsyning med fokus på større diversitet i bustadmassen tilpassa forskjellige behov og målgrupper.
- o Auke bevisstheit om arkitektoniske kvalitetar i planlegging og etablering av nye bustadar.
- o Betre tilgang til informasjon om ledige bustadar (leige/kjøpe), tomter, småbruk og anna relevant informasjon om lokalsamfunnet.
- o Gjere seg nytte av erfaringar og gode eksemplar lokalt for å utvikle sosialt berekraftig nabolag.
- o Auke bredde i tilbodet av møteplassar i Solund samfunnet for å dekkje nye behov.

I vidare planlegging må ein difor ta omsyn til fylgjande faktorar:

1. **Pris og storleik** – bustader som er realistiske i møte med målgruppa økonomi.
2. **Bustadtype og kvalitetar** – tilbod som speglar både dagens preferansar og framtidig fleksibilitet, med arkitektur som verktøy.
3. **Grad av tilknytning til nabolag og lokalsamfunn** – kvalitetar som støttar bulyst, attraktivitet og sosial tryggleik gjennom forskjellige sosiale strukturar og møteplassar. Nokon ynskjer å spreidd andre sosialt.

Strategiar og anbefalt vidare arbeid er her summert punktvis for kva som er vegen vidare mot eit bustadprogram:

1. Legge til rette for ein felles/samla bustadmarknad (digitalt)

Lage ein *felles, oppdatert og lett tilgjengeleg informasjonsplattform*, som skapar ein open og meir tilgjengeleg bustadmarknad, og bidreg til at Solund kan tilby ei bustadreise som er enkel, oversiktleg og trygg men som og er framoverlent for eit mangfald av behov og målgrupper.

Ein slik plattform kan og bidra til å styrke kommunen sitt omdøme. Når til dømes, arbeidsgivarar kan rekruttere med trygghet om at nye tilsette finn relevante bustader raskt, skapar det ei positiv kjedereaksjon. Det blir lettare å flytte til Solund, lettare å etablere seg, og vi kan stimulere bli-lyst. Slik kan bustadmarknaden binde seg direkte til bu-lyst, attraktivitet og historieforteljinga om Solund som ein stad der ein kan finne ein *heim*.

(Her har **Heim kommune** ei nettside som viser kor godt det kan gjerast: <https://www.heim.kommune.no/tjenester/bygg-og-eiendom>)

2. Det må byggast nytt –fokus på "bu-karriere 0-3 år"

I samtaler med sektorleiarar, kommunedirektør og næringsliv rapporterast det om mangelfulle bustadtilbod. Faktorar som homogen bustadmasse og lite omsetning er også forhold som indikerer manglar. Denne rapporten gjer ikkje svar på eksakt tall på nybygg/m², men viser til samtalar i denne kartlegginga er det særlege manglar relatert til mindre og attraktive leilegheiter. I omgrepet "bu-karriere 0-3 år" legg vi fokus på bueiningar særleg tilpassa innbyggjarar skildra over som "*Nykomne Sulingar*", "*Dei*

yngre Sulingane" og *"Sulingane"*. Fellesnemnar for desse målgruppene er at terskelen for å flytte på seg (til Solund eller frå "heimebøen") er særleg høg, og at særskilde insentiv er naudsynt for å nå desse målgruppene som er sentrale for auka tilflytting og mobilitet på/i lokalt bustadmarknad.

Husbanken har ordningar ein kan nytte her (startlån). Men risikoen for tap ved nybygg i Solund er høg, og betalingsevna/-viljen er liten til moderat så det kan vere naudsynt å sjå på andre kompensierende tiltak som til dømes

- Subsidierte kommunale utleigebustadar til utvalde målgrupper.
- Prøve-bu ordningar.
- Leige til eige ordningar.
- Bygging av mindre einingar til eit akseptabelt kostnadsnivå.

3. Kunnskapsoverføringa frå nabolag

Kartlegginga syner at nabolagstenking er viktig for å forstå og utvikle bulyst i Solund. Det er på nabolagsnivået samanhengen mellom arkitektur, topografi, sosialt liv og kvardagslogistikk blir tydeleg. Vidare planlegging bør difor ta utgangspunkt i nabolaget som strategisk byggestein, ikkje berre som teknisk utbyggingseining.

Å sjå nærare på nabolaget *Sildevika*, som har utmerka seg i denne kartlegginga som positiv oppleving særleg for *"Nykomne Sulingar"*, *"Etablerarane"*. Kan det bli laga om til ein case kvar ein drar ut dei kvalitetane⁸ som utmerka seg, og forstå betre mekanismene i desse dimensjonane og bruke det som overføringsverdi til nye nabolagsplanar i framtida.

Ein anbefaling å undersøkje moglegheita for å etablere *kombinasjonsbygg* som flettar saman fleire funksjonar og formål. Då kan fleire aktørar som kommune, næring, utbyggjar, privatpersonar utvikle felles konsept.

4. Bli bevisst på stads- og arkitektoniske kvalitetar som aukar *bukvalitet* og attraktivitet

Å bruke arkitektur og stadskvalitetar som verktøy og metode aktivt i planlegging og etablering av nye bustadar. Ein kan utarbeide ein prospektkatalog som synar:

⁸ *Kvalitetar* er knytt til dei positive opplevingane målgruppene har til nabolaget som; infrastruktur, plassering i landskap, privat/offentleg, møteplass, variasjon av typologi osv.

- Lokalt tilpassa bustad-prospekt – auke diversiteten av bustadmassen.
- Gode eksemplar for utbering/rehabilitering av eksisterande kommunal bustadmasse og deira potensial.
- Referanse prosjekt på gode arealregulering og -bruk i andre kommunar.

Planlegginga må i større grad også handle om kvalitetane i og rundt bustaden, ikkje berre om volum. Gode bukvalitetar har to aspekt; bukvalitet i/rundt bygning og bukvalitet knytt til kvardagslogistikk.

Dette er ein vesentlege faktorar for å auke bulyst og attraktivitet i lokalsamfunnet.

5. Behov for å avklare ansvar og roller i ynskja utvikling i bustadmarknaden

I samtalan seie fleire at dei saknar at nokon tar eller har eit tydeleg ansvar på bustadmarknaden. Dette gjeld både informasjon og bygging. Mange peikar på og ynskjer at kommunen skal ta ein aktiv rolle på dette feltet. For forfattarane av denne rapporten bør dette behovet drøftast politisk og administrativt jf. delmål formulert i KPS som "arbeidsmåtar i ei ny tid".

Avslutningsvis vil vi løfte fram nokre etterord om rapporten og kartlegginga. Eit slikt arbeid og tematikken det belyser, er samansett. Funna adresserer eit overordna bilete av eksisterande tendensar og peikar på komande behov i bustadmarknaden i kommunen, basert på dagens situasjon, uttrykte behov og ønskt utvikling.

Bustad er eit grunnleggjande verkemiddel for å nå fleire delmål i samfunnsutviklinga. Når ein jobbar strategisk og går grundig til verks, slik ein har gjort i dette arbeidet, får ein både innsikt og nyttig kunnskap som kan nyttast direkte inn i vidare planlegging og prioriteringar.

Kartlegginga viser samstundes at kommunen må tenkje breiare enn det bustadtilbodet som dominerer i dag. Mangfaldet av menneske og livsfasar som kjem fram i materialet, tilseier at vi treng eit meir nyansert og komplekst syn på våre bumiljø. Attraktivitet og bulyst spring ut frå heimen, men blir styrkt og halden oppe gjennom nabolag og eit sosialt berekraftig lokalsamfunn.

Administrasjonen i Solund kommune og Bygdevekst vil følgje dette opp i arbeidet med komande bustadprogram. Med strukturerte og realistiske målsettingar skal ein jobbe målretta for å styrke Solund som ein attraktiv stad å bu, i tråd med Solund samfunnet sine verdier og ambisjonar for eit trygt og inkluderande samfunn.

Ein sitat frå grunnleggaren av Bergen
arkitekthøgskole som er greitt å ha i
verktøykassa:

*“Å byggja, å forma, er å opna, ikkje å
lukka, avslutta, eller fastleggja for
visst”*

Svein Hatløy, Grunnleggjar BAS, Byggekunst 1983/6

7 KJELDER

Offentlege dokument og planar

Bygdevekstavtale mellom staten, Vestland fylkeskommune og kommunane Solund og Fedje (2023).

Oslo: Kommunal- og distriktsdepartementet.

Hovudsøknad Bygdevekst (2023).

Solund kommune.

Kommuneplan for Solund – Samfunnsdel 2019–2031 (2019).

Solund kommune. - *Sjølvs om den er på høyring og ikkje er vedteke, har ein brukt kommuneplanen sin samfunnsdel som eit utgangspunkt.*

Distriktssenteret (2022). *Tilflytting og bustad – rapport og innsikter frå distriktskommunar.*

Steinkjer: Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling.

Heim kommune (2023). *Bustadprogram 2023–2026.* Heim kommune.

Rindal kommune (2022). *Bustadplan for Rindal 2022–2030.* Rindal kommune.

Andøy kommune (2022). *Samfunnsutvikling og tilflytting – metode og innsikt.* Andøy kommune.

Bremanger kommune (2021). *Kalvåg som pilot for levande småsamfunn.* Bremanger kommune.

Åfjord kommune (2020). *Stokkøya som døme på lokal samskaping og næringsretta buutvikling.* Åfjord kommune.

Fag- og teorilitteratur

Bringslid, M. B. (2016). *Bygdeutviklingas paradoks.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Gehl, J. (2010). *Cities for People.* Washington DC: Island Press.

Gehl, Jan. 2011. *Life Between Buildings: Using Public Space*. Washington, DC: Island Press.

Hamdi, N. (1991). *Housing without Houses: Participation, Flexibility, Enablement*. London: Intermediate Technology Publications.

Hamdi, N. (2004). *Small Change: About the Art of Practice and the Limits of Planning*. London: Earthscan.

Hatløy, S. (2001). *Hus og miljø: Arkitektur og planlegging*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Ingold, T. (2013). *Making: Anthropology, Archaeology, Art and Architecture*. London: Routledge.

Tuan, Y.-F. (1977). *Space and Place: The Perspective of Experience*. Minneapolis: University of Minnesota Press.

Nettkjelder og case-inspirasjon

Majamaja.com (2024). *Tiny living by the sea – småskalabustad som konsept*. Tilgjengeleg frå: <https://majamaja.com>

<https://www.oslomet.no/forskning/forskningsnyheter/eldre-ensomhet-risiko-for-tidlig-dod>

<https://www.frontiersin.org/journals/public-health/articles/10.3389/fpubh.2024.1432701/full>

Metodiske og lokale referansar

Øvrebø, I. H. (2025). "Samtalekartet" – samtalemotodikk for kvalitativ innsikt i lokalsamfunn. Solund kommune / Henta frå Millum Arkitektur.

Øvrebø, I. H. (2025). *Prosessnotat frå kartlegging og befaringar, Solund kommune*. Internt arbeidsdokument.



Saksframlegg

Arkiv: K1-033, K3-&16
ArkivsakID: 26/40
JournalpostID: 26/703
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 10.03.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
021/26	Formannskap	19.03.2026
018/26	Kommunestyre	26.03.2026

Fritak politiske verv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre avslår søknaden frå varaordførar John Sigfred Hugøy om fritak frå politiske verv.

19.03.2026 Formannskap

Handsaming:

Representanten John Sigfred Hugøy var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav a og deltok ikkje i handsaminga. Vararepresentant Sigve Lerpold møtte under saka.

Felles framlegg om tillegg:

Omtale av forsikringsordningar vert innarbeidd i reglement for folkevalde i god tid før neste valperiode.

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg. Kommunedirektøren sitt framlegg om vedtak og felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

FOR-021/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre avslår søknaden frå varaordførar John Sigfred Hugøy om fritak frå politiske verv.

Omtale av forsikringsordningar vert innarbeidd i reglement for folkevalde i god tid før neste valperiode.

Vedlegg i saka:

11.03.2026 Søknad om fritak for politiske verv for resten av valgperioden

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kommunelova § 7-9

Kva saka gjeld:

Fritak frå politiske verv

Saksutgreiing:

Varaordførar John Sigfred Hugøy søkte 26. januar 2026 om fritak frå alle politiske verv i Solund kommune. Han er vald til flygjande verv for perioden 2023 - 2027:

- Varaordførar
- Formannskapet
- Administrasjonsutvalet (nestleiar)
- Valnemnda
- Representantskapen til SEKOM
- Samarbeidsutvalet i barnehagen

I tillegg er han vald som vararepresentant til: fylkeskrinsmøte i KS, styret i frivilligsentralen, representantskapen til SySIKT, representantskapen til NGIR, representantskapen til Kommunearkivordninga KO, representantskapen til Alarmsentralen IKS, generalforsamlinga til Eviny, representantskapen til IUA Bergen region, Ytre Sogn vassområdeutval og oppnemningsutvalet for konfliktrådsmeklarar.

Han grunngeiv søknaden med at når han utøver dei politiske verva i Solund kommune gjeld ikkje forsikringane frå hovudarbeidsgjevar. Dette var han ikkje kjent med når han takka ja til å stå på val, og det er heller ikkje ein problemstilling kommunedirektøren har vore oppmerksom på tidlegare. Når problemstillinga vart reist kontakt difor Solund kommune forsikringsmeklaren vår og fekk på plass ein ulykkesforsikring som gjeld for dei folkevalde i Solund kommune når dei utfører verva sine. Administrasjonen har vore i dialog med varaordførar John Sigfred Hugøy og forsikringane han har gjennom hovudarbeidsgjevar er på betre vilkår enn den Solund kommune har teikna for folkevalde. Han ynskjer difor å oppretthalde søknaden om fritak. Også dei kommunalt tilsette i Solund kommune har betre forsikringsvilkår enn dei som no gjeld for folkevalde.

Kommunelova § 7-9, 2. ledd opnar for at en folkevald kan få fritak frå vervet sitt viss den ikkje kan "ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne". Vidare skal det leggst vekt på om "grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt". Forarbeida utdjupar lovteksten noko og seier "Med vesentlig ulempe framgår det tydeligere at dette er en vurdering der terskelen for ulempen ved å ikke få fritak må ligge høyt. Det er først og fremst søkerens arbeidsforhold, sykdom og andre sterke velferdsgrunner" (Prop. 46. L (2017-2018) s. 106).

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at varaordfører John Sigfred Hugøy ikkje fyller vilkåra for fritak etter kommunelova § 7-9. Terskelen for fritak er høg og bestemmelsen er meint å fange opp ulike velferdsgrunner. Listen i forarbeida er ikkje uttømmende så det kan tenkast at økonomiske høve kan utgjere ein “vesentlig ulempe”, men etter kommunedirektøren sin vurdering er ikkje det tilfellet her.

Størrelsen på ulempen er vanskeleg å tallfeste nøyaktig. Det er naturleg å ta utgangspunkt i kostnadane med forsikring. Om det faktisk vert aktuelt med forsikringsutbetaling vil det være snakk om vesentlege summar, men truleg vil ein ikkje kome bort i noko forsikringssak i samband med politiske møte. Kostnaden med forsikring er nettopp forsikringsselskapa sin prissetting av spennet mellom desse store utbetalingane og den låge sannsynligheita for at dei inntreffer.

Solund kommune betalar i dag 3.200,- i året for å forsikre alle politisk valde. Dette er riktig nok på noko dårlegare vilkår enn det varaordfører John Sigfred Hugøy har gjennom arbeidsgjevar men gjev ein peikepinn på kva forsikringsselskapet meiner den aktuelle forsikringa er verdt. Varaordfører har undersøkt kva det ville koste han å teikne private forsikringa på like gode vilkår som dei han har hos arbeidsgjevar. Det hadde kosta han mellom 5.000,- og 6.000,- i månaden. Men vil då også gjelde utanom dei politiske møta, sjølv om dei der overlapper med forsikringane frå arbeidsgjevar.

Ser ein på dei økonomiske ulempane må ein også sjå på dei økonomiske godane. Varaordfører får utbetalt fastgodtgjersle på brutto 4.556,17,- i månaden, i tillegg til ordinær møtegodtgjersle. Samla sett vil høve kring forsikringane truleg utgjere ein økonomisk ulempe for varaordfører John Sigfred Hugøy, men samla sett vurderer ikkje kommunedirektøren vurderer ulempa som vesentleg.

John Sigfred Hugøy

26.01.26

Kråkøysundet 3

6929 Hersvikbygda

Til Solund Kommunestyre v/ordfører

Ønsker fritak fra alle politiske verv i Solund Kommune

Jeg søker med dette fritak fra alle mine politiske verv i/for Solund Kommune for resten av denne valg perioden med umiddelbar virkning.

Jeg søker om fritak etter kommuneloven. § 7-9. *Uttreden og fritak*

Bakgrunnen for dette er forhold som jeg er blitt gjort oppmerksom på i seinere tid og som ikke var kjent for meg når jeg ble valgt.

Forholdet dette gjelder er at jeg som folkevalgte ikke er dekket av noen form for forsikringer.

Ansettelsesforholdet i Solund Kommune er som frilanser, da har en ikke rett til lovpålagt yrkesskedeforsikring, en er heller ikke dekket av kommunens personalforsikringer.

Jeg har forsikringer gjennom min hovedarbeidsgiver som dekker meg 24/7 365 dager i året, men disse gjelder ikke når jeg er på oppdrag for annen arbeidsgiver. I utøvelsen av mine politiske verv jobber jeg som frilanser og faller derfor utenfor disse ordningen gjennom arbeidsgiver.

Alternativet er å tegne personlige forsikringer, for å opprettholde dekning lik det jeg har hos hovedarbeidsgiver, dette har kostnad på 5-6000 kr pr mnd. Dette er langt mer en det jeg får i godtgjørelse for mine politiske verv.

Ber om forståelse for situasjonen jeg er kommet i. Håper på en snarlig og positiv behandling av min søknad.

Mvh

John Sigfred Hugøy

Varaordfører, Kommunestyrerepresentant, formannskapsrepresentant, gruppeleder SP

++

